



# Innkalling av Alver kommunestyre

**Møtedato:** 07.04.2022  
**Møtestad:** Helsehuset, møterom Nordhordland  
**Møtetid:** 12:00 -

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Det er spørjetime i starten av møtet.

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
032/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
033/22	Godkjenning av møteprotokoll
034/22	Melding/orientering frå kontrollutvalet
035/22	Gransking Alver kommune - anbefalt mandat og gjennomføring
036/22	Planinitiativ til avklaring - Detaljregulering for Sauvågen, gbnr. 203/46 og 1.
037/22	Detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl. PlanID 46312020004 - 2. gongs handsaming
038/22	Reguleringsplan for Fv.57 med gang- og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad - 3. gongshandsaming - vedtak av plan
039/22	Plansak Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv - Alver kommune - Framlegg til vedtak av planprogram
040/22	Prioritering av spelemidlar til kulturbygg i Vestland
041/22	17. mai 2022
042/22	Refusjonsordning for eigenbetaling/kontingent - fritidsaktivitet for flyktningbarn og -ungdom
043/22	Busetting av flyktningar 2022 – nye oppmodingstal
044/22	Bygningsmessige tiltak for mottak og busetting av flyktningar, budsjettmidlar
045/22	Auka kapasitet sjukeheimplassar
046/22	Rammeløyving, rehabilitering Ostereidet kunstgras
047/22	Tildeling kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemder
048/22	Oppdatert innkjøpsstrategi Alver kommune
049/22	Trafikksikringstiltak 2022
050/22	Sluttrapport - nye Alversund skule og fleirbrukshall
051/22	Oppseiing av festeavtale - GBNR 108/1/2 - Lindås ungdomsskule
052/22	Orienteringssak- Kvassnesvegen 29/39 (gamle Western geco) og gamle

---

	Alversund skule
053/22	Vedlikehaldsplan 2022 - Bygg og eigedom
054/22	Vidare prosess med mogleg nasjonalpark i Alver kommune
055/22	Miljøløftet, lokale belønningsmidlar 2022
056/22	Intensjonsavtale Alverbadet AS og Alver kommune
057/22	Partnerskapsavtale Nordhordland næringslag 2022 - 2023
058/22	Prosjekt næringsvenleg forvaltning
059/22	Samarbeidsavtale og økonomisk tilskot Greenspot Mongstad
060/22	Melding/orientering til kommunestyret 07.04.2022
061/22	Rolle og arbeidsform for politiske styringsgrupper
062/22	Spørsmål

5. april 2022

Sara Hamre Sekkingstad  
ordførar

Tove-Mette Arnø Fyllingen  
møtesekretær

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 31.03.2022

Saksframlegg

<b>Saksnr.</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
032/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

### **Godkjenning av innkalling og saksliste**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 01.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
033/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

#### Vedlegg i saken:

28.02.2022 Protokoll - Alver kommunestyre - 24.02.2022

1700097

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033, TI-&17  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 28.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
034/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

### Melding/orientering frå kontrollutvalet

#### Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### Vedlegg i saken:

29.03.2022      Kontrollutvalet-14.03.2022-protokoll

1715117

**Arkiv:** <arkivID><jpID> FE-033, TI-&17  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 28.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
035/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

## Gransking Alver kommune - anbefalt mandat og gjennomføring

### Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret løyver inntil 1 million kroner til gransking av sakene spelt inn i brev til Alver kontrollutval datert 11.04.2021.

Gjennomføring av granskinga inneber at kontrollutvalet er ansvarleg for heile granskingsprosessen, inkludert utforming av konkurransegrunnlag for offentleg innkjøp av granskingskompetanse.

Kommunestyret bed kommunedirektøren gi naudsynt innkjøpsteknisk og innkjøpsfagleg bistand til kontrollutvalssekretariatet i samband med gjennomføring av eit offentleg innkjøp av rett kompetanse for å gjennomføre granskinga.

Det vert lagt til grunn at granskinga ikkje kan gjennomførast av ein person åleine, men at eit granskingsutval.

Granskinga skal gjennomførast etter følgjande mandat:

1. Granskingsutvalet skal granske sakshandsaminga i to personalsaker ved Knarvik ungdomsskule, identifisert som sak 19/651 og 19/1999, i Lindås kommune i 2019.
2. Føremålet med granskinga er å kartlegge faktiske forhold for å vurdere om sakshandsaminga har vore i samsvar med lovpålagte krav og etiske retningslinjer. Vurderinga skal særskilt sjåast i lys av regelverket i opplæringslova, forvaltningslovgjevinga og arbeidsmiljølova, samt dei etiske retningslinjene for Lindås kommune på det gjeldande tidspunktet.
3. Granskingsutvalet avgjer sjølv kven som bør gje forklaring.
4. Granskingsutvalet sine møter og si informasjonshenting er ikkje open for ålmenta.
5. Granskinga skal så langt det passar gjennomførast i samsvar med Advokatforeningens anbefaling for private granskinger.
6. Dersom det oppstår spørsmål om utstrekninga av mandatet eller omfanget av granskinga under arbeidet skal granskingsutvalet konferere med kontrollutvalet. Granskingsutvalet er elles uavhengig i sitt arbeid.
7. Kontrollutvalet sitt sekretariat bistår granskingsutvalet med naudsynt administrativ støtte.
8. Granskingsutvalet sin rapport skal leverast kontrollutvalet i Alver kommune innan 01.11.2022.
9. Granskingsutvalet si godtgjersle vert dekkja av Alver kommune. Det same gjeld granskingsutvalet sine utgifter og andre utgifter i samband med granskinga, som assistanse frå kommunen sin leverandør av innkjøpskompetanse, kostnader til ekstra

timar sekretariatsarbeid, eventuelle kostnader til bistand til partar som vert granska og eventuelle utgifter i samband med intervju og så vidare.

### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### **Saksopplysninger:**

Sjå vedlegg.

### **Vedlegg i saken:**

29.03.2022	2022 03 14 Særutskrift sak 1522 frå Protokoll - Alver kontrollutval	1715104
29.03.2022	2022 03 14 Saksframlegg sak 1522 - Alver kontrollutval	1715103
29.03.2022	NOTAT Kontrollutvalet sak 15-22_frå kommunedirektør	1715107
29.03.2022	Brev med anbefalt mandat og gjennomføring frå Harris Advokatfirma AS	1715105
29.03.2022	Brev til kontrollutval 11.04.2021	1715106

**Arkiv:** <arkivID><jplD>  
Plannavn-  
Sauvågen, Komnr-  
4631, GBNR-  
203/46, FA-L13,  
GBNR-203/1

**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 22.02.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
034/22	Utval for areal, plan og miljø	23.03.2022
036/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

### Planinitiativ til avklaring - Detaljregulering for Sauvågen, gbnr. 203/46 og 1.

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

##### Alternativ 1:

«Alver kommunestyre stansar privat planinitiativ for oppstart av detaljregulering ved Sauvågen, gbnr. 203/46 & 1. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 12-8 andre ledd.».

##### Alternativ 2:

«Alver kommunestyre stansar ikkje privat planinitiativ for oppstart av detaljregulering ved Sauvågen, gbnr. 203/46 & 1. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 12-8 andre ledd.».

#### Utval for areal, plan og miljø 23.03.2022:

##### **Handsaming:**

##### Framlegg frå Jogeir Romarheim-Krf:

Alver kommunestyre stansar ikkje privat planinitiativ for oppstart av detaljregulering ved Sauvågen, gbnr. 203/46 & 1. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 12-8 andre ledd.

Tema som er lagt i saksframlegget skal leggest til i det vidare planarbeidet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **APM- 034/22 innstilling:**

Alver kommunestyre stansar ikkje privat planinitiativ for oppstart av detaljregulering ved Sauvågen, gbnr. 203/46 & 1. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 12-8 andre ledd.

Tema som er lagt i saksframlegget skal leggest til i det vidare planarbeidet.



## Bakgrunn

På vegne av forslagsstillar Arild Ove Ånesen (Arilds Port Eiendom AS) fremjar ABO Plan & Arkitektur AS planinitiativ for oppstart av planarbeid på gbnr. 203/1 og 46. Planområdet grensar mot Sauvågen

i aust og sør og mot starten på Fyllingavågen i vest.






Dei to kartutsnitta over viser flyfoto ved Sauvågen og arealformåla frå KDP Lindås 2019-2031 ved planområde.

Hovudformålet med planen er at bedrifta Arilds Port AS har eit behov for utvida næringsareala knytt til verksemda i Sauvågen. Arilds Port AS har hatt drift sia 1999 med utførande arbeid innan gjerde,- og portmontasje. Tiltakshavar ynskjer å kjøpe eit tilleggsareal i sør for å opparbeide arealet til oppstilling av utsyr og større containerar. Det skal verka byggast nye bygg eller skje nokre utviding av eksisterande næringsbygg på dette arealet. Utvidinga vil krevja noko utfylling i sjø. På bilete under visar blå trekant på kring 1100 kvm kor utvidinga av næringsarealet på land og i sjø er tenkt

planlagd.



Henta frå planinitiativet side 5.


«I nord er det ønskeleg å regulere frå næring til 2 nausttomter. Nausta er planlagd ført opp i same storleik og utforming som tilgrensande naust. Det er òg ønske om å regulere for småbåtannlegg for ca. 20 båtplassar i tråd med KPA, på areal i sjø aust for eksisterande næringsbygg.» (Planinitiativet side 6.).

### Saksgang

- Kommunen mottok planinitiativet 7.1.2022.
- Administrasjonen avviste planinitiativet 19.1.2022, primært grunna at utvidinga av næringsarealet og oppføring av nausta er i strid med arealformål og tilhøyrande føresegn gitt ved kommunedelplanen.
- Forslagsstillar gav beskjed 24.1.2022 om at dei vil ha planinitiativet lagt fram for kommunestyret.

### Vurdering

Rådmannen vurderer at forslaget til planavgrensing er for snevert i forhold til dei trafikale og maritime vurderingane som må gjerast i område ved eit eventuelt vidare planarbeid. Bilete under til venstre er henta frå Gisline og visar forslag til planomriss med grøn farge lagt over registrert bygd situasjon i kommunedelplanen. Bilete under til høgre viser planomrisset lagt over ortofoto.



Planavgrensinga må utvidast i nordvestleg retning for å få med heile avkøyrsla inn i planområde. Planen må innehalde store nok areal for å sikra at det vert gode siktforhold og at avkøyrsla er godt nok utforma til at store køyretøy kan manøvrera seg trygt i område utan hindre.

### Småbåtanlegg

I kommunedelplanen for Lindås er det sett av 2 områder for småbåtanlegg. Tiltakshavar sitt forslag til planomriss omfatta berre eit av desse områda. Rådmannen vurderer at viss ein skal gå vidare med planarbeidet må planområdet utvidast også i søraustleg retning til å omfatte det område som går fram av bilete over til venstre. I kommunedelplanen for Lindås under punkt 2.2 andre ledd står det skrevet at:


*«Reguleringsplanar skal ha ei avgrensing slik at viktige samanhengar vert avklarte. Kommunen skal i kvart enkelt tilfelle vurderer kor stort område reguleringsplanen skal omfatte.»*

At ein får sikra tilstrekkelege areal i plan for å kunne utforme gode løysningar til parkering og tilkomst til både private- og næringsaktørar er nokre av dei viktige samanhengane som må avklarast for dette område. Flyfoto over område viser og oppankra båtar spreidd rundt omkring i vågen. Ved å leggje til rette for opparbeiding av to områder med småbåtanlegg vil få ei moglegheit til å samle alle desse på felles lokasjonar.



## Grunnforhold

I planinitiativet på side 6 trekk forslagsstillar fram at delar av område ein ynskje å fylle ut i sjø ligg under faresone for ras- og skredfare og at det dermed i høve kommunedelplanens krav må gjerast ei geologisk vurdering kring tilhøva. Rådmannen minner om at kommunedelplanen under punkt 2.9.1 også stiller krav om at «tiltak som ligg under marin grense skal vurderast med omsyn til grunnforhold og stabilitet.». Bileta under som er henta frå NVE og NGU sine kartdatabasar visar at planområde ligg under marin grense.



Dei geologiske vurderingane som må gjerast i område kan ved eit eventuelt vidare planarbeid inngå i ei og same rapport. Metodar og innhald som nyttast til utforming av den geologiske rapporten skal følgje NVE sine prosedyrar. Kartlegginga og vurderinga omfatta areal bae på land og i sjø.

## **Konklusjon**

I utgangspunktet er administrasjonen negativ til planlegging av tiltak i strid med overordna føringar og vurderer at det er viktig med eit politisk signal så tidleg som mogleg i planprosessen. Ved eventuell tilråding av oppstart til reguleringsarbeid er det særleg viktig at overnemnde tema vert utgreidd.

## **Vedlegg i saken:**

26.01.2022	1.Planinitiativ_7.1.2022	1680784
26.01.2022	2.Avvising av planinitiativ_19.1.2022	1680785
14.03.2022	3.Ber om politisk behandling av planinitiativ_25.1.2022	1680786
04.02.2022	4.Stedsanalyse kart_6.12.2021	1686379
04.02.2022	5.Forslag planavgrensing kart_20.12.2021	1686380

**Arkiv:** <arkivID><jplID>  
PlanID-46312020004,  
Plannavn-Ytre  
Eidsnes, Komnr-4631,  
GBNR-215/2, FA-L13

**JournalpostID:**

**Sakshandsamar:**

**Dato:** 08.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
031/22	Utval for areal, plan og miljø	23.03.2022
037/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

## Detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl. PlanID 46312020004 - 2. gongs handsaming

### KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«Alver kommunestyre tek motsegn frå Statsforvaltaren i Vestland til følgje, og avslår forslag til detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl. planID: 46312020004, som vist på plankart med siste revisjonsdato 14.09.2021 og med reguleringsføresegner med revisjonsdato 21.10.2021.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12–12.»

### Utval for areal, plan og miljø 23.03.2022:

#### Handsaming:

##### Framlegg frå Ingrid Fieldsbø-H:

Alver kommunestyre tek ikkje motsegn frå Statsforvaltar i Vestland til følgje, og endeleg handsaming blir utsett til det er halde meklingsmøte etter pbl §5-6.

Planforslaget hovudmål er bustad. Reguleringsplanen legg til rette for 5 einebustader, delar av planområdet er regulert til samferdselsføresmål, veg, anna veggrunn, grøntareal og blåstruktur, samt ein leikeplass. Planinitiativet er i strid med overordna KDP, men kommunestyret godkjendte oppstart av reuleringsplanarbeidet ved Ytre Eidsnes 17.09.2020. Planarbeidet omfattast av forskrift om konsekvensutgreiing §6b, punkt 25: Krav om konsekvensutgreiing og planprogram.

Dette er gjort, og slik APM/KO ser det, ligg alt til rette for at tiltaket kan iverksettast.

#### Grunngjeving:

Det er ingen bustadtomtar eller intensjonar frå andre grunneigarar om å nytta areal til nye bustadar i dette området.

Fyllingsnesfeltet har ikkje vore i utvikling på over 20 år, og er såleis ikkje nært foreståande.

Slik APM/KO ser det, kan ikkje Fyllingsnesfeltet stå som ein flaskehals for urbygging i Eikangerkrinsen i overskueleg framtid.

Det er få einebustadtomtar tilgjengeleg i området, og konsekvensen er fallande elevtal både i Eikanger barneskulekrins og Ostereidet ungdomskulekrins.

Det har vore synfaring med m.a planutvalet i fleire rundar og utvalet er einige om at området eignar seg godt for bustader.

Området er grunnlendt med lauvskog og har marginal verdi som landbruksareal, så APM/KO forstår ikkje Statsforvaltar sin påstand om at verknad for landbruket er noko underkommunisert. Dette blir heller ikkje underbygd med vidare kommentar, berre ein påstand. Dette er, slik APM/KO ser det, godt redegjort i

konsekvensutgreiinga.

Det er allereie bygd eit hus i området og det ligg fint i terrenget utan å uroe landbruksarealet. Det vil såleis ikkje vera naudsynt å omdisponera dyrka mark

At ein byggjer 5 bustader vil ikkje ha innverkand på om Fyllingsnefeltet blir realisert

I samfunnsplanen har kommunen vedtatt at me skal ta heile kommunen i bruk og opnar opp for noko spreidd busetnad.

Det er god kollektivtransport i nærleiken av tiltaket, både til og frå Ostereidet og mot Knarvik/ Bergen og såleis ikkje naudsynt å ha bil.

APM/KO synes det er synd om reguleringsplanen vert stoppa i slutfasen. Det har kome lite motsegn/merknadar tidlegare i prosessen, heller ikkje frå Statsforvaltar.

Det har vorte oppmoda av kommunen å lage reguleringsplan for området

APM/KO meiner det må leggest stor vekt på at dei folkevalgte i kommunen er særst positive til planen, sjølv om området ikkje vart tatt med i KDP. Det er mykje arbeid med ein kommunedelplan og det kan vera vanskeleg, om ikkje umogeleg å få med alt ein vil før KDP skal vedtas. Då er det synd at positive tiltak som bustader i distriktet i Alver kommune blir stoppa.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **APM- 031/22 innstilling:**

Alver kommunestyre tek ikkje motsegn frå Statsforvaltar i Vestland til følgje, og endeleg handsaming blir utsett til det er halde meklingsmøte etter pbl §5-6.

Planforslaget hovudmål er bustad. Reguleringsplanen legg til rette for 5 einebustader, delar av planområdeet er regulert til samferdselsføremål, veg, anna vegggrunn, grøntareal og blåstruktur, samt ein leikeplass.

Planinitiativet er i strid med overordna KDP, men kommunestyret godkjendte oppstart av reuleringsplanarbeidet ved Ytre Eidsnes 17.09.2020. Planarbeidet omfattast av forskrift om konsekvensutgreiing §6b, punkt 25: Krav om konsekvensutgreiing og planprogram.

Dette er gjort, og slik APM/KO ser det, ligg alt til rette for at tiltaket kan iverksettast.

Grunngjeving:

Det er ingen bustadtomtar eller intensjonar frå andre grunneigarar om å nytta areal til nye bustadar i dette området.

Fyllingsnesfeltet har ikkje vore i utvikling på over 20 år, og er såleis ikkje nært foreståande.

Slik APM/KO ser det, kan ikkje Fyllingsnesfeltet stå som ein flaskehals for urbygging i Eikangerkrinsen i overskueleg framtid.

Det er få einebustadtomtar tilgjengeleg i området, og konsekvensen er fallande elevtal både i Eikanger barneskulekrins og Ostereidet ungdomskulekrins.

Det har vore synfaring med m.a planutvalet i fleire rundar og utvalet er einige om at området eignar seg godt for bustader.

Området er grunnlendt med lauvskog og har marginal verdi som landbruksareal, så APM/KO forstår ikkje Statsforvaltar sin påstand om at verknad for landbruket er noko underkommunisert. Dette blir heller ikkje underbygd med vidare kommentar, berre ein påstand. Dette er, slik APM/KO ser det, godt redegjort i konsekvensutgreiinga.

Det er allereie bygd eit hus i området og det ligg fint i terrenget utan å uroe landbruksarealet. Det vil såleis ikkje vera naudsynt å omdisponera dyrka mark

At ein byggjer 5 bustader vil ikkje ha innverkand på om Fyllingsnefeltet blir realisert

I samfunnsplanen har kommunen vedtatt at me skal ta heile kommunen i bruk og opnar opp for noko spreidd busetnad.

Det er god kollektivtransport i nærleiken av tiltaket, både til og frå Ostereidet og mot Knarvik/ Bergen og såleis ikkje naudsynt å ha bil.

APM/KO synes det er synd om reguleringsplanen vert stoppa i slutfasen. Det har kome lite motsegn/merknadar tidlegare i prosessen, heller ikkje frå Statsforvaltar.

Det har vorte oppmoda av kommunen å lage reguleringsplan for området

APM/KO meiner det må leggest stor vekt på at dei folkevalgte i kommunen er særst positive til planen, sjølv om området ikkje vart tatt med i KDP. Det er mykje arbeid med ein kommunedelplan og det kan vera vanskeleg, om ikkje umogeleg å få med alt ein vil før KDP skal vedtas. Då er det synd at positive tiltak som bustader i distriktet i Alver kommune blir stoppa.

**Saksopplysningar:**

## Bakgrunn

På oppdrag frå Egil Magnar Eidsnes har ABO Plan & Arkitektur lagt fram forslag til detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl. Planområdet er på om lag 6.8 daa og ligg mellom Knarvik og Ostereidet, jamfør kartutsnitt under. Avstanden til Ostereidet er ca. 7 km., som er næraste senter med sørvistilbod.

Dette området er i overordna plan, kommunedelplan for Lindås 2019-2031 (KDP-L), regulert til LNF, med omsynssone H510 – hensyn landbruk. Planområdet inngår i eit jordbrukslandskap. Omkringliggende bustadar er for det meste einebustader og gardar med grøntareal/landbruksareal rundt. Innanfor planområdet er det ein einebustad som er utbygd.



Oversiktskart.

Kartutsnitt med omtrentleg plassering av område.

Planforslaget hovudformål er bustad. Reguleringsplanen legg til rette for 5 einebustader (BFS). Vidare er delar av planområdet regulert til samferdselsføremål; veg, annan veggrunn – grøntareal og blågrønstruktur, samt ein leikeplass.



Utklipp av reguleringsplankartet.



For nærare opplysningar om bakgrunn for planforslaget med innhald vert det vist til vedlegg 3: Planskildring og vedlegg 12: Saksframlegg 1. gongs handsaming. Vidare kan ein sjå til vedlegg 16: Planinitiativ, vedlegg 17: Avvisning av planinitiativ, og vedlegg 18: Planinitiativ til avklaring.

Det har for denne detaljreguleringsplanen kome inn motsegn frå Statsforvaltaren i Vestland. Denne saka skal avgjere om ein vel å ta dette motsegnet til følgje, og difor avslår forslaget til detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl., eller om ein vel å ikkje ta motsegnet til følgje og ber om mekling jf. plan- og bygningslova § 5-6.

#### **Planprosess:**

12.05.2020 vart det sendt inn eit planinitiativ for området på Ytre Eidsnes. 02.07.2020 vart dette planinitiativet avvist av administrasjonen då planinitiativet var i strid med overordna kommunedelplan. Ved avvising, hadde forslagsstillar moglegheita til å krevje å få lagt fram planinitiativet til kommunestyret. Forslagsstillar nytta seg av denne moglegheita, og Alver kommunestyre godkjente oppstart av reguleringsplanarbeid ved Ytre Eidsnes 17.09.2020.

Det vart gjennomført oppstartsmøte 08.10.2020. Planarbeidet omfattast av forskrift om konsekvensutgreiing §6 b, punkt 25 i vedlegg I, nye bustadområde som ikkje er i samsvar med overordna plan. Dette utløyser krav om konsekvensutgreiing og planprogram.

Planarbeidet vart varsla 03.12.2020. På same tid vart planprogram sendt ut på offentleg ettersyn og høyring. Fristen var satt til 23.01.2021. Det kom inn 0 private merknader og 6 offentlege uttaler til oppstart og planprogram. Desse er oppsummert og kommentert av plankonsulent i merknadsskjema, sjå vedlegg 11.

Planprogrammet vart fastsett av Alver kommunestyre 25.03.2021.

Planforslaget var sendt inn til 1. gongs handsaming 18.05.2021.

Administrasjonen sendte mangelsbrev, som stoppa handsamingstida 31.05.2021.

Reviderte plandokument vart innsendt 29.06.2021.

Reguleringsplanforslaget var oppe til 1. gongs handsaming i utval for areal, plan og miljø 01.09.2021.

Forslaget vart vedtatt lagt ut på offentleg ettersyn og høyring med vilkår.

Reviderte plandokument etter vilkåra som vart satt i vedtak 01.09.2021 vart sendt inn 22.10.2021, og siste revisjon av konsekvensutgreiinga vart innsendt 01.11.2021.

Planforslaget vart sendt ut på offentleg ettersyn og høyring 02.11.2021, fristen for å komme med innspel vart satt til 15.12.2021. 09.12.2021 fekk Statsforvaltaren i Vestland utsett fristen for innspel, då det var ønskje om å sette opp eit dialogmøte. I perioden for offentleg ettersyn og høyring kom det inn 10 merknadar frå offentlege etatar og 0 merknadar frå private partar. 1 av desse 10 merknadane er eit motsegn frå Statsforvaltaren i Vestland.

Dialogmøte vart halde 18.01.2022. Det vart ikkje semje om planframlegget i møtet. Statsforvaltaren i Vestland fremja difor motsegn til detaljreguleringsplanen for Ytre Eidsnes, i brev datert 28.01.2022, sjå vedlegg 13.

#### **Kort om motsegnet til planforslaget:**

Statsforvaltaren i Vestland har fremja motsegn til detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl. Motsegnet omhandlar temaa landbruk, kulturlandskap, born og unge, og at planforslaget er i strid med overordna plan.

#### Forholdet til overordna plan:

I motsegnet er det lagt fokus på at planforslaget i sin heilskap er i strid med overordna plan.

Planlegging i strid med overordna plan gjer det etter Statsforvaltaren sitt syn vanskelegare å sikre heilskapleg og langsiktig utvikling i kommunen. Slik planlegging kan òg skape eit press for vidare utbygging her eller i andre område som er i strid med overordna plan. I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023, står det mellom anna:

*«Effektiv og gjennomføringsretta planlegging blir sikra ved at avgjerdene blir tekne på rett plannivå, med*

*ein detaljgrad som er tilpassa behovet. Reguleringsplanar som følgjer opp arealdelen til kommuneplanen, sikrar heilskapleg og langsiktig utbygging og gir nødvendige rammer for gjennomføringa.»*

Statsforvaltaren er ueinig i at det ikkje er moglegheiter for bustader i dette området. Det er allereie gjeve dispensasjon for to bustader i området, og det ligg i tillegg eit LNF-spreidd bustadområde om lag 150 meter nordvest for planområdet. I planperioden vert det opna for to einingar der. Vidare viser Statsforvaltaren til andre LNF-spreidd område i tilknytning til Eikanger skulekrins, samt andre bustadområde i Eikangervåg og på Fyllingsnes.

#### Landbruk:

Statsforvaltaren vurderer at verknad for landbruket vert noko underkommunisert i konsekvensutgreiinga. Dei vurderer at plasseringa midt i eit landbruksområde tett på både fulldyrka areal og overflatedyrka areal er uheldig. Det er også uheldig å omdisponere innmarksbeite, sjølv om det i dag ikkje er i bruk. I tillegg vil planen kunne føre til ytterlegare press på landbruksareal i nærleiken.

#### Landskap:

Planområdet ligg i ganske bratt terreng, og vil ligge godt synleg i terrenget. Eit bustadfelt vil bryte med landbrukslandskapet og verdiane som ligg i dette. Det må gjerast store terrengingrep for å få plassert bustader i det bratte terrenget.

#### Born og unge:

Det er ikkje fortatt langs bilvegen frå planområde til E39. Veggen er ikkje rekna som ein trygg skuleveg, sjølv om det er gjort noko utbetring av veggen dei siste åra. Det er eit busstopp i nærleiken, men her er det berre fire avgangar om dagen på kvardagar. Det kan difor vere problematisk for born og unge å bevege seg sjølvstendig i nærområdet.

#### Bustad-, areal og transportplanlegging:

Statsforvaltaren viser til statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, og at denne legg opp til at utbyggingsmønster og transportsystem burde fremje utvikling av kompakte byar og tettstader, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlige transportformer.

Statsforvaltaren viser til avstandane til Ostereidet, Knarvik, nærmaste skule, nærmaste barnehage og nærmaste matbutikk. Det er ein busstopp i nærleiken, men denne har kun fire daglege avgangar. Statsforvaltaren kan ikkje sjå at dette vil vere noko anna enn ei bilbasert utbygging.

Statsforvaltaren forankra motsegna sine i *Statlege planretningslinjer for bustad-, areal- og transportplanlegging, Nasjonal jordvernstrategi Prop. 200 S (2020-2021)* og *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging*. Dei viser også til rundskriv T-2/14 og T-2/16.

Fullstendig motsegn finn ein i vedlegg 13.

#### **Vurdering:**

Statsforvaltaren sine motsegnspunkt har stort samanlikningsgrunnlag med kommunedirektøren sine punkt for vurdering ved sak om avklaring av planinitiativ for detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes. Denne saka var oppe til handsaming i kommunestyret 17.09.2020, som sak 121/20.

#### Forholdet til overordna plan:

Kommunedirektøren vurderte i sak om avklaring av planinitiativ at det vil vere uheldig å gå vidare med reguleringsplanarbeid som er i strid med overordna plan. Vidare vart tilgjengeleg bustadareal i nærleiken illustrert. Dette har i realiteten ikkje endra seg, og kommunedirektøren vurderer at Statsforvaltaren si grunngeving til motsegnet angående forholdet til overordna plan er i tråd med gjeldande regelverk.

#### Landbruk og landskap:

I sak om avklaring av planinitiativ vart det innhenta uttale frå landbruksavdelinga i Alver kommune. Konklusjonen i denne uttalen var som følgjer:

*«Landbruksavdelinga meiner at ei slik omfattande utbygging i jordbrukslandskapet ikkje er tilrådeleg. Både utifrå at ein råkar kulturlandskapet og at det vil påføre landbruket for store driftsulemper.»*

Kommunedirektøren stetta denne uttalen på det tidspunktet. Begrunninga til motsegnet frå Statsforvaltaren på temaa landbruk og landskap er i stor grad lik. I planarbeidet er det utarbeida ei konsekvensutgreiing. Eine temaet er naturressursar, der konsekvensutgreiinga konkludera med ubetydeleg – noko forringa påverknad. Statsforvaltaren vurderer at verknaden for landbruket vert noko underkommunisert i konsekvensutgreiinga.

Kommunedirektøren vurderer at Statsforvaltaren si grunngjeving til motsegnet angående landbruk og landskap er i tråd med gjeldande regelverk.

#### Born og unge:

I sak om avklaring av planinitiativ konkluderte kommunedirektøren med at ein ser det som negativt å omregulere LNF til bustad når skulevegen er markert som særleg farleg/vanskeleg skuleveg. Planforslaget har ikkje illustrert noko forbetring av skulevegen, som vil gjere til at denne skulevegen vil miste denne markeringa. Statsforvaltaren viser til denne markeringa av særleg farleg/vanskeleg skuleveg, og at det vil vere eit område der det vil vere problematisk for born og unge å bevege seg sjølvstendig i nærrområde.

Kommunedirektøren vurderer at Statsforvaltaren si grunngjeving til motsegnet angående born og unge er i tråd med gjeldande regelverk.

#### Bustad-, areal og transportplanlegging:

Statsforvaltaren viser til statleg planretningslinje for bustad-, areal og transportplanlegging. Statsforvaltaren skriv vidare at dei ikkje kan sjå at dette vert noko anna enn ei bilbasert utbygging. Kommunedirektøren er samd med Statsforvaltaren i dette. Det er større avstandar til alle tilbod, og eit relativt magert kollektivtilbod med bussavgang 4 gongar dagleg.

Kommunedirektøren vurderer at Statsforvaltaren si grunngjeving til motsegnet angående bustad-, areal og transportplanlegging er i tråd med gjeldande regelverk.

#### Samanstilt vurdering:

Planforslaget som er sendt ut på høyring og offentleg ettersyn har utfordra overordna kommunedelplan, statlege retningslinjer samt nasjonale strategiar og forventningar.

Jf. pbl § 5-4 første ledd, kan berørt statleg og regionalt organ fremme motsegn til forslag til reguleringsplan i spørsmål som er av nasjonal eller vesentleg regional betydning, eller som av andre grunnar er av vesentleg betydning for vedkommande organs saksområde.

Vidare kan det fremmast motsegn dersom planforslaget er i strid med bestemmelsar i lova, forskrift, statleg planretningslinje, statleg eller regional planbestemmelse, eller overordna plan jf. pbl § 5.4 fjerde ledd.

Kommunedirektøren vurderer at motsegnet til Statsforvaltaren er i tråd med gjeldande regelverk.

#### **Konklusjon:**

Statsforvaltaren sitt motsegn omhandlar detaljreguleringsplanen for Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl. i sin heilheit. Samanstilt so går dette motsegnet på om dette er eit område der ein burde planlegge for til saman 5 einbustadar. Dette er eit tema som er vanskeleg å løyse i ein detaljreguleringsplan, og burde, som Statsforvaltaren skriv i sitt motsegn, løysast ved å gjere ei grundig og samla vurdering i ein kommuneplanprosess.

I dialogmøtet som vart halde 18.01.2022 var ein ute etter å finne moglege løysingar på temaa som vart diskutert. I dette møtet fann ein ikkje løysingar som ville forhindre Statsforvaltaren å fremje motsegn til planen. Hovudproblematikken burde løysast i plannivået over, nemleg framtidig rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Kommunedirektøren ser ikkje at det er noko rom for vidare forhandling i saka som kan ende i tiltakshavar sin

favør. Ein legg difor opp til eit framlegg til vedtak som tek motsegnen frå Statsforvaltaren til følgje, og avslår forslag til detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl.

Om ein ønskjer å utvikle området på Ytre Eidsnes med fleire bustader burde dette løysast i overordna plan først. På denne måten kan ein finne dei beste alternativa til utvikling i området, ein sikrar heilskapleg og langsiktig utbygging, ein gjev nødvendige rammer for gjennomføring, og ein hindrar å skape eit press for vidare utbygging som er i strid med overordna plan.

#### **Vedlegg i saken:**

07.03.2022	1. Reguleringsplankart 14.09.2021	1703781
07.03.2022	2. Reguleringsføresegner 21.10.2021	1703782
14.03.2022	3. Planskildring Ytre Eidsnes 14.10.2021	1703783
14.03.2022	4. ROS-analyse Ytre Eidsnes 23.11.2020	1703784
14.03.2022	5. Konsekvensutgreiing Ytre Eidsnes 01.11.2021	1703785
07.03.2022	6. Illustrasjonsplan 14.09.2021	1703786
07.03.2022	7. Sol-Skygge illustrasjonar Ytre Eidsnes	1703787
14.03.2022	8. VA-rammeplan Ytre Eidsnes 25.06.2021	1703788
14.03.2022	9. Vegteikning C001 og C002 17.06.2021	1703789
14.03.2022	10. Perspektiv og snitt 11.03.2021	1703790
07.03.2022	11. Merknadsskjema planoppstart 19.02.2021	1703791
07.03.2022	12. Saksframlegg - 1. gongs handsaming	1703792
07.03.2022	13. SFV - Motsegn 28.01.2022	1703793
14.03.2022	14. Merknadar samanstillt 07.03.2022	1703794
07.03.2022	15. Konsulent sitt tilsvar på dialogpunkt før dialogmøte 07.01.2022	1703795
07.03.2022	16. Planinitiativ 12.05.2020	1703796
07.03.2022	17. Avvisning av planinitiativ Ytre Eidsnes gbnr 215_2_02.07.2020	1703797
07.03.2022	18. Planinitiativ til avklaring - Detaljregulering Ytre Eidsnes_17.09.2020	1703798

**Arkiv:** <arkivID><jplD>  
PlanID-1263201407,  
Plannavn-1263-  
201407, Komnr-4631,  
FA-L13

**JournalpostID:**

**Sakshandsamar:**

**Dato:** 11.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
032/22	Utval for areal, plan og miljø	23.03.2022
038/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

### **Reguleringsplan for Fv.57 med gang- og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad - 3. gongshandsaming - vedtak av plan**

#### **KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad, planid. 1263 201407, som vist på plankart sist datert 20.8.21 og med føresegner av revisjonsdato 20.8.21.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

#### **Utval for areal, plan og miljø 23.03.2022:**

##### **Handsaming:**

Framlegg frå Vigdis Villanger-Sp:

Protokolltilførsel: Merknad til vedtak i sak reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad, planid. 1263 201407:

Det må jobbast med å finna betre løysingar for landbrukseigedom gnr.122 bnr.2. Dette gjeld landbruksavkøyrslar for å redusera transportlengda, samt redusera beslag av dyrka mark.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **APM- 032/22 innstilling:**

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad, planid. 1263 201407, som vist på plankart sist datert 20.8.21 og med føresegner av revisjonsdato 20.8.21.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

#### **Saksopplysningar:**

På oppdrag frå Vestland fylkeskommune legg Multiconsult fram forslag til reguleringsplan for Fv. 57 – gang-/sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad, planid. 1263 201407. Planområdet er på om lag 999 daa og strekk seg langs den 10 km lange strekinga av fylkesveg 57 mellom Lindås tettstad i sør og Mongstad i nord (kryssar kommunegrensa mellom Alver og Austrheim).



*Kartutsnitt med vegstrekninga frå Lindås tettstad til Mongstad*

### **Kort om planforlaget**

Formålet med planarbeidet er å fastsette areal til plassering og utforming/utbetring av eksisterande fylkesveg frå Lindås tettstad til Mongstad med vegstandard og dimensjonerings klasse U-H4 standard, og etablering av ny gang- og sykkelveg. Køyrevegen blir utbetra med utviding og utretting av veglina fleire plassar. Avkøyrslar blir sanert, vegkryss og kulvert utbetra, og nye kryssingar blir etablert for gåande/syklende.

Langs heile strekket er det satt av areal for midlertidig rigg og anleggsbelte som sikrar gjennomføring av prosjektet.

### **Offentleg ettersyn og høyring**

Forslag til detaljregulering var som sak 14/7379 i Plan- og miljøutvalet, PMU 17.10.2018 (i tidlegare Lindås

kommune) vedtatt sendt ut til høyring, og låg ute til offentleg ettersyn i perioden 7.11.2018 – 20.12.2018. Det kom tilsaman inn 31 merknader ved offentleg ettersyn, kor 5 var frå offentlege instansar og 26 frå private. Desse er kommentert i kap. 13 i planomtalen.

Dei innspela som kom inn ved offentleg ettersyn førte til at det blei gjort fleire endringar i planforslaget, og som sak 018/21 vedtok Utval for areal, plan og miljø, APM 03.02.2021 å sende forslaget ut til 2. gongs høyring. Det låg ute til offentleg ettersyn i perioden 09.02.2021 – 23.03.2021.

Det kom her inn tilsaman 30 merknader ved 2 gongs offentleg ettersyn, kor 8 var frå offentlege høyrings instansar og 22 frå private grunneigarar/naboar. Merknadene blir gjennomgått og kommentert/vurdert i vurderinga under.

### **Endringar av planforslaget**

Endringar som er gjort etter siste offentleg ettersyn og høyringa i mars 2021 blir beskrive nedanfor. Endringane er vurdert til å ikkje krevje ny høyring, jf. Pbl. § 12-11 då dette er mindre endringar, gjort til fordel for merknadsstillarar (endra etter innspel):

- Lagt inn 3 nye landbruksavkøyrslar som skal tilfredsstillе dagens bruk i framtida.
- Ved bensinstasjonen på Hope har ein no regulert i samsvar med KDP Lindåsneset, samt i tråd med dagens bruk.
- Det er opna for etablering av parkeringsplassar på to stadar i SVG.
- Ei avkøyrslе har ein endra utforming SV\_52.
- Endra avkøyrslе f\_SV27.
- Tatt inn eit næringsområde i samsvar med KDP.

Det er vidare gjort mindre endringar i føresegner og på tekniske innspel som siktliner, sjå opplisting nedanfor. For nærare opplysningar om planforslaget vert det vist til planomtalen og saksframstilling til 1. gongs og 2. gongshandsaming i PMU og APM som ligg vedlagt saka.

### Planomtale:

1. Tekst i kap. 6.9.4 Vilt- og fiskeressursar er endra. Gjeld høyringsfråsegn 28.

2. Det er lagt til nye datoar etter 2. gangs offentlig ettersyn

3. Kap. 1 Nøkkelopplysningar. Det er lagt til tekst og datoar for 2. gangs behandling.

4. Kap.3.2 Offentleg ettersyn av reguleringsplanen. Det er lagt til tekst om prosess 2. gong offentlig ettersyn

5. Kap. 4.3 Kommunale planar: Tekst om kommuneplan og kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad er endra. Lagt inn tekst om ny temaplan for trafikksikring

6. Kap. 7.1 Planlagt arealbruk. Nye tabellar for arealformål og omsynssoner og føresegningsområder er lagt inn.

7. Oppdatert vedleggsliste

Plankart:

Alle plankart:

Siktlegder er lagt inn som tekst på alle avkøyrslar

Nummerering av L1.

Plankart 6

Det er lagt inn avkøyrslapil på eksisterande vegar (gnr. 117 bnr. 11 og 27) ut i veg f\_SV21. Stengesymbol og veg f\_SV23 er tatt ut. Gjeld merknad 5. SV32 er endra til f\_SV32 Gjeld merknad 6.

Plankart 8

SV52 er endra. Plangrensa er redusert. Gjeld merknad 11 og 12.

o\_BE4 er flytta pga. av endra veggeometri til SV52. o\_BE4 ligg no nord for avkøyrslar f\_SV54



f\_SGG8 er tatt ut av plankart. Ein har avsett eit areal i L2 som opnar opp for etablering av sti. Gjeld merknad 13.

f\_SVG1 er endra til f\_SVG11 kor ein opnar opp for justering av veg SV52. Gjeld merknad 12.

Det er endra nummer frå o\_SVG1 til SVG4 på eit areal slik at det kan etablerast parkering/biloppstillingsplassar.

BN9 er lagt inn. Endring i KPA som ikkje var tatt inn i planen førre gang.

Plankart 9

f\_SVG1 er endra til f\_SVG10 kor ein opnar opp for etablering av parkeringsplassar. Gjeld merknad 14.

Avkøyrsløp er lagt inn ved pel 6395. Gjeld merknad 15 og 16.

Plankart 10

Avkøyrsløp er lagt inn ved pel 6990. Gjeld merknad 16, 17 og 19.

Plankart 13

Avkøyrsløp SV69 er endra. Utviding av BN7 i tråd med KDP Lindåsneset. Nytt næringsareal BN8 i restareal mellom BN7 og vegareal. Var regulert til L i førre planforslag. Gjeld merknad 20.

Stengesymbol er fjerna ved pel 9180 og ny avkøyrsløp er lagt inn ved pel 9180. Gjeld merknad 22.

#### Føresegner:

1. §3.8 Endra til tekst «Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune». Gjeld høyringsfråsegn 30.
2. §4.1.1 Lagt til arealplan-id. Gjeld høyringsfråsegn 30.

3. §4.1.2 Lagt til arealplan-id. Gjeld høyringsfråsegn 30.

4. §4.1.3 a) og b) Lagt til arealplan-id. Gjeld høyringsfråsegn 30.

5. §4.1.3 c) Føresegn om næringsområde BN8. Restareal som er avsett til L i KDP Lindåsneset er regulert til næring BN8 og inngår som ein del av næringsverksemd i BN7. Gjeld Merknad 20

6. §4.1.6 Lagt til arealplan-id. Gjeld høyringsfråsegn 30.

7. §4.2.1 e) Lagt til «eller endra». Gjeld høyringsfråsegn 30.

8. §4.2.2 c) veg f\_SV23 er tatt ut av føresegnene. Gjeld merknad 5. §4.2.2 b) SV32 er endra til f\_SV32. Flytta frå b) til c). Gjeld merknad 6.

9. §4.2.3 Føresegn om f\_SGG8 er tatt ut. Fører til renummerering. Gjeld merknad 13.

10. §4.2.4 Ny føresegn om f\_SVG10 kor ein opnar opp for etablering av parkeringsplassar. Gjeld merknad 14.

11. §4.2.4 Ny føresegn om o\_SVG11 kor ein opnar opp for justering av vegløyning SV52. Gjeld merknad 12.

12. §4.2.5 Lagt til arealplan-id. Gjeld høyringsfråsegn 30.

13. §4.2.6 Lagt til arealplan-id. Gjeld høyringsfråsegn 30.

14. §4.3 Lagt til arealplan-id. Gjeld høyringsfråsegn 30.

15. §4.4.1 Ny føresegn om etablering av gangveg i L2 er tatt inn i føresegnene som bokstav b). Nummerering av L1, bokstav a). Gjeld merknad 13.

16. §4.4.2 Lagt til arealplan-id. Gjeld høyringsfråsegn 30.

17. §6.1 d) lagt inn BN8 i tabell over føresegnsområde. Gjeld merknad 20.

18. §6.4 Endra til tekst «Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune». Gjeld høyringsfråsegn 30.

19. §4.1.3 a) Lagt inn næringsareal frå KPA, BN9.

20. §4.2.4 Ny føresegn om SVG4 kor ein opnar opp for etablering av parkeringsplassar. Fører til renummerering.

21. §6.1 d) Lagt inn BN9 i tabell over føresegnsområde

22. §6.4 Endring i føresegn, det var feil i tilvisingsnummer. Retta frå §7.5 til §7.2

## **Vurdering**

Kommunedirektøren viser til sine vurderingar av saka som kjem fram i saksframlegget til 1. gongs handsaming av planen.

Ved offentleg høyring og ettersyn (1. gongshandsaming) kom det til saman 35 uttalar og merknader til planforslaget, desse er kommentert av forslagsstillar i planomtalen kap. 13.

Sidan planforslaget blei endra og sendt ut på ny offentleg ettersyn i 2021 med bakgrunn i innspela/merknadene som kom inn ved 1. gongshandsaming/offentleg ettersyn, og endringane som er gjort i planmaterialet i større grad har resultert i å imøtekoma merknadene frå 1. gongshandsaming, finn Kommunedirektøren det lite hensiktsmessig å vurdere merknadane frå 1. gongshandsaming særskild. Desse har mindre relevans ettersom dei endringane som er gjort i planmaterialet ved 2. gongs høyringa i større grad har imøtekom desse, og nytt 2. gongs ettersyn var varsla ordinært, der alle berørte har kunna uttalt seg på ny til nytt forslag.

I samband med 2. gongs høyringa kom det tilsaman inn 30 uttalar/merknader. 8 var frå offentlege høyrings instansar og 22 frå private grunneigarar/naboar. Dei blir gjennomgått og kommentert i vedlegg 31, og

Kommunedirektøren si vurdering av uttalane er lagt til oppsummering/kommentarar frå forslagsstillar

### VA-rammeplan

Samferdsel, veg og VA har uttalt følgjande:

Etablering av gang-sykkelveg frå Kolåskrysset til grensa mellom Alver-Austrheim kommune, vil medføre fleire omleggingar av eksisterande teknisk anlegg for vatn og avløp.

I området ved Kolåskrysset, vil det bli naudsynt med ei omfattande omlegging-reetablering av vatn og avlaupsleidningar som kryssar fv. 57 både på tvers og på langs jf. plankart 1.

Det vert også behov for ein del omleggingar av eksisterande VA i krysset fv. 57 – Kolåsvegen, i samband med undergang for gang sykkelveg i Kolåskrysset

I området nedanfor Grønfjellet, kjem gang sykkelveg i konflikt med eksisterande hovudvassleidning til Mongstad, (DN 300 mm. Støypejern). På grunn av at dette er det særst viktig med ein vassleidning med forholdsvis stor dimensjon, som ikkje blir satt ut av drift, anna enn i korte periodar. Dette arbeidet vil vera krevjande og må planleggjast i detalj.

Det er også eit område ved Rosnesvågen kor eksisterande hovudleidning blir liggjande i den nye vegbana, gang/sykkelvegen. Og hovudvassleidninga må leggjast i ny trase.

Like før bensinstasjonen på Hope, kryssar to eksisterande vassleidningar (av eldre årgang) fylkesvegen. Ved etablering av ny gang- sykkelveg, må desse leidningane reetablere gjennom fv. 57- gang sykkelveg.

VA- rammeplanen datert 10.3.22 med tilhøyrande GHI-teikningar datert 18.2.22 er tilfredsstillande, og føresegn § 3.7 sikrar at detaljprosjektering av VA-løysing skal godkjennast av kommunen før anleggstart.

### Folkehelse, barn og unges interesser

Etablering av gang- og sykkelveg på strekninga langs fv. 57, med planfri kryssing på viktige stader langs fylkesvegen gjev barn og unge ei ny trygg ferdselsåre mellom Kolåskrysset til Mongstad. Skuleborna som bur langs strekket krinsar til Lindås skule, som no er sikra ein trygg skuleveg. Gang og sykkelvegen gjev fleire moglegheiter til å kome seg fram utan at ein treng køyrast eller ta buss, den gjev gode høve til å bevege seg over lengre strekningar til fritidsaktivitetar, vener og friluftsområde. Generelt vil utbetringar av vegline, kryssingar og kollektivhaldeplassar gjere trafikkbilete meir brukarvennleg, trygt og oversiktleg.

Brukarvennlege og attraktive gang- og sykkelvegar legg til rette for ein aktiv kvardag for alle brukargrupper,

som igjen vil kunna bidra positiv til folkehelsa. Gjennomføring av planen styrkar grunnlaget for barn og unges moglegheit til å vakse opp i eit meir aktivt utandørs miljø, og bidrar til eit betre mobilt handlingsrom.

Den samanhengande gang, sykkelvegen bind tettstaden Lindås og bygdene mot Mongstad meir saman, og er positivt opp mot innfallsårer til turnettet i området.

### Naturmangfald

Planområdet ligg i eit område der det allereie er utført tiltak i (eksisterande fylkesveg). Området har eit småkupert og variert kulturlandskap med spreidd busetnad, beitemark, fulldyrka mark, ung skog, område med kystlynghei og myrområde. Vegetasjonen langs vegkanten er dominert av vanlege, lite krevjande artar, og det er ikkje registrert raudlista artar.

Det blir ikkje gjort inngrep i edellauvkogen ved Hellestveit (på austsida av fv. 57), eller den potensielle hagemarka ved Lindås kyrkje. Kystlyngheia mellom Kårdal og Hope er alt sterkt forstyrta då den ligg mellom kraftlinja og vegen, den er difor ikkje vurdert til å ha stor naturkvalitet.

Det er registrert ål i Tjukketlevatnet og Hopsvatnet. Andre registrerte artar er granatar, rynkeroser, fagerfredlaus og parkslirekne.

Det blir gjort tiltak under anleggsperioden for å unngå spreiding av partiklar og kjemikalier som kan vere skadeleg for naturmiljøet. Til dømes skal sedimentasjonsbasseng etablerast og behov for siltgardin blir vurdert. Nytt røyr/kulvert mellom Tjukketlevatnet og Rosnesvågen blir etablert slik at fisk kan vandre mellom sjø og vatn. Reguleringsføresegn § 3.3 sikrar at Plan for ytre miljø blir utarbeidd i samsvar med dei avbøtande tiltaka som er fremja i planskildringa kap. 8.

Kommunedirektøren vurderer at tiltak i planen tek i vare naturmangfaldslova sine miljøprinsipp gitt ved §§ 8-12 og at naturverdiar innanfor og i nærleik av planområde er tilfredsstillande sikra i plan.

### Jordbruk

Planskildringa Kap. 8.7.1 tar for seg det samla arealbeslaget for jordbruksarealet. Samla (permanent) arealbeslag i planområde er om lag 65 daa. Kor 3,4 daa er fulldyrka jord, 19,6 daa er overflatedyrka jord og 14,0 daa er innmarksbeite. Det er totalt 51 eigedomar med jordbruksareal som blir direkte påverka av tiltaket. For 3 eigedomar går over 5 daa jordbruksareal tapt, medan arealbeslaget for fleirtalet av eigedomane er lite, då det meste av beslaget består av relativt smale striper langs eksisterande veg.

I anleggsfasen vil det i tillegg til det som blir permanent råka, vere om lag 93,8 daa av jordbruksareal som blir mellombels påverka. Dette arealet blir tilbakeført til jordbruksareal med naudsynt jorddjupne når anleggsarbeida er avslutta.

Oppgradering av vegstandard og etablering av gang sykkelveg langs strekket er vurdert av forslagsstillar til beste løysing basert på dei krav og kriteria som ligg for samferdselsanlegget. Det har i høyringsrundane kome fleire merknader knytt til tap av landbruksareal og vanskeleggjering av landbruksdrift. Kommunedirektøren ser at det i prosessen er gjort fleire tilpassingar, med m.a. omlegging av landbruksavkøyrslar men forslaget kjem ikkje utan om å gripe inn i jordbruksareal. Etter ei samla vurdering finn Kommunedirektøren at det er gjort naudsynste avvegingar for og mot opp mot eit samfunnsnyttig perspektiv når trase for gang sykkelveg blei lagt, sjølv om det er uheldig at eit slikt arealbeslag går tapt.

## Økonomi

Strekninga er ein del av det overordna fylkesvegnettet i Vestland som inngår i regional transportplan for perioden 2018-2029 (RTP), vedtatt av fylkestinget i juni 2017. Det er planlagt strekningsvis utbygging oppdelt i tre parsellar: Lindås tettstad – Lauvås, Lauvås – Hope, Hope – Austrheim grense. Per i dag er ingen av strekningane prioritert i inneverande periode fram til 2029, og har ikkje finansiering på noverande tidspunkt.

## **Konklusjon**

Framlegget til reguleringsplanen er i stor grad i tråd med overordna plan og Kommunedirektøren sluttar seg til det planfaglege grepet og hovudformålet i planforslaget med samferdselsanlegg, tilkomstvegar og gang-sykkelløysingar frå Lindås til Mongstad (i kommunegrense til Austrheim).

Forslag til detaljregulering anbefales vedtatt.

Lenke til innsyn: [her](#)

## **Vedlegg i saken:**

14.03.2022	Vedlegg 1 - Planskildring	1706330
14.03.2022	Vedlegg 2 - Føresegner	1706331
10.03.2022	Vedlegg 3 - Plankart 1-14	1706332
10.03.2022	Vedlegg 4 - Støyrapport	1706333
14.03.2022	Vedlegg 5 - Fagrapport - Naturmiljø	1706334
10.03.2022	Vedlegg 6 - Fagrapport Økosystem i ferskvatn	1706335
10.03.2022	Vedlegg 7 - Fagrapport Marinkartlegging	1706336
10.03.2022	Vedlegg 8 - Fagrapport Naturressursar	1706337
10.03.2022	Vedlegg 9 - Fagrapport Kulturminner og kulturmiljø	1706338
10.03.2022	Vedlegg 10 - Rapport - Nærmiljø og friluftsliv	1706339
10.03.2022	Vedlegg 11 - Geoteknisk rapport Statens vegvesen	1706340
10.03.2022	Vedlegg 12 - Ingeniørgeologisk rapport	1706341
10.03.2022	Vedlegg 13 - Rigg og marksikringsplan	1706342
10.03.2022	Vedlegg 14 - Faseplaner	1706343
10.03.2022	Vedlegg 15 - Notat - Sidevurdering Gang- og sykkelveg	1706344
10.03.2022	Vedlegg 16 - Notat innspill byggeplanfasen	1706345
10.03.2022	Vedlegg 17 - Støysonekart	1706346
10.03.2022	vedlegg 18 - Plan og profildeikningar	1706347
10.03.2022	Vedlegg 19 - Profildeikningar	1706348
10.03.2022	Vedlegg 20 - Normalprofil	1706349
10.03.2022	Vedlegg 21 - Landskapsplan	1706350
14.03.2022	Vedlegg 22 - VA plan	1706351
14.03.2022	Vedlegg 23 - Samlefil innkomne merknader 2.gons	1706352

	offentleg ettersyn	
10.03.2022	Vedlegg 24 - Merknadsskjema og endrings skjema - 2 gongs offentlig ettersyn 20.08.2021	1706353
10.03.2022	Vedlegg 26 - ROS-analyse	1706355
10.03.2022	Vedlegg 27 - Presentasjonsmodell	1706356
10.03.2022	Vedlegg 28 - Begrunning for linjeforing ved Hellestveit	1706357
14.03.2022	Vedlegg 25 - VA rammeplan	1706605
11.03.2022	Vedlegg 29 - Saksframlegg 1. gongshandsaming	1706660
11.03.2022	Vedlegg 30 - Saksframlegg, 2. gongshandsaming	1706661
14.03.2022	Vedlegg 31 - Vurdering av merknader etter 2. gongshøyring	1706678

**Arkiv:** <arkivID><jplD>  
Plannavn-  
Kommunedelplan  
for kultur, idrett og  
friluftsliv, Komnr-4631,  
FA-L01

**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 24.02.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
023/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	22.03.2022
039/22	Alver kommunestyre	07.04.2022
012/22	Ungdomsråd	21.03.2022
013/22	Eldreråd	21.03.2022
016/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	21.03.2022

## Plansak Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv - Alver kommune - Framlegg til vedtak av planprogram

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i Plan- og bygningsloven § 11-13, tilrår utval for oppvekst, kunnskap og kultur at:

Alver kommunestyre vedtek framlegg til planprogram for Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 på følgende vilkår:

Vedlegg om kunnskapsgrunnlag:

1. Oppdater med følgende tema
  - a. Mogleighetsstudie kulturhus
  - b. Barnefamiliepanelet

Planprogrammet:

2. Legg til ungdatabasen i lista over eksisterende kunnskap og medverknad, s. 8
3. Ta med berekraftsmål 12, Ansvarleg forbruk og produksjon, s. 5
4. Legg inn følgende punkt under eksisterende kunnskap og medverknad, s. 8:
  - c. Fylkeskommunale kartleggingar
  - d. Kommunedelplan Helse, sosial og omsorg
    - i. Intern kartlegging
  - e. Kommunedelplan oppvekst
    - i. Rapport Innspel frå referansegrupper
    - ii. Rapport Intern undersøking
  - f. Interkommunal plan for sjæareala i Nordhordland
5. Legg til følgende tema i tabellen til avsnitt 5. Avgrensing av innhald
  - g. Inkludering og mangfald
  - h. Digitalisering av samfunnet
  - i. Kunnskap og forskning
  - j. Endre tema «kulturminne og kulturmiljø» til «kulturarv»



### **Eldreråd 21.03.2022:**

#### **Handsaming:**

Kaia Marie Amland-rådgjevar Plan og analyse orienterte i saka.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg i møtet:

Eldrerådet sluttar seg samrøystes til planprogrammet med innkomne innspel/kommentarar, og forventar å få endeleg framlegg til planforslag til uttale.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale.

#### **ER- 013/22 uttale:**

Eldrerådet sluttar seg samrøystes til planprogrammet med innkomne innspel/kommentarar, og forventar å få endeleg framlegg til planforslag til uttale.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 21.03.2022:**

#### **Handsaming:**

Orientering til saka v/Kaia Marie Amland-rådgjevar Plan og analyse

Fellesframlegg:

Merknad: Rådet er glade for at inkludering og mangfald er teke inn i planprogrammet. Vi saknar likevel dette perspektivet i arbeidsgruppa som skal lage planutkastet.

Ellers ingen merknader, samrøystes.

#### **RMNF- 016/22 uttale:**

Rådet er glade for at inkludering og mangfald er teke inn i planprogrammet. Vi saknar likevel dette perspektivet i arbeidsgruppa som skal lage planutkastet.

### **Ungdomsråd 21.03.2022:**

#### **UR- 012/22 uttale:**

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak  
Samrøystes

### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 22.03.2022:**

#### **Handsaming:**

Orientering til saka v/Kaia Marie Amland-rådgjevar Plan og analyse. Eirik B. Utne-eingleiar Kultur svarte på spørsmål.

Tilleggsframlegg frå Mari-Gro Berge-SV:

*Kommunedirektøren vurderer at planprogrammet er eit godt utgangspunkt for å sette i gang arbeidet med sjølve Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv. Dei fleste merknadane er dekkja av høyringsframlegget. I tillegg kjem «Kulturhus» inn som døme under «Kultur og idrettsanlegg» i kap.1. ... siste setning*  
Framlegget fekk to røyster og fall (Marit-Gro Berge-SV, Anna Nordlund-SV)

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **OKK- 023/22 innstilling:**

Med heimel i Plan- og bygningsloven § 11-13, tilrår utval for oppvekst, kunnskap og kultur at:

Alver kommunestyre vedtek framlegg til planprogram for Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 på følgande vilkår:

Vedlegg om kunnskapsgrunnlag:

1. Oppdater med følgande tema
  - a. Mogleighetsstudie kulturhus
  - b. Barnefamiliepanelet

Planprogrammet:

2. Legg til ungdatabas i lista over eksisterande kunnskap og medverknad , s. 8
3. Ta med berekraftsmål 12, Ansvarleg forbruk og produksjon, s. 5
4. Legg inn følgande punkt under eksisterande kunnskap og medverknad, s. 8:

- a. Fylkeskommunale kartleggingar
  - b. Kommunedelplan Helse, sosial og omsorg
    - i. Intern kartlegging
  - c. Kommunedelplan oppvekst
    - i. Rapport Innspel frå referansegrupper
    - ii. Rapport Intern undersøking
  - d. Interkommunal plan for sjæareala i Nordhordland
5. Legg til følgade tema i tabellen til avsnitt 5. Avgrensing av innhald
- a. Inkludering og mangfald
  - b. Digitalisering av samfunnet
  - c. Kunnskap og forskning
  - d. Endre tema «kulturminne og kulturmiljø» til «kulturarv»

### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### **Bakgrunn**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur fatta i møte 09.12.2021, sak 076/21, vedtak om oppstart av arbeidet med Kommunedelplan kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035, og å legge ut planprogram for kommunedelplanen til offentleg høyring og ettersyn i samsvar med Plan- og bygningsloven §§ 11-12 og 11-13.

Planprogrammet skal vise føremålet med planarbeidet, planprosessen og opplegget for medverknad.

Planprogrammet har lagt på høyring i perioden 17.01.2022-28.02.2022. I perioden er det kome inn 23 uttalar, 2 frå offentlege mynde, 11 frå organisasjonar og 10 frå private.

### **Saksopplysninger:**

Det vidare arbeidet med Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv (KDP KIF) bygger vidare på kunnskapsgrunnlaget frå Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) og Kommunedelplanane for Oppvekst, og Helse, sosial og omsorg, som no er i slutfasen. Den bygger også på kunnskapsgrunnlaget til Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland. Vidare skal målsettingane og strategiane koordinerast med dei nemnde planane, der KPS er førande for kommunedelplanane. Måla i høyringsframlegget til KDP KIF sitt planprogram er henta frå høyringsframlegget til KPS. Måla til KDP KIF kan justerast undervegs i prosessen, basert på endeleg vedtatt KSP. KPS knyt også ei rekke «vegval» (strategiar) til delmåla, som skal jobbast vidare med i KDP KIF. Vidare skal det knytast tiltak til strategiane. Planprogrammet peikar på fleire tema det skal vurderast behov for areal til. Kommunedelplanen skal koordinerast med Kommuneplanen sin arealdel (KPA) for sikre areal for desse tema.

### Merknadar til planprogrammet

Alle merknadar finst i vedlagte merknadar og merknadsoppsumming med kommunedirektøren si vudering. I dei følgande avsnitta blir hovudessensen i merknadane og kommunedirektøren sin vurdering oppsummert. Merknadane kommunedirektøren rår å ta til følgje går fram av vilkårslista.

Avgrensing av innhald, kap 5 i planprogrammet:

Fleire av innspela dreier seg om tema og dømer i kap. 5 i planprogrammet, «Avgrensing av innhald». Det er fleire som ønsker at ulike konkrete tema skal nemnast i lista, som til dømes regionalt kulturhus, kyrkje og rekreasjon på sjø.

Kommunedirektøren vurderer at tema i tabellen må vere på eit overordna nivå og at døma ikkje kan vere uttømmende, men skal forklare kva me meiner med tema. Kommunedirektøren rår derfor ikkje å ta alle innspela til følgje. Nokre av merknadane rår kommunaldirektøren å ta til følgje - Inkludering og mangfald, digitalisering av samfunnet samt kunnskap og forskning. Dette er tema som er viktig å trekke fram og som ikkje naturleg høyrer heime under dei andre tema.

Museum/kulturarv:

Fleire innspel handlar om museum, som regionmuseum eller ulike formar for lokale museum og magasin for

eldre gjenstandar. Ein del dreier seg også om immateriell kulturarv, som kunnskap om handtverk og byggeskikk, skråk og dialekter.

Kommunedirektøren vurderer at museum høyrer heime under tema «Kulturminne og kulturmiljø», kap 5 i planprogrammet. Immateriell kulturarv er i høyringsutkastet tenkt under same tema. For å tydeleggjere at immateriell kulturarv er del av planen, rår kommunedirektøren å endre tema «Kulturminne og kulturmiljø» til «Kulturarv», der kulturarv dekker både kulturminne, kulturmiljø og immateriell kulturarv.

**Regionalt kulturhus:**

Mange ønsker seg eit regionalt kulturhus.

Kommunedirektøren vurderer at eit regionalt kulturhus høyrer heime under tema kultur- og idrettsanlegg, kap. 5 i planprogrammet. Kommuneplanen sin samfunnsdel har eit delmål som seier at det skal etablerast eit kulturhus og symehall i regionsenteret Knarvik. Kulturplanen følger opp samfunnsdelen. Kommunedirektøren rår å ta inn mogleghetsstudien Regionalt kulturhus og badeanlegg i Knarvik i vedlegg om kunnskapsgrunnlag.

**Rekreasjon på sjø, interessekonfliktar:**

Verdien sjøen og skjærgarden i Alver har som rekreasjonsområde er det også fleire som peikar på. Her trekk dei også inn at kommunen ikkje må tillata meir fiskeoppdrett.

Kommunedirektøren vurderer at rekreasjon på sjø og i skjærgard høyrer heime under tema «Friluftsliv», kap. 5 i planprogrammet. Miljø i sjø og fiskeoppdrett er relevant for ein annan plan som også er i prosess, Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland. Kulturplanen bygger på kunnskapsgrunnlaget til IKP for sjøareala i Nordhordland og kommunedirektøren rår å legge denne planen til i lista over eksisterande kunnskapsgrunnlag i planprogrammet.

#### **Kommunedirektøren sin vurdering og konklusjon**

Kommunedirektøren vurderer at planprogrammet er eit godt utgangspunkt for å sette i gang arbeidet med sjølve Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv. Dei fleste merknadane er dekkja av høyringsframlegget. Merknadane kommunedirektøren rår å ta til følge går fram av vilkårslista.

#### **Vedlegg i saken:**

24.02.2022	Plansak Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv - Alver kommune - Framlegg til vedtak om høyring og offentleg ettersyn, planprogram	1697210
14.03.2022	Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv_Merknadar til planprogram	1707568
14.03.2022	Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv_Merknadsoppsummering for planprogrammet	1707573

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-243, FA-D10  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 03.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
026/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	22.03.2022
040/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

## Prioritering av spelemidler til kulturbygg i Vestland

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune prioriterer innkomne søknader til lokale kulturbygg som følger:

1. Alver kommune: Lokalt kulturbygg som del av nye Alversund barneskule.
2. Stiftinga Museumssenteret i Hordaland: Nybygg/tilbygg av formidling og aktivitetsbygg på museum ved Lyngheisenteret (*Naturrom Lygra*)

Vurderinga er gjort med omsyn til føresetnadane i retningsliner for tilskot til kulturbygg frå Vestland fylkeskommune.

### Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 22.03.2022:

#### Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### OKK- 026/22 inntilling:

Alver kommune prioriterer innkomne søknader til lokale kulturbygg som følger:

1. Alver kommune: Lokalt kulturbygg som del av nye Alversund barneskule.
2. Stiftinga Museumssenteret i Hordaland: Nybygg/tilbygg av formidling og aktivitetsbygg på museum ved Lyngheisenteret (*Naturrom Lygra*)

Vurderinga er gjort med omsyn til føresetnadane i retningsliner for tilskot til kulturbygg frå Vestland fylkeskommune.

### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Bakgrunn

Kommunen må prioritere søknadar til spelemidler/tilskot til kulturbygg i Vestland på lik line som ved spelemidler til ordinære idrettsanlegg og nærmiljøanlegg. Søknadane skal bli sendt til Vestland fylkeskommune innan torsdag 30. april.

## Saksopplysninger:

Det ligg føre to søknader i Alver for 2022:

### 1. Alver kommune

#### **(1) Alver kommune søker om tilskot på kr. 1.500.000 til lokalt kulturbygg som del av nye Alversund barneskule.**

Første spadetak for Alversund barneskule vart tatt av dåverande Lindås kommune hausten 2019. Kulturdelen inngår i eit samla bygg med barneskule, fleirbrukshall, basishall, ungdomsklubb og avdeling for musikk/kulturskule-bruk. Alver kommune er eigar og står for drift av bygninga som stod ferdig hausten 2021.

Alversund er ein av dei største bygdene i Alver kommune med nær 4000 innbyggjarar. Det er stor utbygging i området, og folketalet vil auke i åra framover. Bygda har eit aktivt kulturliv med grendalag, ungdomslag, kor og korps. I tillegg er kommunen sjølv brukar av anlegget gjennom desentralisert tilbod i kulturskulen.

Fleirbrukshallen vert utrusta med fast scene. Det vert bygd eige musikkrom med eit lite sceneplatå for øving og mindre arrangement, samt tre separate øvingsrom. Det vert bygd lager for korps og møterom/kontor for frivillige lag. Det vert bygd kioskkjøkken samt eit større kantinekjøkken til bruk ved større arrangement. Hallen får auditorium til utleige for frivilligheita. Den sentrale delen av bygget er tilrettelagt som amfi, her vert det lysrigg og lydanlegg for gruppeframføring. Hallen elles får speakeranlegg, og hovudhall er bygd utan vindu og med dimming på lyanlegg.

Alversund er ei aktiv og folkerik bygd i Alver kommune, med eit stadig aukande folketal. Eit lokalt kulturbygg som del av Alversund barneskule styrker bygda og gjev gode og naudsynte tilbod til innbyggjarane. Bygda og skulen står betre rusta for framtida, og vert ein viktig sosial og kulturell del av Alver kommune.

Alver kommune søker gjennom ordninga for kulturbygg i Vestland om kr. 1.500.000. Totalkostnad for tilrettelegging av Alversund barneskule som lokalt kulturbygg er berekna til kr. 20.360.875.

Vestland fylkeskommune prioriterer fornya søknadar som er godkjent i anleggsregisteret tidlegare, men som har fått avslag grunna manglande rammer. Søknaden til Alversund skule er godkjent i anleggsregisteret og vart fyrst fremma i 2020. Søknaden vart fornya i 2021 og no i 2022.

Søknaden får prioritet 1 på ordninga for spelemidlar til lokale kulturbygg, med søknadssum 1.500.000 kr.

### 2. Stiftinga Museumssenteret i Hordaland (MUHO).

#### **(2) Stiftinga Museumssenteret i Hordaland søker om tilskot på kr. 3.656.000 til kulturbygget *Naturrom Lygra*: Nybygg/tilbygg av formidling og aktivitetsbygg på museum ved Lyngheisenteret**

MUHO er eit museum for levande kultur-, natur- og industriarv, og eit kompetansemiljø for konservering og bygningsvern i Hordaland. MUHO utfører aktiv bevaring og levande formidling mellom anna innan tekstilarv, kulturlandskap og industrihistorie.

Lyngheisenteret på Lygra er eit nasjonalt kulturlandskapsenter som omfattar lyngheilandskapet langs kysten frå Hvaler til Lofoten. Den vestnorske lyngheia høyrer til eit stort nordatlantisk kystlandskap frå Nord Portugal til Lofoten. Lyngheiene er ein del av ein felleseuropeisk kulturarv som held på å forsvinna, meir enn 80 % har

gått tapt dei siste 100 åra. Lyngheisenteret er oppretta for at det skal vere mogleg for framtidige generasjonar å oppleve dette landskapet og få lære om kystbefolkninga si tradisjonelle ressursbruk og historie.

MUHO vil fornye utstillinga si med ein annleis og innovativ formidlingsarena. Noverande utstilling er 21 år og treng ei fornying. Arealbehovet har og endra seg. Naturrom Lygra har innovativ arkitektur med element frå fortid og framtid, er miljøvennleg og sjølvforsynt med straum og vatn. Det skal vise fortida si nøysemd, om att bruk og viser kurs mot framtida. Naturrom Lygra skal vera ope for besøkande også utanom dei faste opningstidene til Lyngheisenteret. Det skal romme kunnskap og informasjon og aktiv formidling i integrasjon med kulturlandskapet på Lygra. Målet for Naturrom Lygra er å løfte Lyngheisenteret som natur og kulturattraksjon, kunnskaps- og opplevingsarena lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Lyngheisenteret har besøk av mange elevar frå vidaregåande og studentar som har feltkurs og studieoppgåver. Ein ny formidlingsarena vil i stor grad bidra til at MUHO kan gje eit betre tilbod til denne gruppa. Elevar frå grunnskulen har fleire undervisningsopplegg med aktivitetar som krev plass både ute og inne. Med ein ny formidlingsarena og eit Naturrom vil Lyngheisenteret kunne ta i mot fleire av desse gruppene.

MUHO ynskjer å lage ein annleis formidlingsarena i tilknytning til uteområdet like ved noverande infobygg. Området har god utsikt over landskapet og skal vere eit tilrettelagt uteområde med plass til aktivitetar. Eit nytt Naturrom som skal romme kunnskap og informasjon, aktiv formidling og eit «stillerom – refleksjon rom». Naturrommet skal vera ope for besøkande utanom dei faste opningstidene til Lyngheisenteret.

Søknaden får prioritet 2 på ordninga for spelemidlar til lokale kulturbygg, med søknadssum 3.656.000 kr.

Saka har vore på høyring hjå Alver kulturråd som ikkje har innvendingar til prioriteringa frå Alver kommune. Uttalen frå Alver kulturråd er vedlagt.

**Vedlegg i saken:**

15.03.2022      Alver Kulturråd - uttale spelemidlar lokale kulturbygg 7      1707412  
mars 2022

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-  
X01  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 14.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
028/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	22.03.2022
027/22	Alver formannskap	24.03.2022
041/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

**17. mai 2022**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Alver kommunestyre godkjenner prinsipiell skisse for 17. mai 2022, slik det går fram av saka.
2. Alver kommunestyre løyver kr 70 000 til gjennomføring av årets 17. mai-feiring
3. Midlane vert henta frå disposisjonsfondet

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 22.03.2022:**

**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**OKK- 028/22 utfale:**

1. Alver kommunestyre godkjenner prinsipiell skisse for 17. mai 2022, slik det går fram av saka.
2. Alver kommunestyre løyver kr 70 000 til gjennomføring av årets 17. mai-feiring
3. Midlane vert henta frå disposisjonsfondet

**Alver formannskap 24.03.2022:**

**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 027/22 innstilling:**

1. Alver kommunestyre godkjenner prinsipiell skisse for 17. mai 2022, slik det går fram av saka.
2. Alver kommunestyre løyver kr 70 000 til gjennomføring av årets 17. mai-feiring
3. Midlane vert henta frå disposisjonsfondet

**Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i utval for oppvekst, kunnskap og kultur og innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Bakgrunn**

17. mai-feiringa i dei tre tidlegare kommunane har vore gjennomført av lokale komitear på ulikt vis, og med ulikt nivå av støtte frå kommunale funksjonar. Unntaket er folkemøtet ved Meland kyrkje, der kommunen

direkte har vore medarrangør.

17. mai 2022 vert grunna pandemien den første ordinære feiringa sidan Alver kommune vart etablert, og det er behov for somme avklaringar for årets feiring, med økonomisk tilsnitt.

Denne saka gjeld handtering av 17. mai 2022. Kommunen sitt langsiktige engasjement i 17. mai-feiringa må komme i ei eiga sak seinare.

### **Saksopplysningar:**

17. mai i Alver vert gjennomført av over 30 lokale komitear og grupperingar, med ulik formell organisering og samansetting. Storparten har deltaking eller leiing av FAU ved den lokale skulen. I tillegg er det somme markeringar som følgjer eldre skulekrinsar og markeringar ved til dømes minnestadar.

Kommunane har hatt avgrensa roller ved gjennomføringa av desse markeringane, som overordna kan karakteriserast som grunnleggjande samfunnsarrangement med sterk lokal forankring og tradisjonar. Detaljar for korleis markeringane gjennomførast er festa i grunnleggjande og djup lokal kunnskap og eit mangfald av tradisjonsbundne samarbeidsformar.

Alver kommune har hatt somme vurderingar og mindre roller knytt til 17. mai i 2020 og 2021, slik dei vart gjennomførte på avgrensa måte.

Saka legg prinsipielt opp til at kommunen bidrar til gjennomføring av 17. mai 2022 etter følgjande punkt:

#### 1. Kransar, blomar og talarar

I tidlegare Radøy og Meland kosta kommunen kransar totalt 9 plassar. Denne ordninga har fortsett i Alver. For kransar i tidlegare Lindås har Alver refundert utgifter fem stadar. Kommunedirektøren tilrår til å vidareføre dette i 2022. Val av talarar og tinging av blomar gjerast av den einskilde komite.

#### 1. Flagging

Nytt flaggreglement fastset at kommunen sentralt flaggar på Alver rådhus og kommunehusa på Manger og Frekhaug. Lokal flagging andre plassar ordnast lokalt, av lokale kommunale funksjonar og/eller frivilligheita. Dette er i heilskap tilsvarande som tidlegare år, med somme mindre skilnader, noko ein har fått erfaring med dei siste to åra. Det er vidare somme private flaggstenger med offentleg karakter, som vert flagga lokalt.

Det vert informert breitt om dette i forkant av årets arrangement.

#### 2. Bruk av kommunale lokale

Kommunedirektøren tilrår at bruk av kommunale lokale på 17. mai (t.d. idrettshallar og skular) ikkje vert fakturert for. Dette er i hovudsak vidareføring av tidlegare praksis, men med somme unntak t.d. for Radøyhallen. Kommunen sentralt fordeler tid i idrettshallane gjennom Aktiv kommune. Tradisjonsbunden tid i skular avklarast lokalt.

#### 3. Innsamling av program

Dei tidlegare kommunane hadde ulik praksis på korleis ein formidla 17. mai-programma i heilskap. Erfaringa dei siste åra har vist at komiteane i stor grad ordnar dette sjølve, gjerne i samarbeid med lokalavisene. Vidare er erfaringa at forsøk på innsamling og koordinering av informasjon om eit så stort tal program vert ei uforholdsmessig omfangsrik administrativ oppgåve, utan at ein kan garantere kvalitetssikra og oppdatert informasjon.

Kommunedirektøren tilrår at kommunen ikkje tek ei rolle i å samle inn program frå komiteane.



#### 4. Økonomi for komiteane

17. mai-komiteane sørgjer tradisjonelt sjølv for økonomiske forpliktingar knytt til feiringa. FAU Manger søkte kommunen i desember 2021 om tilskot til gjennomføring av feiringa i 2022, med grunnlag i at dei ikkje hadde hatt inntekter dei siste åra. Det har elles ikkje komme formelle førespurnadar om økonomisk bistand til komiteane.

Kommunedirektøren rår ikkje til å etablere tilskotsordning for 17. mai. Dei mange komiteane og grupperingane er sett saman og organisert på svært ulikt vis. Erfaringa frå mellombels tilskotsordning i Radøy i 2018/19, tilseier at ei innretting for heile Alver vil vere krevjande, og med behov for administrative ressursar som vil kunne få konsekvensar for andre tilbod.

Inntektene til den lokale 17. mai-kassa skal i hovudsak gå til innkjøp for påfølgjande år. Dette kan vere utfordrande etter to år med pandemi. Det er kommunedirektørens vurdering at bygdene og lokalsamfunna likevel bør handtere økonomien på eigenhand, som ved tidlegare år.

#### 5. Folkemøtet ved Meland kyrkje

Folkemøtet ved Meland kyrkje har eksistert i over 100 år, med kommunen som direkte medarrangør over ei årrekke. Markeringa går føre seg på formiddagen, med deltaking frå Grasdal, Vestbygd og Sagstad skular, samt korps, kyrkje og ungdomslag frå desse skulekretsane.

Kommunen ved politisk nivå/utvalslar har tradisjonelt leia komiteen, og administrative funksjonar har gjennomført bestilling av scene og busstransport.

Kommunedirektøren vurderer at ein ikkje kan endre kommunens deltaking ved markeringa utan at det får grunnleggande konsekvensar for gjennomføringa av 17. mai her. Kommunedirektøren tilrår derfor at kommunen held fram med rolla som medarrangør i 2022, med framtidig avklaring til handsaming på eit seinare tidspunkt.

#### 6. Kostnadar

Kommunens direkte kostnadar til kransar i heile kommunen, og utgifter til folkemøtet ved Meland kyrkje kjem på kr 70 000 inkludert usikkerheit knytt til prisauke.

#### **Kommunedirektøren si tilråding:**

- Alver kommunestyre godkjenner prinsipiell skisse for 17. mai 2022, slik det går fram av saka.
- Alver kommunestyre aukar ramma for samfunnsutvikling med kr 70 000 til gjennomføring av årets 17. mai-feiring
- Midlane vert henta frå disposisjonsfondet

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-223, FA-C11  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 14.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
026/22	Alver formannskap	24.03.2022
042/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

## Refusjonsordning for eigenbetaling/kontingent - fritidsaktivitet for flyktningbarn og -ungdom

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Alver kommunestyre godkjenner oppretting av søkbar ekstraordinær tilskotsordning for 2022, til inndekking av eigenbetaling/kontingent ved organisert fritidsaktivitet for flyktningbarn- og ungdom.
2. Alver kommunestyre godkjenner at Kommunedirektøren fastset retningslinjer basert på prinsippunkta i saka, lyser ut ordninga, og at tilskotsordninga vert forvalta på delegert vedtak ut 2022.
3. Alver kommunestyre løyver kr 200 000 til gjennomføring av tiltaket.
4. Midlane vert henta frå disposisjonsfondet
5. Status for ordninga vert orientert utval for oppvekst, kunnskap og kultur

### Alver formannskap 24.03.2022:

#### Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### FO- 026/22 innstilling:

1. Alver kommunestyre godkjenner oppretting av søkbar ekstraordinær tilskotsordning for 2022, til inndekking av eigenbetaling/kontingent ved organisert fritidsaktivitet for flyktningbarn- og ungdom.
2. Alver kommunestyre godkjenner at Kommunedirektøren fastset retningslinjer basert på prinsippunkta i saka, lyser ut ordninga, og at tilskotsordninga vert forvalta på delegert vedtak ut 2022.
3. Alver kommunestyre løyver kr 200 000 til gjennomføring av tiltaket.
4. Midlane vert henta frå disposisjonsfondet
5. Status for ordninga vert orientert utval for oppvekst, kunnskap og kultur

### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Bakgrunn

Saka har bakgrunn i den pågåande krigen i Ukraina, og forventta flyktningstraum til Noreg og Alver.

Det breie kulturfeltet har tydelege roller og høve for å rette innsats mot flyktningar, òg med basis i lokal erfaring frå tidlegare arbeid i Alver og dei tre tidlegare kommunane.

Per no førebur kulturtenestene ny innsats knytt til den tidlegare kommunale flyktningfadderordninga, innsamling og formidling av klede og utstyr, koordinering og samarbeid med frivilligheita, kartlegging av intern kompetanse og språkkunnskap, tilgjengeleggjering av ukrainsk- og russiskspråkleg litteratur, og informasjonsarbeid. I tillegg vert det kartlagt høve for innsats på lenger sikt.

Storparten av det organiserte kulturtilbudet i Alver vert drifta av lag og organisasjonar. Saka kastar lys på høva for å etablere ei enkel tilskots- og refusjonsordning knytt til utgifter ved å tilby plass innan organisert aktivitet til barn og ungdom som har flykta til Alver.

#### **Saksopplysningar:**

Per 15. mars melder FN's høgkommissær for flyktningar at 3 millionar ukrainarar så langt har flykta frå krigshandlingane i landet. Utviklinga viser konstant aukande tal på flyktningar frå krigen.

UDI har avgjort eit mellombels kollektivt vern for ukrainarar, og Noreg må førebu seg på ein stor flyktningstraum. Mange ukrainarar bur allereie i Noreg hos familie og vener på turistvisum, og manglar rettar som elles er knytt til asylregimet eller mellombels opphaldsløyve. Det er vidare usikkerheit knytt til lengda av krisa, kor mange som vil søkje asyl og som skal busettast. Ein kan forvente at ein større gruppe vil kunne opphalde seg i området før dei får rett på busetting.

Stordelen av flyktningane er kvinner og barn, og det er behov for brei innsats for å ta vare på sårbare menneske og inkludere dei i lokalsamfunnet på både kort og lenger sikt.

Kulturen og idretten i Alver er engasjerte og inkluderande aktørar, som er kjende for å stille opp. Inkludering i eksisterande aktivitet i nærmiljøet er eit tiltak vi kjenner som sentralt for å ta betre vare på sårbare barn og unge.

#### **Prinsipp for ordninga:**

Kommunedirektøren tilrår følgjande prinsipielle grunnlag for ordninga:

##### Formål:

Formålet for ordninga er å bøte på psykososiale skadeverknadar for sårbare flyktningbarn og -ungdom, og bidra til å inkludere desse i eksisterande aktivitet i nærmiljøet.

##### Økonomiske rammer:

Ordinga får ei ramme på kr 200 000 for 2022. Dersom behovet aukar utover dette, vil ein komme tilbake til status for ordninga og eventuell auka finansiering.

##### Kven omfattast av ordninga

Ordinga er retta mot flyktningbarn og -ungdom, som er busette eller oppheld seg i Alver.

Ordinga vil òg gjelde flyktningar frå andre land enn Ukraina.

##### Kva omfattast av ordninga

Inndekking av eigenbetaling og kontingent ved eksisterande organiserte fritidstilbod i Alver kommune, for flyktningbarn og -ungdom. Øvre grense er til og med 19 år.

Ordinga kan òg dekke mindre utgifter til personleg utstyr for å delta i aktiviteten, dersom dette ikkje kan skaffast på annan måte.

##### Søknadsprinsipp

Organisasjonen søker kommunen om inndekking for eigenbetaling/kontingent for eit tal plassar på eksisterande organiserte aktivitetar. Dersom søknaden vert positivt handsama, får søkerar refundert godkjende

utgifter fortløpande når plassane vert fylde.

Barnet/ungdommen skal gå inn og delta som normalt medlem av organisasjonen. Om ikkje søkjar frå før praktiserer inkluderingskontakt, bør tilsvarende funksjon etablerast.

Inkludering av flyktningbarn/ungdom er eit grunnleggande premiss for ordninga.

#### Andre tilhøve

#### Kulturskulen

Kulturskulen har auka tilbodet og elevtalet i Alver samanlikna med dei tidlegare kommunane, men har svært låge ventelister, som er i hovudsak knytt til stadbundne tilbod. I løpet av eit kulturskuleår vert det normalt somme ledige plassar, som kan om mogleg tilgjengeleggjerast for flyktningbarn og -ungdom utan å få konsekvens for andre barn og unge på venteliste.

Erfaring frå arbeid med å tilby elevplassar til flyktningbarn- og ungdom frå tidlegare, har vist somme praktiske og formelle utfordringar ved refusjon av eigenbetaling. Ordninga som ligg føre kan inkludere kulturskuletilbodet, utan å krevje generell auke av kulturskuledriftas rammer. Dersom det vert behov for å tilby eit større tal plassar, vil dette måtte vurderast og handsamast utanfor ordninga omtalt i denne saka.

Kommunedirektøren tilrår at ordninga omfattar eventuelle tilgjengelege kulturskuleplassar.

#### Alver kulturråd og Alver idrettsråd

Saka har vore drøfta i dialog med kulturrådet og idrettsrådet, som uttrykker at dei er positive til tiltaket, og har ingen merknadar.

Det har ikkje vore høve til å sende saka til full høyring til idrettsrådet og kulturrådet grunna avgrensa tid.

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-F31  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 18.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
016/22	Utval for helse og omsorg	22.03.2022
045/22	Alver formannskap	24.03.2022
043/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

## Busetting av flyktningar 2022 – nye oppmodingstal

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner å busetje 180 flyktningar i tråd med oppmodingstalet frå IMDI. Vedtaket inkluderer dei 28 som kommunen alt har vedtatt å busetje for 2022. Talet inkluderer ikkje familiesameinte.

### Utval for helse og omsorg 22.03.2022:

#### Handsaming:

Arngunna Haga-avdelingsleiar NAV orienterte i saka.

Utvalsleiar Ståle J. Hauge-AP sette fram følgjande framlegg til uttale:

*Utval for helse og omsorg kjem med følgjande uttale:*

*HO sluttar seg til kommunedirektøren sitt forslag med følgjande tillegg:*

*HO er positiv til å ta imot ytterlegare flyktningar etter oppmoding frå IMDI.*

S. Hauge-AP sitt framlegg til uttale vart samrøystes vedteke.

### HO- 016/22 uttale:

HO sluttar seg til kommunedirektøren sitt forslag med følgjande tillegg:

HO er positiv til å ta imot ytterlegare flyktningar etter oppmoding frå IMDI.

### Alver formannskap 24.03.2022:

#### Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### Framlegg frå KRF, SP, AP og H ved A.Hetlebakke-KRF:

Kommunestyret er opne for å ta imot ytterlegare flyktningar etter ev. oppmoding frå IMDI.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### FO- 045/22 innstilling:

Kommunestyret godkjenner å busetje 180 flyktningar i tråd med oppmodingstalet frå IMDI. Vedtaket inkluderer dei 28 som kommunen alt har vedtatt å busetje for 2022. Talet inkluderer ikkje familiesameinte.

Kommunestyret er opne for å ta imot ytterlegare flyktningar etter ev. oppmoding frå IMDI.

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for helse og omsorg

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Det er flyktningkrise i Europa som følgje av krigen i Ukraina. Kor mange ukrainarar som kjem til Norge er

usikkert. Ukrainske flyktningar får midlertidig kollektiv beskyttelse, Sjå informasjon frå Utlendingsdirektoratet (UDI) <https://www.udi.no/krisen-i-ukraina/> Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI) har bedt kommunane busette 35.000 flyktningar. Kommunestyret har tidlegare vedtatt at Alver kommune kan busette 28 flyktningar for 2022. Alver kommune vert no beden om å auke talet til 180 flyktningar i 2022. Dette inkluderer ikkje familiesameinte.

Det følgjande finansiering med kvar flyktning kommunen busett. Finansieringa er meint å skulle dekke dei kostnadene kommunane har ved busetting. Kommunen mottok støtte for kvar busett flyktning i fem år.

<https://www.imdi.no/tilskudd/integreringstilskudd/>

Kommunedirektøren vurderer at det er bra kompetanse i organisasjonen på å busette og integrere flyktningar. Kommunedirektøren vektlegg og det store engasjementet i Alversamfunnet med tanke på frivillig engasjement og svar på oppmodinga om å melde inn private bustader til utleige for flyktningar. IMDI ber om behovet for raskt svar, og ber om tilbakemelding på oppmodinga innan 31.mars.

### **Vurdering**

Situasjonen i Europa utfordrar oss alle. Det er ein heilt ekstraordinær innsats kommunane no blir beden om. Alver kommune er på lik line med dei andre kommunane i landet budd til å møte situasjonen som krev oss. Vi må vere innstilt på at dette ikkje er det siste oppmodingstalet som kjem frå IMDI dette året.

Alver kommune har i fleire år arbeidd godt med busetting- og integreringsarbeidet. I dei store busettingsåra 2016/2017 busette dei tre kommunane Lindås, Meland og Radøy omlag 150 flyktningar.

I utgangspunktet vurderer vi at flyktningar frå Ukraina raskt kan finne seg til rette i det norske samfunnet. I arbeidet med å busette flyktningar frå Ukraina må vi i tillegg til å nytte kommunale bustader ta i bruk den private bustadmarknaden. Det er naturleg nok usikkert kva tidshorisont vi som kommune skal planleggje for då både vi og dei som kjem ynskjer at folk skal returnere heim så snart det er mogeleg. Vi må likevel planleggje for at flyktningar frå Ukraina kan bli lenge i kommunen. Både introduksjonsprogram for vaksne og skuletilbod for born og unge må ta høgde for det usikre i situasjonen.

Alver kommune var raskt ute med å be folk som har ledige husvære å leige ut om å melde seg til bustadkontoret. Responsen på denne oppmodinga har vore god. I tillegg er kommunen godt i gang med og klargjere kommunale bustader.

Kommunedirektøren vil understreke at det er kompetanse til å busette og integrere flyktningar i vår organisasjon. Kommunen har etter to år med pandemi gjort erfaringar som er nyttig når vi på nytt må rigge organisasjonen til ein ekstraordinær innsats. Kommunedirektøren vil likevel understreke at ein situasjon med så mange flyktningar samtidig, vil utfordre kapasiteten i tenestene våre.

Sjølv om situasjonen er utfordrande vil Kommunedirektøren til slutt peike på det store frivillige engasjementet i kommunen og minne om at vi har ein arbeidsmarknad som melder om mange ledige stillingar.

### **Vedlegg i saken:**

21.03.2022

Ny oppmoding 2022 - busetting av flyktningar frå Ukraina

1711218

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-613  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 18.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
046/22	Alver formannskap	24.03.2022
044/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

## Bygningsmessige tiltak for mottak og busetting av flyktningar, budsjettmidlar

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner auke i budsjetttramma ved teknisk forvaltning og drift med kr 1,2 mill NOK inkl mva. Midlane blir henta frå disposisjonsfondet. Midlane er øyremerka tiltak for å klargjere bygg for midlertidig mottak og busetting av flyktningar, og blir justert for eventuell statleg medfinansiering.

### Alver formannskap 24.03.2022:

#### Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### FO- 046/22 innstilling:

Kommunestyret godkjenner auke i budsjetttramma ved teknisk forvaltning og drift med kr 1,2 mill NOK inkl mva. Midlane blir henta frå disposisjonsfondet. Midlane er øyremerka tiltak for å klargjere bygg for midlertidig mottak og busetting av flyktningar, og blir justert for eventuell statleg medfinansiering.

### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Bakgrunn

Alver kommune har sagt ja til å ta i mot 150 flyktningar frå Ukraina. Mottak, busetting og oppfølging av flyktningane er eit tverretatleg arbeid der dei ulike sektorane blir involvert i høve til ansvars- og oppgåveområde.

Teknisk forvaltning og drift har oppgåva med å sette i stand og klargjere ledige kommunale bygg og bustader til å ta i mot og busette kommunen sin andel av dei som kjem. Omfanget er avhengig av kva bestilling som kjem frå IMDI og UDI, og fordelinga mellom kommunal og privat innlosjering.

Det ordinære driftsbudsjettet har ikkje midlar til å kjøpe inn tilstrekkeleg med handverkstenester eller materiell/utstyr som må til for å klargjere dei kommunale bygningane raskt nok og i det omfanget det er behov for.

Førebel er mottaks- og busettingsapparatet i ei tidleg kartleggingsfase, og innretningane på eventuell statleg medfinansiering er ikkje klarlagt. Kommunedirektøren ser at kommunen må handle raskt når bestillingane etter kvart blir sendt ut til kommunane. Denne saka handlar om å ha ein beredskap og økonomisk handlingsrom når oppdraga kjem.

### Saksopplysningar:

Arbeidet blir koordinert av eit tverretatleg team både på rådmannsnivået og på gjennomføringsnivået.

Kartlegginga så langt har avdekket eit kostnadsoverslag i denne storleiken

Midlertidige lokale for mottak:

Det er lagt fram at ein kan nytte gamle Alversund skule som mottak ved behov. Skulen har kjøkken, garderober, dusj/toalett og store fellesareal. For å legge til rette for overnatting er det teknisk sett behov for å montere detektorar i nokre klasserom knytt til brannsikring. Dette er estimert til om lag 75 000. Ombygging er ikkje vurdert på noverande tidspunkt. Om dette vert aktuelt må ein komme tilbake til det i eiga sak som belyser behov og kostnader.

Ledige bustader som treng rask klargjering:

17 bustader i kommunalt eige står ledige og kan klargjerast raskt. Det har vore gjennomført synfaringar på alle bustader og avdekket varierende behov for tilrettelegging og vedlikehald. Samla kapasitet i desse einingane er om lag 70 sengeplassar.

Det er behov for vedlikehald på kjøkken, overflater, noko elektroarbeid og sanitæranlegg. Dei fleste kostnadene knytter seg til lettare oppussing av overflater.

Kostnadsoverslaget er gjort hurtig og ein har ikkje hatt høve til å gå detaljert inn i alle vurderingar knytt til klargjering. Estimatet på kostnader for rask klargjering er sett til 1,2 mill NOK inkl mva.

Ein har då lagt til ein post for uføresett på 20%. Denne kan vere naudsynt å nytte t.d for å leige inn hjelp til å få utført ein del av arbeidet dersom ein ikkje har kapasitet til å få arbeidet raskt nok gjennomført i alle husværa.





**Arkiv:** FA-H12  
**JournalpostID:** 22/18521  
**Saksbehandler:** Leni Dale  
**Dato:** 04.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
014/22	Eldreråd	21.03.2022
025/22	Alver formannskap	24.03.2022
	Alver kommunestyre	
013/22	Utval for helse og omsorg	22.03.2022

## Auka kapasitet sjukeheims plassar

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å auke tal sjukeheims plassar med 6.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren sette i gang ein utgreiingsprosess for oppretting av sengepost i tidlegare sjukeheim Såta bu og servicesenter underetasje. Det vert å koma attende med eiga sak om dette i 2022.

### Eldreråd 21.03.2022:

#### Handsaming:

Leni Dale-kommunalsjef helse og omsorg orienterte i saka.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg i møtet:

Eldrerådet slutter seg samrøystes til kommunedirektøren si innstilling som mellombels løysing. Eldrerådet forventar at framtidig behov for tenester blir grundig belyst i kommunedelplan for helse, sosial og omsorg og at dette blir gjenspegla i planen.

Felles framlegg til uttale vart samrøystes vedteke.

### ER- 014/22 uttale:

Eldrerådet slutter seg samrøystes til kommunedirektøren si innstilling som mellombels løysing. Eldrerådet forventar at framtidig behov for tenester blir grundig belyst i kommunedelplan for helse, sosial og omsorg og at dette blir gjenspegla i planen.

### Utval for helse og omsorg 22.03.2022:

#### Handsaming:

Leni Dale-kommunalsjef helse og omsorg orienterte i saka.

Utvalsleiar Ståle J. Hauge (AP) sette fram følgjande framlegg til uttale:

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande uttale:

*HO sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med følgande endring:*

*Endring i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak punkt 2 etter punkum i første setning; og nye eigna lokaler for dagtilbodet for demente.*

Utval for helse og omsorg vedtok samrøystes framlegg til uttale.

#### **HO- 013/22 uttale:**

HO sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med følgende endring:

2. Kommunestyret ber kommunedirektøren sette i gang ein utgreiingsprosess for oppretting av sengepost i tidlegare sjukeheim Såta bu og servicesenter underetasje og nye eigna lokaler for dagtilbodet for demente. Det vert å koma attende med eiga sak om dette i 2022.

#### **Alver formannskap 24.03.2022:**

##### **Handsaming:**

##### **Fellesframlegg frå Sp, AP, KrF og H ved Ø.Oddekalv-AP:**

Endring i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak punkt 2 etter punkt om i første setning; og nye eigna lokale for dagtilbodet for demente.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg, med endring, vart samrøystes vedteke.

#### **FO- 025/22 innstilling:**

1. Kommunestyret vedtek å auke tal sjukeheims plassar med 6.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren sette i gang ein utgreiingsprosess for oppretting av sengepost i tidlegare sjukeheim Såta bu og servicesenter underetasje og nye eigna lokale for dagtilbodet for demente. Det vert å koma attende med eiga sak om dette i 2022.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i eldreråd og utval for helse og omsorg

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### **Bakgrunn**

Den demografiske utviklinga dei seinare år og fram mot 2040 viser ei stor auke i tal eldre over 80 år. Kommunedelplan for helse, sosial og omsorg legg til grunn status og utfordringar for sektoren i dag, prognosar, synleggjering og planlegging for framtidig tenestebehov. Arbeidet med kommunedelplanen er godt i gang og det er venteleg at planen kan sendast ut på høyring hausten 2022.

Behovet for nye plassar er no så akutt at ein kan ikkje vente til arbeidet med kommuneplanen er ferdigstilt. Alver kommune kan ikkje i dag ta i mot alle utskrivingsklare pasientar. Kommunen har i tillegg ventelister til langtidsopphald.

#### **Saksopplysningar:**

Alver kommune har 231 heildøgns omsorgsplassar for eldre. Dette er 176 sjukeheims plassar og 55 omsorgsbustader med heildøgns bemanning.

Kommunen har til ei kvar tid utskrivingsklare pasientar på sjukehus og venteliste til langtidsopphald. Viser til orientering i råd, utval og kommunestyret om status i oktober 2021, (vedlegg 1). Kommunen nyttar tilgjengelege plassar fullt ut. I 2020 var samla beleggsprosent i dei fire sjukeheimane 97,95 % og i 2021 var samla belegg 101,07 %.Belegget indikerer at det ikkje er tilstrekkeleg kapasitet i sjukeheimane i kommunen.

Retten til sjukeheims plass er lovfesta i pasient- og brukerrrettighetslova § 2-1 e. Du har rett til sjukeheims plass når dette er det einaste tilbodet som kan sikre deg nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester.

Viser elles til Forskrift til helse- og omsorgstjenesteloven om kriteria for rett til langtidsopphold i Alver kommune, fastsett av Alver kommunestyre 18. februar 2021 med heimel i lov 24. juni

### Tal pasientar på venteliste til langtidsopphald

År	15.04	15.08	15.12
2020	9	8	6
2021	6	6	8

Mangel på langtids plassar fører til at pasientar som er for dårlege til å bu heime og som skulle hatt langtids plass, i staden for må få korttids plass i påvente av at det blir ledig langtids plass. Ein konsekvens av dette er mangel på korttids plassar. Mangel på korttids plasser fører til at pasientar som skulle hatt korttids plass i sjukeheim vert liggande på sjukehus i påvente av ledig korttids plass.

### Tal utskrivingsklare pasientar i sjukehus frå Alver kommune

År	Pasientar	Døgn
2020	49	193
2021	102	428
2022 januar	14	40
2022 februar	18	55

Betaling for utskrivingsklare pasientar:

2020: 1.028 000

2021: 2.256 000

Døgnsats: 5306,-

Kommunen er forplikta til å ta imot utskrivingsklare pasientar til sjukeheimsopphald – jfr. overordna samarbeidsavtale med Helse Bergen HF, tenesteavtale 3 og 5 for samarbeid om inntak i og utskrivning frå spesialisthelsetenesta innan somatikk for barn, unge og vaksne.

Kommunen har vedvarande utfordringar med:

- å klare å skaffe nok ledige sjukeheims plassar til alle som har behov
- å skaffe rett type plass ift behova

Kommunen har i løpet av 2021 auka med 1 fast sjukeheims plass, kjøpt ein plass i Modalen kommune og hatt overbelegg på alle sjukeheimane ved å ha pasientar på dobbeltrom. Alver kommune har for tida avtale om kjøp av 2 sjukeheims plassar i Modalen kommune ut 2022. P.t er det ikkje mogleg å få kjøpa fleire plassar.

Løysinga med å nytte dobbeltrom er ikkje alltid så lett å få til, då det er mange som ikkje kan bu saman med andre på grunn av medisinske og kognitive utfordringar.

Det er for låg kapasitet på plassar i kommunen ut frå behov. Slik situasjonen er vert det vurdert behov for å gjera nokre tiltak før kommunedelplan og bustadsosial handlingsplan er vedtatt.

Alver kommune har samarbeidsavtale om øyeblikkeleg hjelp- senger ut 2022 med 5 kommunar, organisert under Nordhordland legevakt. Det er 6 sengerom/ plasser sett av til dette føremålet.

Belegget er på 2-3 pasientar i døgnet og gjer at det til ei kvar tid står ledige senger. Personellressursane vert nytta i legevakta, der det er eit auka personellbehov. (Dette vert ein del av arbeidet med reetablering av legevaktsamarbeidet med alle kommunar.)

Då Alver kommune har eit stort behov for sengeplassar og mange utskrivingsklare pasientar på sjukehus, har ein førespurd samarbeidskommunane om å «overta» tre plassar frå no av. Det vil seie at Alver betaler full husleige for halve sengeposten og organiserer dette under sjukeheimstenesta med eigen bemanning. Alle samarbeidskommunane har gitt tilbakemelding på at dette er i orden for deira del.

#### Tiltak på kort sikt: Auka tal sjukeheimplassar med 6

Tiltak	Bemanning	Årsverk	kostnad
5 plassar i Helsehuset ved å ta i bruk 3 rom ved ØHD-sengepost, 9 mnd drift	2 på dag og kveld 1 på natt	7.6	3.705.000 +697.500(husleige) +400.000 anna netto driftsutg. = 4.8025.000
1 ekstra plass plass ved Meland sjukeheim avd. Solkroken - korttidsavdeling	Bemanningsfaktor 0,9 årsverk pr plass	0,9	439.000
	total	8.5	5.241.500

Plassane i Helsehuset vert organisert under Knarvik sjukeheim avd.3, korttidsavdeling

#### Økonomi:

Samla driftskostnad for 6 nye sjukeheimplassar i 9 .mnd. : 5.241.500,-

**Netto auka driftsramme nye plassar : 4.810.000,-**

#### Tiltak på litt lengre sikt – i løpet av 2022:

Opprette sengepost i tidlegare sjukeheim Såta bu og servicesenter

Plasser: 12

Konsekvens er at dagtilbodet for demente må flyttast til andre eigna lokaler.

Dette må utgreiast nærare. Det vert å koma tilbake med ei eige sak.

#### Ikkje budsjetterte tiltak som pr. i dag vert nytta og som vil kunne halde fram:

Tiltak	Kostnad
Kjøp av 2 sjukeheimplassar i anna kommune pr. år	2.670.000,-
2 ekstra plasser i dobbeltrom ved Knarvik sjukeheim	1.170.000,-
1 ekstra plass ved Lindås bu og servicesenter:	520.000,-
Ressurskrevjande einetiltak, forventast kortvarig	ikkje stipulert kostnad p.t..

Det vert å koma attende med kostnaden for dette i tertialrapporteringa.

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-D11  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 14.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
031/22	Alver formannskap	24.03.2022
046/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

## Rammeløyving, rehabilitering Ostereidet kunstgras

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret vedtek å rehabilitere kunstgrasanlegget på Ostereidet innanfor ei kostnadsramme på kr 9 400 000 kr med følgande føresetnader:

- Rehabiliteringa skal omfatta speledekke, nødvendige fysiske tiltak i høve ureiningsforskrifta og lysanlegg.
- Det vert nytta kunstgras med syntetisk granulat.
- Tiltak 5-7 på prioriteringslista vert gjennomført dersom det er mogleg innanfor vedteken ramme.

Auka på 3 400 000 kr finansierast med 680 000 kr i mva refusjon og 2 720 000 kr i auka låneopptak»

### Alver formannskap 24.03.2022:

#### Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### FO- 031/22 innstilling:

«Kommunestyret vedtek å rehabilitere kunstgrasanlegget på Ostereidet innanfor ei kostnadsramme på kr 9 400 000 kr med følgande føresetnader:

- Rehabiliteringa skal omfatta speledekke, nødvendige fysiske tiltak i høve ureiningsforskrifta og lysanlegg.
- Det vert nytta kunstgras med syntetisk granulat.
- Tiltak 5-7 på prioriteringslista vert gjennomført dersom det er mogleg innanfor vedteken ramme.

Auka på 3 400 000 kr finansierast med 680 000 kr i mva refusjon og 2 720 000 kr i auka låneopptak»

### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskap.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

### Bakgrunn

Kunstgrasbana på Ostereidet er frå 2001. Både speledekket og lysarmatur er såleis langt eldre enn forventa levetida på 10 til 15 år. Kontrollmåling av lysanlegget utført i 2020 viser at lysstyrken er lågare enn ein fjerdedel av minstekravet for kampar for aldersbestemt fotball. Tilstandsrapport utført av Norges fotballforbund i 2020 konkluderer med at speledekket må rehabiliterast.

Kommunestyret har sett av 6 millionar til prosjektet i økonomiplanen. I same vedtak vart administrasjonen beden om å koma attende med sak som viser ønska tiltak ut over sjølve banedekket med kostnadsoverslag.

Forskrift for anlegg finansiert av spelemidlar stiller krav om at anleggseigarar vurderer alle sider av eit anlegg i samband med rehabilitering.

### Saksopplysninger:

«Rehabilitering av anlegget står i Alver kommune sin anleggsstrategi som er utforma i samarbeid mellom kommunen og Alver Idrettsråd.

I tillegg til kvaliteten på sjølve speledekket og lysanlegget, manglar anlegget på Ostereidet eige driftsutstyr og lagerbygg for slikt utstyr. Vidare manglar garderobe/toalettbygg. Dette er i dag løyst gjennom sambruk med bassengbygget nord for bana.

Overvatn frå områda kring barneskulen, friidrettsbana og bassengbygget går i rør under bana. Overvatn frå aust- og vestsidene går rett i grunnen under bana. Utforminga av desse løysingane er ikkje tilfredsstillande. For det største nedløpet frå nord, er tryggleiken heller ikkje tilfredsstillande.

Det har vore nytta ei prosjektgruppe i januar til mars 2022 med representantar frå Eikanger IL, eigeomsforvaltning, drift og vedlikehald og kultur. Prosjektgruppa sitt mandat var å føreslå løysingar ut frå vurderingar kring miljø, brukaroppleving og omsyn til drift og vedlikehald. Representant for skulane og Alver Idrettsråd har vore nytta som referansar. Det har i tillegg vore nytta eksterne rådgjevarar for å kvalitetssikra kostnadsoverslag for grunnarbeid, banedekke og lysanlegg.

I samband med arbeidet i prosjektgruppa, er Eikanger IL førespurd om laget ønskjer å bidra med eigne midlar for å realisera anten garderobebygg, lagerbygg eller nærmiljøtiltak ut over sjølve kunstgrasdekket. Idrettslaget har sagt førebels nei, men opna for å vurdere dette på nytt seinare.

Prosjektgruppa sin rapport føreslår følgjande tiltak i prioritert rekkefølge. Kostnadsoverslaga i dei to kolonnane til høgre er medrekna mva og 20% sikkerhetsmargin;

<b>Tiltak</b>	<b>Omtale</b>	<b>Kostnad inkl. 20%</b>	<b>Totalt</b>
1A	Dreneringstest. Rådgjevande ingeniør grunnarbeid, speledekke og lysanlegg. Ansvarleg søkar byggesak og byggesaksgebyr.	300	
1B	Grunnarbeid, ringmur, gjerder, samt tiltak ved kulvertar og kummer.	3 010	
1C	Demontering, avhending og montering av nytt speledekke.	4 290	
2	Lysanlegg; demontering, avhending, nye fundament og nytt anlegg.	1 800	<b>9 400</b>
3A	Masseutskifting, planering og lagerbygg for vedlikehaldsutstyr 50 m2 austside.	925	
3B	Vedlikehaldsutstyr; spesialtraktor, slodd/harv og brøyteskjær.	600	<b>1 525</b>
4	Masseutskifting, planering og bygg for garderobe, WC og kiosk 150m2 austside.	5 250	
4B	Vedlikehaldsutstyr; spesialtraktor, slodd/harv og brøyteskjær.	600	<b>5 850</b>
5	Støyping av fundament til mindre lagerbygg vestre langside.	60	
6	Etablera ramme og fast dekke eller kunstgras rundt sandvolleybana.	165	
7	Etablera ståltrappe ned frå parkeringsplass nordaust hjørnet.	190	<b>415</b>
8	Skifta granulat frå SBR til miljøbane av type Bioflex eller tilsvarande.		<b>625</b>

9	Skifta frå SBR-granulat til anna syntetisk granulat av type TPE eller EPDM.		1 200
10	Oppgradering lysanlegg til 350 lux (krav for 3. divisjon)		900

## Vurdering banedekke

Eit kunstgrassystem består av fire hovuddelar. Underlagspad, kunstgrasmatte, stabiliserande sand og dempande granulat. Miljøspørsmålet handlar i hovudsak om å velja mellom syntetisk og organisk granulat.

Ein ny paragraf som vart lag til ureiningsforskrifta i 2021 pålegg anleggseigar å velja organisk granulat dersom det kan gjerast utan det forskrifta kallar «urimeleg stor ulempe og kostnad». Kva som er urimeleg ulempe og kostnad, er ei subjektiv vurdering. Vel ein syntetisk innfyll pålegg forskrifta anleggseigar å kompensera med fysiske tiltak som heldt granulat inne på anlegget. I praksis er ein ringmur i betong og gjerder med færrest mogleg opningar det beste tiltaket for å hindra at granulat vert spreidd. Denne løysinga er ønskeleg uavhengig av kva type bane ein vel. Med mur og gjerde kan talet inngangar reduserast til eit minimum, og det kan monterast rister og kostar ved inngangar. Dette hindrar at jord, stein og anna skit kjem inn på bana. Dette lettast vedlikehaldet og aukar levetida på bana. Ved snørydding syter mur og gjerde for at snø og granulat ikkje kjem utanfor sjølve baneområdet. Det gjer det lettare for driftspersonell å få granulaten inn att mot midten av bana når våren kjem. Å byta ut asfaltramme med mur sparar og kostnadar på lang sikt, då ringmur i betong har svært lang levetid. Ved framtidige rehabiliteringar treng ein då berre bytta sjølve speledekket. Gjerda har og ein viktig funksjon for tryggleik for dei som er på utsida av bana, og for å hindra tap av ballar ved trening i den mørke årstida. Det er heller ingen som kan seia sikkert kva veg utviklinga går for kunstgrasbaner i høve frostproblematikken. Har ein mur på plass, vil anlegget vera førebudd uansett kva løysingar som gjeld neste gong speledekket må rehabiliterast. Kommunedirektøren ser det slik at dette tiltaket bør gjennomførast på Ostereidet uavhengig av kva type bane ein vel.

For vedlikehald elles er det liten skilnad i driftsrutinar og kostnadar. Etterfylling av organisk granulat er oppgitt å vera noko dyrare. Men omfanget er så lite at denne kostnaden ikkje bør ha avgjerande vekt.

Økonomisk er innkjøp av organisk speledekke rekna å vera kring 600 000 dyrare enn bruk av tradisjonell SBR.

Syntetisk innfyll er utprøvd gjennom mange år, og gir god brukaroppleving. Organisk innfyll er enno forholdsvis nytt på marknaden. Det er usikkerheit særleg kring brukaropplevinga ved kaldt vør, der nokre av desse banene er meldt å verta harde. Det organiske fyllet fryser og noko fortare. Tilbakemelding frå både leverandørar og brukarar, er at ein må rekna med fleire dagar med stengt bane i vinterhalvåret. Ostereidet har kaldare klima enn store delar av Alver, og bana ligg og plassert i eit særleg kuldeutsett område.

Grunna at organiske baner enno er forholdsvis nytt på marknaden, er det og ein viss usikkerheit kring forventa levetid for heile kunstgrassystemet.

Spørsmålet om syntetisk eller organisk granulat vart handsama av Alver Idrettsråd og kommunestyret i 2021 i samband med rehabilitering Knarvik kunstgras. Både idretten sine representantar og fleirtalet i kommunestyret røysta for syntetisk granulat. Verken idrettsrådet eller Eikanger IL sine representantar i prosjektgruppa har signalisert ønske om å prøva ut organisk innfyll på Ostereidet.

Ut frå ei samla vurdering finn kommunedirektøren å tilrå val av syntetisk granulat.

## SBR, TPE og EPDM

Det finst fleire typar syntetisk granulat. Den mest brukte er såkalla SBR. Dette er dei tradisjonelle svarte kulene som oftast er laga av resirkulerte bildekk. TPE og EPDM er nyproduserte, syntetiske materiale. Dei nyproduserte materiale fjernar risikoen for tungmetall. Men nyprodusert materiale gir på si side forbruk av nye naturressursar. TPE skårar høgare på brukaroppleving enn EPDM, men kjem dårlegast ut på Miljødirektoratet sin rapport om CO<sub>2</sub> utslepp gjennom heile levetida til produkta. Felles for alle tre er at dei inneheldt polymerer, og difor krev fysiske tiltak etter forskrifta. Å byta frå SBR til TPE eller EPDM er rekna å kosta om lag 1,2 millionar

ekstra. Kommunedirektøren meiner denne ekstrakostnaden er for høg, og tilrår difor bruk av SBR.

### Lysanlegg

Eit godt fungerande lysanlegg er avgjerande for bruken av bana i tida frå september til mars. På Ostereidet viser målingar at dagens anlegg gir langt lågare lysstyrke enn det absolutte minstekravet. Dagens master er for låge. Master og fundament er heller ikkje dimensjonert for den vekta som trengs dersom ein skulle ha montert tilstrekkeleg tal armatur til å oppfylla lyskravet.

Å montera nytt lysanlegg i ettertid, vil gje praktiske utfordringar med gravearbeid i kanten av det nye banedekket, og auka total kostnad. Det vi og krevja bruk av tung mobilkrane på kunstgraset, noko som gir høg risiko for skade på speledekke og underlagspad. Det er kommunedirektøren si vurdering at rehabiliteringa ikkje bør setjast i gang, dersom det ikkje er midlar til å rehabilitera lysanlegget før underlagspad og nytt kunstgras vert lagt.

### Garderobebygg, lagerbygg og driftsutstyr

Det einaste aktuelle arealet for å byggja desse funksjonane er arealet som ligg mellom austsida av bana og kommunevegen. Her har Eikanger IL allereie ført opp eit mindre kioskbygg. Riving av dette bygget kan verta nødvendig for å få til ei formålstenleg løysing. Både plassbehov og krav i forskrift for spelemidlar, gjer at det trengs minimum 150 m<sup>2</sup> for eit samla bygg. Eit lagerbygg åleine vil krevja minst 50m<sup>2</sup>.

Ein eventuell byggjesøknad krev ferdige teikningar. Det er heller ikkje etablert tilfredsstillande avløp frå dagens kioskbygg. Å ta inn eit eller to nybygg i sjølve baneprosjektet, vil forseinka prosessen med byggjesøknad. Det vil gje høg risiko for at baneprosjektet ikkje vert ferdig innan utgangen av august. Løysing for garderobeanlegg vil og vera mogleg å sjå i samheng med eventuell bygging av Osterhallen.

Ut frå desse vurderingane tilrår kommunedirektøren at garderobe/lagerbygg ikkje vert tatt med i rehabiliteringa. Desse tiltaka bør vurderast som eige prosjekt i arbeidet med idrettsplan. Innkjøp av driftsutstyr bør ikkje gjerast før eit lagerbygg står klart.

### Vedlegg

- Sluttrapport prosjektgruppa for rehabilitering Ostereidet kunstgras (2022)
- Kostnadsoverslag utarbeidd av Sweco og eigeidomsforvaltning (2022)
- Notat med løysingsforslag for lysanlegg, utarbeidd av Norconsult (2022)
- Tilstandsanalyse av kunstgrasbana, utarbeidd av Norges Fotballforbund (2020)
- Notat lysmåling dagens lysanlegg, utarbeidd av KM konsulenttenester AS (2020) »

### Vedlegg i saken:

14.03.2022	SLUTTRAPPORT Prosjektgruppe Ostereidet kunstgras	1707053
17.03.2022	NFF Tilstandsrapport Ostereidet kunstgras	1707054
17.03.2022	Kostnadsoverslag Ostereidet kunstgras Sweco	1707055
17.03.2022	D02_Ny belysning Ostereide - Alternativer og kostnadsoverslag	1707056
17.03.2022	Ostereide 11'er bane_Kontrollmåling	1707057



**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-243, FA-U00  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 16.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
015/22	Utval for næringsutvikling og drift	23.03.2022
047/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

## Tildeling kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemder

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Alver kommune slår saman dei to siste tildelingane frå departementet til ei samla fordeling på kr 1.719.000.
- Alver kommune tildeler støtte til bedriftene som har søkt etter modell B med trapper, slik det er lagt fram i saka.

### Utval for næringsutvikling og drift 23.03.2022:

#### Handsaming:

Utvalet handsama saka for lukka dører etter Offentleglova §13 1.ledd jf fvl. §13 1. ledd nr 2. Saka var open under avrøysting.

Tove Hagenes-hovudprosjektlear Samfunnsutvikling orienterte i saka.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

### ND- 015/22 innstilling:

- Alver kommune slår saman dei to siste tildelingane frå departementet til ei samla fordeling på kr 1.719.000.
- Alver kommune tildeler støtte til bedriftene som har søkt etter modell B med trapper, slik det er lagt fram i saka.

### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for næringsutvikling og drift

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Alver kommune har motteke to tildelingar frå departementet i kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemder, pålydande kr 1.084.000 og kr 635.000, til saman kr 1.719.000, som skal fordelast vidare til lokalt næringsliv som er særleg råka av smitteverntiltak.

Den siste tildelinga på kr 635.000 har nyleg blitt sendt ut til kommunane, og har ikkje blitt annonsert spesifikt. Alver kommune har motteke totalt 14 søknadar til søknadsfristen 1. mars. Ni av dei 14 har søkt kommunalt kompensasjonsfond tidlegare. Søkjarar har søkt i søkeportalen Regionalforvaltning.no. Kompensasjonsordninga skal gjelde for verksemder i Alver kommune som er særleg råka av smitteverntiltak. Departementet har inntil den siste tildelinga gitt kommunane romslege vurderingskriterier for kompensasjon. I den siste tildelinga på kr 635.000 oppfordrar departementet til tildeling til råka verksemder innan reiseliv, servering, kultur, fritid og til

nyoppstarta verksemdar, og at ein utover dette kan innrette tildeling etter lokale tilhøve. Eit vesentleg kriterie er at midlane skal fordelast etter tilhøve raskt.

Utval for næringsutvikling og drift har tidlegare vedtatt at kompensasjonsordninga skal nyttast innanfor to område:

- Dekke faste kostnader som løn, husleige, straum, forsikring og andre løpande utgifter.
- Dokumentert fall i omsetnad. Her må verksemdene leggje fram relevant dokumentasjon for å synleggjere omsetnadssvikt.

Nivået på stønaden heng saman med tal søkjarar. Kommunen har i forkant informert søkjarar om at ein tar i bruk ein sjablongmessig reduksjon av kompensasjonsbeløp ved mange søknader.

I utlysingsteksten har det blitt nemnt at søkarar som ikkje har søkt tidlegare kan bli prioritert, men at alle kan søkje.

### Krav til søknad

- Søkjarar må stadfeste at dei samla over tre rekneskaps-år ikkje har motteke offentleg stønad på meir enn 2,3 mill Euro.
- Skatteattest skal ligge ved søknaden.
- Verksemda må ikkje vere under konkursbehandling eller avvikling, men kan vere nyoppstarta.
- Vidare må verksemdar drive lovleg og ha betalt skattar, avgifter og forskotstrekk.

### Vurdering

Kvalifiserte søkjarar har levert dokumentasjon. Verksemdene har registrert fall i omsetnad i form av tapssum og søkesum i søknadsportalen.

Då det er eit kriterie at midlane skal utdelast raskt, og vidare at begge tildelingssummane er relativt små i høve til tidlegare og i høve til samla søkesum, vil det vere formålstenleg å dele ut midlane samla for inneverande søknadsfrist. I annonseringa har det vore framheva at alle kan søkja, også bransjane som departementet set i fokus ved siste tildeling. Ein har motteke søknader frå overnatting-, serverings- og kulturbransjen.

Utgangspunktet for fordeling er søknadssum frå den einskilde søkjar. Det er mogleg å leggje opp til fleire alternative fordelingsnøklar. Rådmannen legg fram fire ulike alternativ til fordeling av midlane.

Alternativ A: Her er det tatt utgangspunkt i ei lik prosentvis fordeling for alle kvalifiserte søkjarar.

Alternativ A med tak: Her er det tatt utgangspunkt i ein lik prosentvis fordelingssum, men med eit valt tak på kr 350.000 for søkjarar med søknadssum på over 1 million kr.

Alternativ B: Her har ein valt tre ulike, vilkårlege trappesatsar ut frå størrelse på søkesummen.

Alternativ C: Her har ein kun vurdert nye søkjarar og tatt utgangspunkt i ei lik prosentvis fordeling.

	A Lik prosentfordeling- Søkesum	A m/"tak"	B "Trapper"	C Nye søkere, lik prosentfordeling	
0<T>1 mill	12,30	10,00	40.000	90	tap under 500.000
T>1 mill	jevnt fordelt	10,00	160.000		tap mellom 500' og 1 mill
		Tak 350.000	270.000		tap over 1 mill

### Tilråding

Kommunedirektøren tilrår å slå saman dei to tildelingane på totalt kr 1.719.000 for å raskast mogleg kunne dele ut midlane og fordi kr 635.000 er eit forholdsvis lite beløp å dele ut separat. Vidare har alle bransjar og verksemdar hatt høve til å søkje, og kommunen har også motteke søknader frå bransjane departementet

oppfordrar at den siste tildelinga skal knytast til.

Kommunedirektøren tilrår å bruke alternativ B med trapper. Alternativ C vert ikkje tilrådd då det ikkje er nye søkjarar innan nemnde bransjar her.

Sakshandsaminga er framleis under arbeid, og førebels oversikt over søkjarar, søkesum og forslag til tildeling blir lagt ved saka som vedlegg.

**Vedlegg i saken:**

16.03.2022	tilskotsbrev-kommunal-kompensasjon-runde-6	1709444
16.03.2022	Statsbudsjett 2022 - Tilskuddsbrev kommunal kompensasjonsordning for lokale virksomheter (L)(650778) (004)	1709445

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-601, FE-140  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 14.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
029/22	Alver formannskap	24.03.2022
048/22	Alver kommunestyre	07.04.2022
013/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	21.03.2022

## Oppdatert innkjøpsstrategi Alver kommune

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Oppdatert innkjøpsstrategi for Alver kommune vert vedteke.

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 21.03.2022:

#### Handsaming:

Orientering til saka v/Martin Kulild-ass.kommunedirektør  
Saka vert teke til orientering, samrøystes.

### RMNF- 013/22 uttale:

Saka vert teke til orientering.

### Alver formannskap 24.03.2022:

#### Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### FO- 029/22 innstilling:

Oppdatert innkjøpsstrategi for Alver kommune er vedteke.

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i råd for menneske med nedsett funksjonsevne  
Saka skal til innstilling i formannskapet  
Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Alver formannskap 24.03.2022:

Handsaming:

#### FO- 016/22 innstilling:

Innkjøpsstrategi for Alver kommune vert vedteke.

### Bakgrunn

Det er utarbeidd framlegg til innkjøpsstrategi for Alver kommune, med prioriterte mål om felles og samordna strategiar for kommunen. Denne er oppdatert i tråd med vedtak i sak 021/22.

### Saksopplysningar:

Strategidokumentet beskriv mål og strategiar for korleis Alver kommune skal bli ein meir profesjonell og samfunnsbevisst innkjøper. Innkjøpsstrategien skal bidra til at kommunen gjennomfører formålseffektive og

samfunnsbevisste anskaffingar i tråd med gjeldande lov og regelverk om offentlege anskaffing. Strategidokumentet skal legge føringar for strategiske val på eit overordna nivå, og det vil bli utforma ein handlingsplan som skal underbygge strategien og dei konkrete tiltak i innkjøpsstrategien. Kommunen har i arbeidet med strategien (og innkjøpsreglementet) og lagt vekt på å stø opp om antikorrupsjonsarbeidet til KS og Transparency Norge, samt intensjonane i FN's bærekraftmål.

Ved handsaming i kommunestyret 24.02.2022 i sak 021/22 vart det gjort følgjande vedtak: Kommunestyret ber rådmann innarbeida vedlagte punkt i innkjøpsstrategi Alver kommune og leggja det fram for kommunestyret for endelig vedtak.

Overordna i innleiinga:

*Alver kommune skal gjennomføra gode anbudsprosessar for å fremja eit trygt arbeidsliv og unngå sosial dumping. Dette er innarbeida i innleiinga.*

*Kommunestyret ber rådmannen innarbeida retningslinjer ved bruk av reserverte og inkluderande kontraktar i Alver kommune som følger:*

- 1. Ved planlegging av eit innkjøp skal det gjerast ei vurdering av om kontrakten kan egne seg som ei reservert kontrakt etter reglane om slike kontraktar i anskaffelsesforskrifta. Konklusjonen skal grunngjevast, anten i innkjøpsprotokoll eller i eige notat.*
- 2. Dersom kontrakten ikkje eignar seg som ein reservert kontrakt, skal det gjerast ei vurdering av om kontrakten eignar seg om ein inkluderande kontrakt. Det skal vurderast korleis kravet om en viss bruk av tilsette som har nedsett funksjonsevne/arbeidsevne, eller som av andre grunnar har spesielle utfordringar på arbeidsmarknaden, kan fungere mest mogleg føremålstenleg for det aktuelle innkjøpet. Konklusjonen skal grunngjevast, anten i innkjøpsprotokoll eller i eige notat.*
- 3. Dersom korkje reservert kontrakt eller inkluderande kontrakt vert vurdert som egna, vert innkjøpet utlyst på vanleg måte, etter dei reglane som gjeld i anskaffelsesforskrifta.*
- 4. Kommunestyret ber om rapportering i årsmeldinga.*

Dette er innarbeida i innkjøpsstrategien, som nytt delmål 5. (Punkt 4. er lagt til som nytt kulepunkt under implementering og rapportering).

I tillegg gjorde kommunestyret følgjande vedtak i same sak:

*Kommunestyret ønskjer at meir av kommunen sine innkjøp vert gjort frå lokale næringslivsaktørar herunder vektlegging av å ivareta butikkane i lokalsamfunna, og ber om at rådmannen kjem tilbake med eigen sak med tiltak jmf. delmål 3 i strategien.*

Denne delen av vedtak saka vert det å kome attende med i eigen sak, til hausten 2022. Gjeldande rammeavtale (gjennom «Bergensavtalen») må vere fornya innan 1.7.22 for å unngå innkjøp i strid med lov og forskrift - samt kommunens innkjøpsstrategi og innkjøpsreglement. Den nye avtalen som inngås saman med Bergen, vil truleg binde kommunen for 2 år, men denne tiden kan nyttast til å være i dialog med kommunestyret om ambisjonsnivå og å lyse ut annbød og inngå kontraktar med lokale tilbydarar. Det tek normalt mellom 6-9 månader å inngå nye innkjøpsavtaler (kravspesifikasjon, vektning, vurdering og samarbeid med barnehagane og skulane). Ei endring av gjeldande avtale for skule/barnehage vil difor måtte involvere fleire interessenter og element. Tidsperspektivet frå start til ei god avtale er inngått, kan difor være utover 9 månader – inkludert sak til kommunestyret.

I førre sak til kommunestyret, orienterte administrasjonen om at dersom Alver kommune ynskjer meir ambisiøse mål, må det tilførast meir ressursar til eit slik arbeid. Ei endring som vedteke i sak 021/22 kan utløyse dette behovet. Administrasjonen vil leggje til rette for at innkjøpsstrategien kan rullerast/vurderast i kvar valperiode, neste gong 2023-2027.

Tidlegare har alver kommune utarbeidd innkjøpsreglement og etisk reglement.

Innkjøpsreglementet skal ikkje handsamast politisk, men er eit administrativt verktøy i sjølve prosessen knytt til innkjøp. Det etiske reglementet er det same som gjeld for politikarane, sjå Politisk reglement/etiske

retningsliner for Alver kommune.

**Vedlegg i saken:**

14.03.2022

Innkjøpsstrategi Alver kommune 2022-2025\_oppdatert  
10.03.22

1707385

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-233, FA-Q9  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 10.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
033/22	Utval for areal, plan og miljø	23.03.2022
028/22	Alver formannskap	24.03.2022
049/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

## Trafikksikringstiltak 2022

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek at trafikksikkerhetsbudsjettet vert auka med kr. 850.000,- eks mva slik at dei omsøkte prosjekta kan gjennomførast dersom kommunen får dekkja 50% av søknadssummen til alle dei 3 tiltaka.

### Utval for areal, plan og miljø 23.03.2022:

#### Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### APM- 033/22 utfale:

Ingen merknader.

### Alver formannskap 24.03.2022:

#### Handsaming:

#### Tilleggsframlegg S.Sekkingstad-SP:

Auka på 850 000 kr vert finansiert ved auka låneopptak.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget vart samrøystes vedteke.

### FO- 028/22 innstilling:

Kommunestyret vedtek at trafikksikkerhetsbudsjettet vert auka med kr. 850.000,- eks mva slik at dei omsøkte prosjekta kan gjennomførast dersom kommunen får dekkja 50% av søknadssummen til alle dei 3 tiltaka.

Auka på 850 000 kr vert finansiert ved auka låneopptak.

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for areal, plan og miljø

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Bakgrunn

Vestland fylkeskommune deler ut tilskot til trafikksikringstiltak på og langs fylkesveg og kommunal veg.

Søknadsfristen var 1. februar 2022. Det er mogleg å søkje om inn til 1 million kroner per tiltak. Det vert

prioritert tiltak retta mot mjuke trafikkantar, særleg barn og eldre. Gang- og sykkeltilbod som ikkje ligg langs

køyreveg kan også få tilskot. Tiltaka som får tilskot skal innehalde enkle og kostnadseffektive løysingar som direkte medverkar til å auke trafikktryggleiken.

Det er stilt krav om kommunal eigeandel på 50% og at kommunane har oppdatert trafikksikringsplan. Om nye kommunar etter samanslåing har gyldige planar frå dei gamle kommunane, kan dei søkje om tiltak forankra i desse planane. Tiltaka skal vere planavklart på søknadspunktet, dersom tiltaka krev reguleringsplan.

Meir om ordninga er å finne på fylkeskommunen sine nettsider:

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/trafikktryggleik/fysisk-trafikktrygging/>

### **Saksopplysninger:**

Administrasjonen har søkt om tilskot til 3 ulike tiltak. For å nå fristen vart det i søknadane lagt inn forbehold om politisk vedtak om at kommunen dekker eigenandel på 50% av tiltaket og evt. overskridingar av budsjett.

Dei 3 tiltaka vert skildra under og søknadskvitteringen ligg som vedlegg i saka.

#### **Brurekkverk Sagstadvegen**

Når ein kjem til Øvre Sagstad går Sagstadvegen over i ein veg som lokalt har fått namnet Tverrvegen. I starten av denne vegen går det ei lita bru/kulvert over ei elv som til tider har stor vassføring og er ganske djup. Sidekantane er i dag heilt vekke. Dette har vore kommentert under inspeksjon. Det har kome fleire bekymringsmeldingar frå foreldre som er redd for at borna kan falle eller sykle utfor denne kanten når det ikkje er hindringar tilstade. Det er svært smalt på dette strekket og ny kantstøyp langs brua vil gjere breidda så smal at uttrykkningskøyretøy ikkje vil kunne passere og normal drift og vedlikehald vil ikkje kunne gjennomførast. Det vil difor vere behov for å bygge rekkverk på utsida av dagens breidde for å oppretthalde vegens funksjon. Estimert kostnad kr 1.400.000,- søknadsum tilskot kr 700.000,-

#### **Busslomme Eidavegen Ostereidet**

Eidavegen er skuleveg for borna på Ostereidet. Vegen er smal, svingete og med dårleg sikt i kurver. Elevar som bur tett på skulen, har fått innvilga skuleskyss med skuleruta frå Bjørsvik, men det er ikkje etablert busstopp der bussen stoppar og elevane har ingen trygg plass å stå for å vente på bussen i retning til skulen. Her er det behov for ei lomme elevane trygt kan stå for å vente på bussen. Vegen er regulert med fortau og ligg som rekkefølgekrav til utbygging av bustadfeltet Eikhovden. Ei slik busslomme vil vere midlertidig fram til Eikhovden vert realisert. Estimert kostnad kr 1.000.000,- søknadsum tilskot kr 500.000,-

#### **Fartsdempende tiltak kv6054 Nordbøvegen**

Det er bygga ny utvida barnehage i enden av Nordbøvegen i Bøvågen. Det var fartsdemparar her før vegen fekk ny asfalt, etter utbygging og her vil vere behov for ny plassering og fleire fartshumpar. Det er søkt om tilskot til 4 humpar samt utbetring av den heva overgangen mellom busslomma og skulen. Estimert kostnad kr 260.000,- søknadsum tilskot kr. 130.000,-

Det samla budsjetterte behovet for å dekke eigenandel ved eit evt. tildelt tilskot er kr 1.500.000,-.

Eigedomsforvaltning har eit budsjett øymerka trafikksikring på kr 650.000,-. Det vil difor vere behov for eit tilleggsløyve på kr 850.000,-. Det vil alltid vere ein usikkerhet i estimert budsjett som må kunne dekkast av kommunen ved eventuelle overskridingar.



**Vedlegg i saken:**

14.03.2022	Søknad - brurekkverk Sagstadvegen	1706838
14.03.2022	Søknad - busslomme Ostereidet Dyrhovden	1706839
14.03.2022	Søknad fartsdempande tiltak Nordbøvegen - Hordabø skule	1706840

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-610, HistSak-15/278  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 16.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
032/22	Alver formannskap	24.03.2022
050/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

## Sluttrapport - nye Alversund skule og fleirbrukshall

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner sluttrapport for nye Alversund skule og fleirbrukshall slik den ligg føre.

### Alver formannskap 24.03.2022:

#### Handsaming:

Orientering ved tenesteleiar Line M.Valle og prosjektleiar Inger-Marie Jordal.  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### Tilleggsframlegg ved L.Johnsen-MDG:

Kommunestyret ber kommunedirektøren utgreie korleis klimarekneskap kan bli ein del av investeringsreglementet.

Framlegget fekk 1 røyst og fall (L.Johnsen-MDG)

### FO- 032/22 innstilling:

Kommunestyret godkjenner sluttrapport for nye Alversund skule og fleirbrukshall slik den ligg føre.

### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskap.  
Saka skal avgjerast i kommunestyret.

### Bakgrunn

Nye Alversund skule og fleirbrukshall vart overlevert til Alver kommune i september 2021.

### Saksopplysninger:

Sluttrapport føreligg for godkjenning. Sjå vedlegg.

### Vedlegg i saken:

17.03.2022 Sluttrapport nye Alversund skule og fleirbrukshall

1709281

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-  
L31, GBNR-108/1/2  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 16.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
033/22	Alver formannskap	24.03.2022
051/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

## Oppseiing av festeavtale - GBNR 108/1/2 - Lindås ungdomsskule

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Alver kommune vedtek å søke statsforvaltaren i Vestland om å samtykke til ekspropriasjon av gnr 108 bnr 1 festenummer 2 i Alver kommune. Kommunestyret gjev kommuneadvokaten fullmakt til å begjære skjønn for Hordaland tingrett til fastsetting av ekspropriasjonsvederlag

### Alver formannskap 24.03.2022:

#### Handsaming:

Orientering ved tenesteleiar Line M.Valle

Endring i kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyret i Alver kommune vedtek å søke statsforvaltaren i Vestland om å vedta/samtykke .....

Kommunedirektøren sitt framlegg, med endring, vart samrøystes vedteke.

### FO- 033/22 innstilling:

Kommunestyret i Alver kommune vedtek å søke statsforvaltaren i Vestland om å vedta/samtykke til ekspropriasjon av gnr 108 bnr 1 festenummer 2 i Alver kommune. Kommunestyret gjev kommuneadvokaten fullmakt til å begjære skjønn for Hordaland tingrett til fastsetting av ekspropriasjonsvederlag.

### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Bakgrunn

Lindås ungdomsskule ligg på festa grunn. Den opphavelige festeavtalen gjekk ut i 2014 og ein er no på ei løpande avtale med Opplysningsvesnets Fond (OVF). OVF bed om ny festeavtale, innløysing eller at kommunen flyttar frå tomte. Det har ikkje lukkast kommunen å einast med OVF om pris for tomte. Då det aktuelle arealet ikkje er regulert kan ikkje kommunen sjølv vedta ekspropriasjon, men må be statsforvaltaren om å samtykke til dette.

Kommuneadvokatkontoret legg fram saka:

«Alver kommune fester gnr 108 bnr 1 fnr. 2, 4, 7, 42 og 49 på Lindås, fra Opplysningsvesnets Fond (OVF). Utsnittet under viser aktuelle festetomter marker i lilla med festenummer i kvit. Hovudbruk merka orange.



**Saksopplysninger:**

Den aktuelle saken knytter seg til fnr. 2.

**Vedlegg i saken:**

17.03.2022	Vedlegg 2	1709397
17.03.2022	Vedlegg 3	1709398
17.03.2022	Vedlegg 4	1709399
17.03.2022	Vedlegg 5	1709400
17.03.2022	Vedlegg 6	1709401
17.03.2022	Vedlegg 7	1709402
17.03.2022	Vedlegg 8	1709403
17.03.2022	Vedlegg 9	1709404

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-610, GBNR-188/136  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 16.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
035/22	Alver formannskap	24.03.2022
052/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

## Orienteringssak- Kvassnesvegen 29/39 (gamle Western geco) og gamle Alversund skule

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**  
«Kommunestyret tek saka til orientering»

### **Alver formannskap 24.03.2022:**

#### **Handsaming:**

#### **Framlegg frå T.Larsen-H:**

Kommunestyret ber rådmannen gå i gang med ein prosess for å klargjere Kvassnesvegen 29/39 (gamle Western geco) for sal og vidare utvikling.

Framlegget vart vedteke med 9 røyster, mot 3 røyster (S.Sekkingstad-SP, J.Hellestveit-SP og L.Johnsen-MDG).

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **FO- 035/22 innstilling:**

Kommunestyret tek saka til orientering.

Kommunestyret ber rådmannen gå i gang med ein prosess for å klargjere Kvassnesvegen 29/39 (gamle Western geco) for sal og vidare utvikling.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### **Bakgrunn**

Saka gjeld oppfølging av verbalpunkt frå kommunestyret sitt budsjettvedtak i desember 2021, om evt sal av Kvassnesvegen 29/39 (gamle Western Geco) og gamle Alversund skule.

Formannskapet fekk orientering om status i FO-møte 10.02.2022. I orienteringa la kommunedirektøren vekt på behovet for og verdien av å finne det mest økonomisk fordelaktige tidspunktet for kommunen å selje på. Denne saka søker å gjere greie for prinsippa og premissa som ligg til grunn for denne vurderinga.

Saka inneheld ikkje vurderingar for eller i mot sal av dei aktuelle eigedomane. Eitt av tiltaka i økonomiplanen er å optimalisere bygnings- og eigedomsmassen, og sal av eigedomar som kommunen ikkje lenger har bruk for er eit viktig prinsipp for slik optimalisering. Desse to eigedomane inngår i prosjekt optimalisering av bygnings- og eigedomsmassen på sikt.

#### **Saksopplysninger:**

## Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyret

## Bakgrunn

Saka gjeld oppfølging av verbalpunkt frå kommunestyret sitt budsjettvedtak i desember 2021, om evt sal av Kvassnesvegen 29/39 (gamle Western Geco) og gamle Alversund skule.

Formannskapet fekk orientering om status i FO-møte 10.02.2022. I orienteringa la kommunedirektøren vekt på behovet for og verdien av å finne det mest økonomisk fordelaktige tidspunktet for kommunen å selje på. Denne saka søkjer å gjere greie for prinsippa og premissa som ligg til grunn for denne vurderinga.

Saka inneheld ikkje vurderingar for eller i mot sal av dei aktuelle eigedomane. Eitt av tiltaka i økonomiplanen er å optimalisere bygnings- og eigedomsmassen, og sal av eigedomar som kommunen ikkje lenger har bruk for er eit viktig prinsipp for slik optimalisering. Desse to eigedomane inngår i prosjekt optimalisering av bygnings- og eigedomsmassen på sikt.

## Saksopplysningar:

Kommunestyret la inn følgjande verbalpunkt i vedtak sak 164/21 – Økonomiplan 2022 - 2025, møte 16.12.2021:


«Kommunestyret ber rådmannen komme med ei sak om ev. sal av Kvassnesvegen 27/39 (gamle Western Geco) og gamle Alversund skule.»

Saka handlar om Kvassnesvegen 29/39, då Coop har overtatt Kvassnesvegen 27.

### Kvassnesvegen 29/39 (Gamle Western Geco)

Alver kommune eig storparten av gamle Western Geco i Knarvik. Tomta vart kjøpt i 2016 av Lindås kommune som eit ledd i ein langsiktig strategi for å oppnå byutvikling i Knarvik. Dette kjøpet førte m.a. til at kommunen kunne makebytte deler av Western Geco-området med Coop, som igjen har kunna starte sitt utviklingsprosjekt, i tråd med godkjent områdeplan.

Det som no er Kvassnesvegen 29/39 er framleis eigd av kommunen.



Kart: Kvassnesvegen 29/39 (gamle Western Geco) i raudt

Bakgrunnen for oppkjøpet var kommunen sitt ønske om å sikre ei utbygging i Knarvik i tråd med kommunale planvedtak. Dette er noko som skjer over tid, og som kommunen har lukkast med hittil. I samarbeid med dei private utbyggerinteressene er m.a. store deler av den overordna offentlege infrastrukturen under realisering. Det gjenstår likevel ein god del utviklingsarbeid før den resterande delen av Western Geco-tomta er klar for utbygging.

Ein av føresetnadene for at Lindås kommune kjøpte eigedomen i si tid, var at bygget skulle nyttast til

kontorplassar fram til eigedomen var klar for realisering. Dette for å redusere leigekostnader andre stader. Den kommunale delen av bygget har såleis vore godt utnytta i fleire år, og er p.t. i bruk av Heimetenesta og Løn og rekneskap. I tillegg nyttar driftsavdelinga til kommunen store delar av lagerhallane og utearealet til oppbevaring og verkstad for utstyr og maskiner som blir nytta i den søndre delen av kommunen. Parallelt med den planmessige utviklinga av Knarvik skal det gjerast eit arbeid for å finne permanente løysingar for kontorplassane og maskinparken.

### Planmessig utvikling Knarvik


I områdeplanen for Knarvik er arealet til gamle Western Geco regulert til bustad og kontorformål (BKB4) og Sentrumsformål (BS13 og BS14). Coop er i ferd med å utvikle BS13.

I tillegg er det planlagt utvikling på fleire av nabotomtene. Kommunen er i dialog med utbyggerar av BKB2 (Nesttungruppen), BS7 og BS8 (Haugland) i tillegg til BS13 (Coop), gjennom forhandlingar om utbyggingsavtalar. Dersom framdrifta går etter planen, vil anleggsarbeidet starte på fleire av desse eigedomane i 2022.

Kommunen har ei relativt stor rolle i å til rettelegge for trafikkavvikling og riggareal i byggeperioden. I tillegg skal kommunen gjennomføre større offentlege veg- og VA anlegg i området, i tråd med utbyggingsavtalar / anleggsbidrag og i samsvar med vedtak om kommunal forskottering. For at Knarvik skal vere eit attraktivt område for private aktørar å investere i, er det viktig at dei møter ein forutsigbar kommune som dei kan stole på og som følgjer opp inngåtte avtalar utan vesentleg tap av tid. Kommunen må ha handlingsrom til å følgje opp utbyggingsavtalane og strategien for utvikling av Knarvik.

Konkrete infrastrukturtiltak som skal gjennomførast knytt til dei pågåande prosessane er lista opp under:

Tiltak	Beskriving
Heving av Kvassnesvegen	Høgdejustering langs Isdalstø Auto, Geco og Coop
Bruvegen	Høgdejustering ned langs Coop-tomten
Kvassnesvegen vest	Ny veg tvers gjennom Haugland-tomten
Tilkomsveg sør for Hauglandtomten	Oppgradere kryss og start av veg retning Klubben
Alléen, del 1	Ny veg i grense mellom Coop og Haugen barnehage
Alléen, del 2	Ny veg i grense mellom Tr.sp.kontoret og Isdalstø Auto
Leikeløypa fase 1	Ny veg/off. område langs austside Geco, mot Tr.sp.kontoret.
Fortau langs Lonsgata	Langs heile Tr.sp.kontoret aust, - og tomt til køyreskule



Kart: Utsnitt Områdeplan for Knarvik



Når den tid kjem kan det vere naturleg å dele opp tomta slik at BS14 kan seljast for seg og den delen som inngår i BKB4 kan seljast for seg. For BKB4 sin del kan det vere ein fordel å ha ei parallell utvikling med nærliggjande område BKB5 (der Haugen barnehage er i dag). Kommunedirektøren meiner dette er viktige grep som kan sikre attraktivitet og best mogeleg gevinst for både kommunen og private utbyggjarar.

### Gamle Alversund skule

Nye Alversund skule sto ferdig hausten 2021. Det er framleis nokre lokale og funksjonar i den gamle skulen som er i bruk. Dette gjeld basseng, gymsal, fotballbane og ballbinge. Det er tilsaman 1100 elever som nyttar bassenget til opplæringsbasseng. I dag nyttast skulen også til koronasenter, og det er ei stor interesse frå frivillige lag og organisasjonar for å leige lokale der.



### Planmessig utvikling

I kommunedelplanen for Knarvik – Alversund er skuleområdet sett av til sentrumsformål, med krav om detaljregulering. Deler av området er innafor området som blir regulert for ny Alversund bru, i regi av Vestland fylkeskommune. I kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel skal senterstrukturen fastsetjast endeleg, med rammer for vidare utvikling. Utgreiingane knytt til kommuneplanen tar for seg både senterstrukturen generelt og mogeleg utvikling i Alversund spesielt. Samstundes er Alverbadet på skissestadiet.

Dei pågåande prosessane vil gje viktige føringar for bruk, framtidig utvikling og potensiell gevinst for kommunen ved eit sal. Kommunedirektøren meiner det ikkje er hensiktsmessig å legge ut for sal eit prosjekt som er usikkert eller uavklart m.o.t. framtidige investeringar, og der tidspunktet for evt realisering er avhenging av at eksisterande aktivitetar finn erstatningslokale. Kommunen bør framleis ha aktiv rolle i dei pågåande prosessane og sikre best mogeleg resultat for dei kommunale verdiane, samla sett.

### **Oppsummering**

Kommunedirektøren meiner at det er strategisk og økonomisk mest fordelaktig for kommunen å halde på eigedomane til områda er klare for realisering og utbygging. Kommuneplanen sin samfunnsdel legg opp til at kommunen skal vere ein viktig aktør i samfunnsutviklinga, både som tilretteleggjar og aktiv pådrivar. Gode sentra og hensiktsmessig infrastruktur er ein av dei viktigaste føresetnadene for vekst og utvikling av område der folk vil bu. Kommunedirektøren vil tilrå at kommunen held fram med strategisk eigarskap til områda er meir klargjort for utbygging.

### **Vedlegg:**





**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-611  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 16.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
016/22	Utval for næringsutvikling og drift	23.03.2022
034/22	Alver formannskap	24.03.2022
053/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

## Vedlikehaldsplan 2022 - Bygg og eigedom

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek saka til orientering

### Utval for næringsutvikling og drift 23.03.2022:

#### Handsaming:

Line M. Valle-tenesteleiar Eigedomsforvaltning og Prosjekt svarapå spørsmål i saka.

Tormod Skurtveit (AP) sette fram følgjande felles framlegg til uttale:

*Utval for Næringsutvikling og drift ser med uro på vedlikehaldsetterslepet for bygg og eigedom i Alver kommune. Lågt vedlikehald vil forringa bygningsmassen og gje auka utgifter i framtida. Det bør difor setjast fokus på å auke budsjettet for vedlikehald.*

*Utvalet ynskjer også å få framlagt tilstandsrapporten for bygningsmassen på årleg basis.*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### ND- 016/22 uttale:

Utval for Næringsutvikling og drift ser med uro på vedlikehaldsetterslepet for bygg og eigedom i Alver kommune. Lågt vedlikehald vil forringa bygningsmassen og gje auka utgifter i framtida. Det bør difor setjast fokus på å auke budsjettet for vedlikehald.

Utvalet ynskjer også å få lagt fram tilstandsrapporten for bygningsmassen på årleg basis.

### Alver formannskap 24.03.2022:

#### Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### FO- 034/22 innstilling:

Kommunestyret tek saka til orientering

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for næringsutvikling og drift

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Bakgrunn

Saka gjeld prioritering av vedlikehaldstiltak i kommunale bygg, basert på budsjettvedtaket for 2022.

Dei årlege vedlikehaldstiltaka følgjer av ein 4-årig vedlikehaldsplan, som byggjer på temaplanen for bygg og eigedom. Handlingsrommet for gjennomføring av dei planlagte tiltaka følgjer igjen av dei årlege budsjettvedtaka.

Saka gjer greie for vedlikehaldsbehovet, gjennomførte tiltak i 2021 og utfordringane framover. Kommunedirektøren legg saka fram for orientering, med forankring i budsjettvedtaket for 2022.

#### Saksopplysningar:

Kommunestyret godkjente i møte 148/20, 26.11.2020 Temaplan for bygg og eigedom 2020 -2022. I planen kartla ein tilstand på store delar av den kommunale bygningsmassen. Det vart lagt fram eit behov for ei økonomisk ramme på 21 millionar kroner for å kunne gjennomføre vedlikehaldstiltak som var kategorisert som raud (store avvik – behov for strakstiltak) og gul (vesentlege avvik – behov for lokale tiltak) på dei kommunale formålsbyggja. Av desse var om lag 12 millionar knytt til store avvik. På dåverande tidspunkt var ikkje dei kommunale bustadene tatt med.

Vedlikehaldsplanen for bygg og eigedommar er inndelt i 4-års syklusar der alle kommunale formålsbygg skal gjennomgåast og vedlikehaldast i løpet av perioden. Ein har fordelt bygningsmassen på 4 år og legg til grunn om lag like mange antall m2 for gjennomgang kvart år.

I temaplanen for bygg og eigedommar 2020-2022 var behovet for vedlikehald kartlagt og økonomisk fordelt på følgjande måte:

Behovskartlegging –bygg og eigedom	2021	2022
Tema	[NOK]	[NOK]
Sum Skulebygg	6 990 000	3 305 000
Sum Barnehagebygg	2 645 000	1 300 000
Sum Helse- og institusjonsbygg	7 800 000	2 200 000
Sum Administrasjonsbygg og driftsbygg	3 270 000	0
Sum samlepostar alle bygg (elektro internkontroll)	1 260 000	1 260 000
<b>SUM</b>	<b>21 965 000</b>	<b>8 065 000</b>
Vedlikehaldsplan kommunale bustad	5 845 000	6 700 000
Vedlikehaldsplan Kultur/idrettsanlegg/park	6 300 000	750 000
Vedlikehaldsplan Kulturbygg (Bygningsvern)	3 300 000	500 000
Vedlikehaldsplan Nærmiljøanlegg/leikeplassar	500 000	500 000

Det kartlagte behovet for vedlikehaldsmidlar for bygg og anlegg i Alver var på om lag 40 mill.for å kunne lukke dei store og vesentlege avvika.

I budsjettet for 2021 vart det sett av 2,4 millionar kroner til planlagt vedlikehald. Dei kartlagte tiltaka har ei vesentleg større kostnadsramme og det vart prioritert to tiltak som kunne dekkast av midlane. Det vart sett av 2,1 mill til nytt ventilasjonanlegg og tak på Radøy interkommunale busenter (RIB), del A. I tillegg vart det prioritert skifte av kledning og el-tavle på Meland ungdomsskule. Tilsaman vart det nytta om lag 300 000 kroner her.

Som resultat av koronapandemien vart kommunen tildelt statlege vedlikehaldsmidlar på om lag 10 millionar. Midlane skulle stimulere til å halde aktivitet i lokale bedrifter og skulle nyttast i 2021. Midlane vart nytta til å dekke ein del av dei kjende behova for vedlikehald.

Ut frå behov og rammer vart det gjennomført ei rekke tiltak i 2021. Tiltaka som vart dekkja av statlege midlar er sett opp i kursiv i lista under.

<b>VEDLIKEHALDSTILTAK 2021</b>		
	<b>Utført 2021</b>	<b>Sum</b>
<b>SKULE</b>		
Meland ungdomsskule	Skifta kledning Ny el-tavle	0,3 mill
<i>Austbygd skule</i>	<i>Ny brannsentral</i>	<i>0,12 mill</i>
<b>BARNEHAGE</b>		
<i>Sæbø barnehage</i>	<i>Nytt ventilasjonsanlegg</i>	<i>0,1 mill</i>
<b>HELSE</b>		
Radøy interkommunale busenter, A-del	Tak er skifta på A-del Nytt ventilasjonsanlegg	2,1 mill
<i>Radøy Velferdssenteret, Manger</i>	<i>Skifta tak</i>	<i>1,8 mill</i>
<i>Rosslund omsorgsbustad</i>	<i>Brannsikring og sprinkling omsorgsbustader</i>	<i>0,2 mill</i>
<i>Omsorgsbustad, Manger</i>	<i>Nytt tak</i>	<i>0,9 mill</i>
<i>Kommunal bustad</i>	<i>Vindauge, kledning, oppussing i 4 leiligheter</i>	<i>2,2 mill</i>
<b>ADMINISTRASJONSBYGG</b>		
<i>Driftsbygg Havnevegen 45</i>	<i>Garderobeløysing</i>	<i>0,3 mill</i>
<b>KULTUR/IDRETT</b>		
<i>Parkering dagsturhytter</i>	<i>Utbetring av p-plassar</i>	<i>0,7 mill</i>
<b>BASSENG</b>		
<i>Radøyhallen</i>	<i>Nytt teknisk rom og ventilasjonsanlegg</i>	<i>4,8 mill</i>
<b>UTANDØRS IDRETTSANLEGG</b>		
<i>Kasteanlegg Knarvik</i>	<i>Nytt kastebur</i>	<i>0,4 mill</i>

#### Vurdering:

For 2022 har teknisk forvaltning og drift avsett følgande postar til drift, vedlikehald og løpande investeringar på bygg og anlegg:

<b>Tenesteområde/avdeling</b>	<b>Budsjett 2022</b>	<b>Merknad</b>
Eigedomsforvaltning/bygg, areal og grønt	0,6 mill	Nyttast til planlagt vedlikehald
Drift og vedlikehald/bygg, anlegg og elektro	1,9 mill	Nyttast til dagleg drift og vedlikehald, forbruksmateriell og akutte tiltak
Eigedomsforvaltning/Løpande investeringsmidlar	10 mill	Nyttast for investeringar på adm.bygg, skule, barnehage, utstyr til idrettsanlegg – ofte knytt til arbeidsmiljø og universelt tilgjenge

Ut frå det store behovet for vedlikehald er rammene for planlagt vedlikehald svært låge. Vi ser at det år for år kjem fleire avvik og større tiltak krevst for verdibevaring og reparasjon. Med dei rammene som ligg til grunn vil etterslepet auke år for år og standarden på eigedommane til Alver kommune vil synke. Areal vi forvaltar er viktige grunnlag for å kunne yte gode tenester innnan oppvekst, helse og samfunnsutvikling. Manglande oppfølging av vedlikehaldsbehovet vil på sikt føre til dårlegare innemiljø og gå ut over tenesteytar og mottakar.

Systemet som er bygd opp rundt vedlikehaldsplanen er avhengig av å få tilført midlar. Det er gjort kartlegging av kva som krevst av tiltak på bygga som ligg på vedlikehaldsplanen for 2022.

Innsparingstiltak og stramme rammer gjev oss lite handlingsrom. For 2022 har vi 0,6 million avsett til planlagt vedlikehald. Det utgjer omlag 12 kroner pr m2 bygningsmasse som skal vedlikehaldast kvar år. Tala for Noreg viser eit gjennomsnitt på om lag 130,- pr m2 for vedlikehald av kommunale bygg under eitt.

Dei faste utgiftene tek store delar av budsjettet. Posten for planlagt vedlikehald er den einaste posten som kan nyttast dersom det kjem uføresette eller større utgifter enn budsjettert. Dette fører til at posten for planlagt vedlikehald fort minkar og dei planlagte tiltaka vi klarar å gjennomføre er svært avgrensa.

Konsekvensen i 2022 er at ein ikkje ser at ein kan gjennomføre vedlikehaldsplanen for dei bygga som ligg på planen. Ein må utsetje syklusen og skyve arbeidet til 2023. Mange av tiltaka kan ikkje gjennomførast. Dei midlane som er tilgjengeleg i år vert nytta til heilt akutte tiltak på tak som har lekkasjar. Større avvik som vert avdekka som del av vedlikehaldsplanen må løftast som egne saker grunna lite handlingsrom i budsjettet.

Lista under syner bygga som er gjennomgått for vedlikehald i 2022. Desse vert utsett.

<b>BYGG PÅ VEDLIKEHALDSPLAN 2022</b>	
Vestbygd skule	Ostereidet kunstgras 11ar
Alversund skule, ny	Ostereidet friidrett
Ostereidet barneskule	Alversund kunstgras 9ar
Ostereidet ungdomsskule	Garderoobebygg/ Musikkhus Knarvik
Sfo Bygg Ostereidet	Hellaneset ballbinge mm
Hordabø skule	Rosland/Ryland leik
Alversund skule , gml	Munkevika Hella badeplass
Lindås barnehage, ny 2021	
Marilhøna barnehage, Frekhaug	
Kolås barnehage inkl. Soria Moria	
Helsehuset, Manger	
Lindås bu-og servicesenter	
Radøy arbeidssenter	
Brannstasjon Lindås	
Brann- og driftsstasjon Manger (Meieriet)	
Tinghuset Lindås	
Skulemuseet på Vassel	
Naust i Kvamsvågen	
Løe Alversund	
Fleirbrukshall, Alversund skule	
Vestbygd skule, liten fleirbrukshall	
Ostereidet - basseng	
Knarvik frisbeegolf	

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-D3  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 15.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
030/22	Alver formannskap	24.03.2022
054/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

## Vidare prosess med mogleg nasjonalpark i Alver kommune

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre sluttar seg til å gjennomføre ein vidare prosess for etablering av Nasjonalpark i Alverfjella. Arbeidet skal skje i dialog med Alver kommune, Masfjorden kommune, Statsforvaltar, grunneigarane og interesseorganisasjonar.

### Alver formannskap 24.03.2022:

#### Handsaming:

Endring: Alverfjella vert endra til Masfjordfjella.

Kommunedirektøren sitt framlegg med endring vart samrøystes vedteke.

### FO- 030/22 innstilling:

Alver kommunestyre sluttar seg til å gjennomføre ein vidare prosess for etablering av Nasjonalpark i Masfjordfjella. Arbeidet skal skje i dialog med Alver kommune, Masfjorden kommune, Statsforvaltar, grunneigarane og interesseorganisasjonar.

### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjerast av kommunestyret

### Bakgrunn

Klima- og miljødepartementet (KLD) gav i brev 19.09.18 Miljødirektoratet oppdrag å foreslå områder som skal vurderast i vidare arbeid med supplerande vern. Oppdraget var oppfølging av Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald.

Miljødirektoratet starta arbeid med ein fagleg vurdering om det er områder som kan vere aktuelle som nye nasjonalparkar. Det kunne vere utviding av eksisterande nasjonalparkar, endring av landskapsvernområde til nasjonalpark, eller oppretting av nye nasjonalparkar.

Eit fjellområde ( sjå kartutsnitt) i Alver og Masfjorden kommunar vart tilrådd å gå vidare med som ny nasjonalpark.

### Saksopplysningar:

I rapporten «Bevaring av verdifull natur, anbefalingar og vurderingar av foreslåtte områder i kategori Nasjonalpark» står det: «Kommuner: Masfjorden, Alver Vegetasjonssone: Nordboreal. Areal (foreløpig

beregning): 129 km<sup>2</sup>

Det foreslåtte området utgjør et stort naturområde uten tekniske inngrep og der det vernede Eikemovassdraget inngår. Området har en svært viktig landskapsøkologisk funksjon som kjerneområde for naturmangfold. Det er aktive støler i drift i området som også har en viktig kulturhistorie. Området inngår i Nordhordland biosfæreområde. Det er ikke gjennomført systematisk naturtype – eller artskartlegging i området slik at kunnskapen om naturmangfold er noe mangelfull. Det er likevel registrert 10 truede arter i området, bl a bergirisk (NT), sivspurv (NT), ullbakkestjerne (NT) og høyfjellsveronika (NT). Berggrunnen er dominert av ulike former for gneis som gir lite plantenæringsstoff og derfor grunnlag for nøysom og artsfattig vegetasjon. Av rovfugler er kongeørn registrert med fast tilhold.

Bergen og Hordaland Turlag har ei selvbetjent hytte og godt merkede turstier i området. Store deler av området er registrert som svært viktig friluftsområde.

Andre interesser: Landbruk, friluftsliv

Trusler: Arealendringer

Mest aktuell verneform: Landskapsvernområde, nasjonalpark

Verneverdi: Stor

Miljødirektoratets vurdering: Området vil utvide vernet areal i en region med relativt liten vernedekning i dag og vil bidra til et mer robust nettverk. Området inneholder høydegradienter fra 300 til 600 m.o.h.

Forslaget bør videre utredes gjennom en verneplanprosess hvor en også bør se på mulige utvidelser mot Osterfjorden, noe som vil øke høydegradientene vesentlig, eventuelt i kombinasjon med frivillig vern av skog.»





*Kart over område, med den blå lina som er foreslått som Nasjonalpark.*

Målet med arbeidet er vern av områder som skal bidra til å danne økologiske nettverk og gjøre norsk natur mer robust mot klimaendringer. Det skal også dekke mangler i eksisterende verneområder. På denne måten vil vi nå det nasjonale målet om å ta vare på et representativt utvalg av norsk natur for fremtidige generasjoner.

Miljødirektoratet har i perioden 19. februar til 3. mars 2021 gjennomført digitale møter om tema. Det har vært lagt fram et orienteringsnotat om tema i kommunestyre i mai 2021.

Det er Statsforvalteren som har ansvar for verneprosesser på oppdrag fra Miljødirektoratet.

09.11.21 oversende Miljødirektoratet et oppdragsbrev om videre arbeid med bevaring av verdifull natur i medhold av naturmangfaldlova kap. V for områder i kategorien nasjonalpark.

Miljødirektoratet har gjeve statsforvalteren følgende oppdrag:

- *Avklare med berørte kommuner om det synes å være aksept for å forberede og gjennomføre videre prosess for vern av kandidatområdene i kategorien nasjonalpark.*
- *Forberede og gjennomføre dialog med grunneierorganisasjoner, naturvern- og friluftslivsorganisasjoner regionalt/lokalt og utfordringer knyttet til vern av kandidatområder i kategorien nasjonalpark.*
- *Dialogen med organisasjonene bør gjennomføres så tidlig som mulig.*



- *Vurdere kunnskapsgrunnlag for en verneprosess og behov for kunnskapsinnhenting og kartlegging der det er lokal aksept.*
- *Starte formelle verneplanprosesser i medhold av naturmangfoldloven for de områdene der det er lokal aksept*

## **Vurdering**

Det har vore ei orientering ved Statsforvaltar i Alver kommunestyre den 24. februar om saka, etter at oppdragsbrevet vart oversendt.

Det er ein premiss at verneprosessen skal skje i samarbeid med kommune og interesseorganisasjonar og grunneigarar.

Statsforvaltar har behov for ei formell avklaring om Alver kommune ynskjer å vere med å forberede og gjennomføre vidare prosess for nasjonalparkvern i fjellområda som er vist i kart.

Dersom kommunestyre ynskjer å gå vidare med dette arbeidet, vil vi vidare i prosessen ha eit nært samarbeid med Statsforvaltar.

Grunneigarane og andre interesseorganisasjonar må få høve til reell medverknad i prosessen.

Vern av privateigd skog i forbindelse med eventuelt nytt vern av områder til nasjonalpark, skal skje gjennom frivillig skogvern.

Arbeidet vert styrt etter Rundskriv T-2/15, Saksbehandlingsregler ved områdevern etter naturmangfoldlova, frå Klima og miljødepartementet.

## **Tilråding**

Kommunedirektøren rår til at Alver kommune sluttar seg til å gjennomføre ein prosess for etablering av Nasjonalpark i Alverfjella. Arbeidet skal skje i dialog med Masfjorden kommune og Statsforvaltar, grunneigarane og interesseorganisasjonar.

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-026, TI-&01  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 17.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
038/22	Alver formannskap	24.03.2022
055/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

## Miljøløftet, lokale belønningsmidlar 2022

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Alver kommune ber om utbetaling av belønningsmidlar frå Miljøløftet med kr 4,2 mill for åra 2021 og 2022.
2. Det vert førebels avsett kr 2,5 mill til sikring av prosjektering av Fv 5456 Ostereidet- Lindsdalen, fortau/trafikksikring og Fv 5474 Seim, fortau/trafikksikring.
3. Kommunedirektøren får i oppdrag å søke at Vestland Fylkeskommune dekker dette prosjekteringsarbeidet med eigne midlar. Om fylkeskommunen tek på seg dette, skal bruk av desse belønningsmidlane opp som ny politisk sak.
4. Resterande del av belønningsmidlane for 2021 og 2022 skal utbetalast som ein pott for bruk som omtala i sykkelstrategi for Alver, ref. sak 107/21. Meir konkretisering av denne bruken skal gjerast av formannskapet som styringsgruppe for Miljøløftet i Alver kommune.

### Alver formannskap 24.03.2022:

#### Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøsystemes vedteke.

### FO- 038/22 innstilling:

1. Alver kommune ber om utbetaling av belønningsmidlar frå Miljøløftet med kr 4,2 mill for åra 2021 og 2022.
2. Det vert førebels avsett kr 2,5 mill til sikring av prosjektering av Fv 5456 Ostereidet- Lindsdalen, fortau/trafikksikring og Fv 5474 Seim, fortau/trafikksikring.
3. Kommunedirektøren får i oppdrag å søke at Vestland Fylkeskommune dekker dette prosjekteringsarbeidet med eigne midlar. Om fylkeskommunen tek på seg dette, skal bruk av desse belønningsmidlane opp som ny politisk sak.
4. Resterande del av belønningsmidlane for 2021 og 2022 skal utbetalast som ein pott for bruk som omtala i sykkelstrategi for Alver, ref. sak 107/21. Meir konkretisering av denne bruken skal gjerast av formannskapet som styringsgruppe for Miljøløftet i Alver kommune.

### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i formannskapet

### SAKSUTGREIING

## **Saka gjeld:**

Formannskapet tilrådte i sak 009/22 at følgande prosjekt blir tatt inn i Miljøløftet sitt handlingsprogram 2023 – 2026:

Fv5474, Seim skule, fortau/trafikksikring  
Fv5456, Ostereidet, fortau/trafikksikring i Lindsdalen  
Fv5452, Leknes, fortau/trafikksikring ved Eknes Karosseri  
Fv5452, Apalen, fortau/trafikksikring Apalen – kryss Kleivdalsvegen

I saka vart det opplyst at prosjekteringskostnader og grunnkjøp måtte dekkast utanom investeringsmidlane frå Miljøløftet grunna statleg regelverk for bruk av slike midlar.

Det vart vidare informert om at desse kostnadene kunne dekkast av t.d. potten med belønningssmidlar som Alver kommune har rett på i henhold til Byvekstavtalen, men det vart også opplyst frå administrasjonen at ein har til hensikt å inngå forhandlingar med vegeigar Vestland fylkeskommune om spleiselag på veganlegga og då særleg at fylkeskommunen tek seg av prosjektering og grunnkjøp. Dette ville bli spelt inn i samband med komande handsaminga av handlings- og investeringsprogrammet til RTP 2022 – 2033, altså ordinære fylkeskommunale midlar til samferdselssektoren.

For likevel å sikre vidare prosess og ikkje miste tid har administrasjonen innan Miljøløftet sin fastsette tidsfrist i februar sendt inn søknad/prosjektark som dekker prosjektering av to av prosjekta, Seim og Ostereidet, om ikkje forhandlingane og politisk prosess med dekking frå Vestland Fylkeskommune skulle føre fram i t.d. den komande RTP-prosessen. Innsendt søknad kan forøvrig endrast av kommunen i ettertid.

## **Om belønningssmidlar**

I tillegg til dei reine anleggssmidlane på årleg 29,5 millionar har Alver kommune også ein åreleg sum på 2,46 millionar i belønningssmidlar som kan brukast på eit noko vidare omfang innan byvekstpremissane, - mellom anna planlegging og prosjektering, utgreiingar, kampanjar, ruteproduksjon kollektivtransport, fysisk utbygging, utstyr, tilskotsordningar mm.

Kompensert for tidlegare utbetaling (5,865 mill) og ny indeksregulering har Alver kommune tilgjengeleg om lag 4,2 millionar her for 2021 og 2022. Desse midlane kan overførast frå staten, via fylket og til Alver kommune om bruken er i tråd med avtaleverket.

## **Prosjekteringskostnader og grunnerv**

For prosjekta ved Hillesvåg (Fv 5452) er det tidlegare bevilga kommunalt tilskot frå Lindås kommune på 4 millionar til det største prosjektet mot Apalen, men som forventast kan nyttast til prosjekteringsdelen av begge prosjekta, om ikkje fylket skulle ta på seg dette. For dei to andre prosjekta på Fv 5456 Ostereidet - Lindsdalen og Fv 5474 Seim, er det søkt Miljøløftet om bruk av til saman 2,5 millionar av Alver sine midlar til prosjektering.

Når det gjeld grunnerv er det forutsett at fylkeskommunen uansett finansierer dette, slik det er gjort på investeringsprosjektet Sagstadvegen ved Frekhaug.

## **Sykelstrategi**

Utval for areal, plan og miljø handsama Sykelstrategi for Alver 2021-2031 i sak 107/21 og tok strategien til orientering. Inkludert i denne strategien er ei rekke framlegg til tiltak for å auke bruken av sykkel i Alver, og forankring til intensjonane i Miljøløftet. Tiltaka forutset integrering i økonomiplan eller andre økonomiske planar og vedtak.

Resterande del av belønningssmidlane er difor forutsett nytta til oppfølging av sykkelstrategi for Alver i form av mellom anna lokale sykkelarrangement, informasjon og kunnskapsformidling vedr. sykkelbruk, sykkeltejing (manuelt og etter kvart automatisk) samt vidare utgreiing og planlegging av sykkelhovudnett. Det kan også bli aktuelt å delfinansiere etablering av en liten aktivtetsbasert sosial base for sykkelreparasjonar og liknande i eit av senterane i kommunen (Blox-senter, sjå evt. opplysningar på internett).

Denne resterande delen av tilgjengelege belønningsmidlar 2021-2022 utgjer (4,2 mill minus 2,5 mill) 1,7 mill. og kan vere ei ramme for desse sykkelaktivitetane. Bruk av midlane, både prosjektmessig og tidsmessig bør gjerast i nært samarbeid med Formannskapet som styringsgruppe for Miljøløftet i Alver.

### **Vurdering**

Prosessane med å få på plass det økonomisk, tekniske og juridiske grunnlaget som sikrar utbygging av slike fylkesvegprosjekt som dette handlar om, er kompliserte. Dette særleg grunna parallelle, men til dels usynkronisert framdrift i prosessar med mogleg tilgang til kommunale, fylkeskommunale og statlege investeringsmidlar. Alver kommune har måtta sikre seg her med ein søknad om bruk av belønningsmidlar.

Kommunedirektøren forutset imidlertid at ein både administrativt og politisk vil arbeide for at vegeigar stiller opp med dekning av utgiftene og då sannsynlegvis som ordinære RTP-midlar frå Vestland fylkeskommune når desse skal fordelast.

Evt. anna bruk av desse belønningsmidlane vil då komme opp som eige sak.

Når det gjeld bruk av resterande tilgjengelege belønningsmidlar, så er det ønskeleg å få desse utbetalt som ein samla pott og avsett til prosjekt og aktivitetar som aukar bruken av sykkel i Alver. Denne sykkelbruken er i dag svært låg, men har også eit betydeleg potensiale. Kommunedirektøren ser det som formålstenleg å få denne potten utbetalt med bakgrunn i utarbeidd sykkelstrategi og at den detaljerte bruken vert gjort i samråd med Formannskapet som styringsgruppe.

Kommunedirektøren legg elles opp til rapportering på bruk av belønningsmidlar i dei politiske styringsgruppemøta gjennom året.

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-D23, TI-&01  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 17.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
040/22	Alver formannskap	24.03.2022
056/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

## Intensjonsavtale Alverbadet AS og Alver kommune

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Alver kommunestyre godkjenner intensjonsavtalen mellom Alverbadet AS og Alver kommune.

### Alver formannskap 24.03.2022:

#### Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### FO- 040/22 innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner intensjonsavtalen mellom Alverbadet AS og Alver kommune.

### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Kva saka gjeld:

- Denne saka skal avklare om Alver kommune skal inngå ei intensjonsavtale med Alverbadet AS om å etablere eit folkebad i Knarvik.

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn

I sak 104/21, formannskapsmøte 11. nov 2021, blei det lagt fram ein invitasjon til Alver kommune frå næringslivet, om å vere med på eit samarbeid om å realisere eit nytt symjeanlegg i kommunen. Formannskapet vedtok følgjande uttale: *Alver kommune ønskjer å sjå på moglegheita for å realisere Alverbadet saman med næringslivet*

#### Førespurnad om vidare samarbeid

Næringslivet har jobba vidare med prosessen og selskapet Alverbadet AS er skipa. Alver kommune har mottatt ein førespurnad om å konkretisere vidare samarbeid ytterlegare. I førespurnad, datert 24.02.2022, er følgjande moment lagt fram:

- Alverbadet AS er skipa, det er eit ideelt selskap med føremål å produsere symjehall-tenester for publikum, idrett og undervisning.
- Før byggestart vil selskapet bli eigd minst 50 % av idretten. Det vil sikre at anlegget har rett på

- spelemlidar og samtidig ha moglegheit til å kunne kvalifisere til ein kommunal lånegaranti.
- Alverbadet AS har lokalisert eit aktuelt areal i Knarvik som er eigna til føremålet. Dette er området T13 i områdeplan Lonelva–Juvikvarden (Plan ID 1263-200904). Dette er eit område avsett til offentleg tenesteyting og kan mellom anna nyttast til idrettshall og symjehall.
- Alverbadet AS har engasjert samarbeidspartnarar som har lang erfaring frå etablering av symjehallar og idrettslagseigde anlegg.
- Alverbadet AS har foreløpig sett på eit konsept der ein etablerer hovudbasseng, opplæringsbasseng og terapibasseng. I bygget kan ein også legge opp til å ha ei vassklie, stupefunksjonar, badstove, kafeteria og eit sosialt rom der ei rekke tilknytte aktivitetar kan finne stad. Endeleg innhald vil avklarast i prosjekteringsfasen. Det vil vere ei aktiv medverknad med lokalsamfunnet i denne fasen.
- Konseptet som Alverbadet AS ser for seg, har ei investeringsramme på omlag kr 120 mill, eks mva. Eit anlegg som er eigd av eit idrettslag, vil få dekka tilnærma 100% av prosjektet sin mva-kostnad. Prosjektet vil truleg oppnå rundt kr 30 mill i spelemlidar.
- Alverbadet AS vil også vere avhengig av eit fast driftstilskot frå Alver kommune for å sikre eit realistisk driftsbudsjett, og det er selskapet sin intensjon av dette skal skje gjennom tenestekjøp, til dømes gjennom symjeopplæring. Alverbadet AS planlegg også å gjennomføre ei kronerulling hjå næringslivet som kan bidra til å redusere kostnadane.

### **Avklaringar før ein prosjekteringsfase**

For å starte på vidare prosjektering, er Alverbadet AS avhengig av eit tettare samarbeid med Alver kommune. Alverbadet AS ber derfor om at kommunen er tydeleg på kva ein kan sikte seg inn på av samarbeid og forpliktingar. Det er tre forhold som Alverbadet AS treng ei avklaring på:

1. At Alver kommune er positiv til å feste bort grunn vederlagsfritt til Alverbadet. Området T13 i områdeplan Lonelva-Juvikvarden kan vere eigna til føremålet.
2. At Alver kommune stiller seg positiv til å forhandle ein tenesteavtale med Alverbadet, som sikrar kommunen kapasitet til symjeopplæring og som sikrar idretten tilgang til badet til fornuftige kostnader.
3. At Alver kommune er innforstått med at det kan vere aktuelt å stille lånegaranti for restgjelda Alverbadet AS måtte ha etter at spelemlidar og mva-kompensasjon er utbetalt. Det kan også bli aktuelt å gje ein garanti for mellomfinansiering fram til spelemlidar blir utbetalt.

Alverbadet AS er klar over at dette ikkje er juridiske forpliktingar, og at kvart av punkta 1 – 3 må handsamast politisk.

### **Vurdering**

Kommunedirektøren har hatt dialog med styret i Alverbadet AS. I den fasen som dette prosjektet er i, vil det vere tilrådeleg å utarbeide ein intensjonsavtale mellom Alverbadet AS og Alver kommune. Innhaldet i intensjonsavtalen er bygd på brevet frå Alverbadet AS, og har som intensjon at partane skal samarbeide vidare for å realisere eit folkebad i Knarvik. I intensjonsavtalen har Alver kommune positive intensjonar på følgjande område:

- A. Alver kommune stiller seg positiv til å feste bort grunn vederlagsfritt til Alverbadet AS. Området T13 i områdeplan Lonelva-Juvikvarden vil vere eigna til føremålet.
- B. Alver kommune stiller seg positiv til å forhandle ein tenesteavtale med Alverbadet AS, som sikrar kommunen tilgang til Alverbadet, til dømes til symjeopplæring.
- C. Alver kommune er innforstått med at det kan vere aktuelt å stille lånegaranti for restgjelda Alverbadet AS måtte ha etter at spelemlidar og mva-kompensasjon er utbetalt. Det kan også bli aktuelt å gje ein garanti for mellomfinansiering fram til spelemlidar blir utbetalt.

Intensjonsavtalen legg ingen juridiske eller økonomiske forpliktingar for Alver kommune.

### **Kommunedirektøren si tilråding:**

- Alver kommunestyre godkjenner intensjonsavtalen mellom Alverbadet AS og Alver kommune.

**Vedlegg i saken:**

17.03.2022	Vedlegg_Intensjonsavtale_Alverbadet og Alver kommune	1709908
22.03.2022	Alverbadet AS - kommunebrev 240222	1711966

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-027  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 15.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
011/22	Utval for næringutvikling og drift	23.03.2022
042/22	Alver formannskap	24.03.2022
057/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

### Partnerskapsavtale Nordhordland næringslag 2022 - 2023

- **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**  
Alver kommune forlenger partnerskapsavtalen med Nordhordland næringslag i 2 nye år, for 2022 og 2023.
- Partnerskapsbidraget er kr 100.000 per år
- Finansiering av avtalen blir vurdert i samband med 1. tertial rapport 2022

#### Utval for næringutvikling og drift 23.03.2022:

##### Handsaming:

Utvalet slutta seg samrøystes til kommunedirektøren sitt framlegg.

#### ND- 011/22 uttale:

Utval for næringsutvikling og drift sluttar seg samrøystes til kommunedirektøren sitt framlegg.

#### Alver formannskap 24.03.2022:

##### Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FO- 042/22 innstilling:

- Alver kommune forlenger partnerskapsavtalen med Nordhordland næringslag i 2 nye år, for 2022 og 2023.
- Partnerskapsbidraget er kr 100.000 per år
- Finansiering av avtalen blir vurdert i samband med 1. tertial rapport 2022

#### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for næringsutvikling og drift 23. mars

Saka skal til innstilling i formannskapet 24. mars

Saka skal avgjerast i kommunestyret 7. april

#### Kva saka gjeld:

I denne saka skal politisk nivå vurdere å forlenge partnerskapsavtalen med Nordhordland næringslag i 2 nye år. Alver kommune og Nordhordland næringslag har hatt eit avtale i 2020 og 2021.

#### Bakgrunn

#### Saksopplysningar:



I sak 12/20 vedtok kommunestyret i Alver å inngå ein partnarskapsavtale med Nordhordland næringslag for 2020 og 2021. Føremålet med avtalen er at Alver kommune og Nordhordland næringslag skal samarbeide om å styrke det regionale næringsutviklingsarbeidet generelt, og tiltak/satsingar retta mot næringsutvikling i Alver spesielt. Målsettinga er at partnarskapsavtalen skal medverke til å realisere kommunale mål og strategiar for næringsutvikling, både knytt til ulike bransjar og til sektorovergripande satsingar.

Nordhordland næringslag er 50 år i 2022 og organiserer nær 400 verksemder i regionen. Organisasjonen bidrar til næringsutvikling gjennom synleggjering og nettverksbygging, og dei legg til rette fagleg utviklande arenaer der medlemmane kan møtast på tvers av bransjar. Næringslaget er partipolitisk nøytral og fokuserer mellom anna på auka omstillingsevne, utvikling og kompetanseutvikling. I tillegg er organisasjonen eit talerøyr for næringslivet. Dei har fire bransjegrupper; industri, havbruk, handel&service og handverk, i tillegg til å drive fleire nettverk for leiarar i næringslivet.

Ei forlenging av partnarskapsavtalen med næringslaget vil gjelde for åra 2022 – 2023, der kommunen bidrar med kr 100.000 i partnarskapsbidrag per år.

### **Vurdering**

I etableringa av ein ny kommune har det vore viktig å få på plass nye arenaer og samarbeidsrelasjonar, og her har partnarskapsavtalen med Nordhordland næringslag vore eit sentralt bidrag. Etter kommunedirektøren si vurdering, har partnarskapsavtalen med Nordhordland næringslag bidratt til eit tett og godt strategisk samarbeid mellom partane. Dette gjeld både på politisk og administrativt nivå. Næringslaget og kommunen har samarbeida om mange ulike prosjekt og prosessar i avtaleperioden, i ei tid som har vore prega av koronasituasjonen. Dei mest sentrale prosessane er:

- Greenspot Mongstad
- E39 Klauvaneset - Vågsbotn
- Vestlandsscenarier
- Scenarioanalyse Nordhordland
- Regional næringsstrategi
- Batterifabrikk på Mongstad
- Kraftsituasjonen i Nordhordland
- Grøn konkurransekraft
- Grøn region Vestlandsporfølje
- Kommuneplanen sin samfunnsdel
- Alverbadet
- Nordhordland Awards
- Vindkraft på asfalt
- Mongstadprosjektet Right kompetanseprosjekt
- Strategisk næringsplan
- Kommunen sitt arbeid med planlegging og forvaltning, særleg knytt til innkjøp (lokalt næringsliv) og byggesak.

Nordhordland næringslag har stilt aktivt opp på politiske møte for å orientere om aktuelle saker. I koronatida har næringslaget bidratt med viktig informasjon om status for verksemdene. I tillegg har næringslaget vore med i kommunen sitt kontaktutval for næringsutvikling, og det har elles vore fleire samarbeidsmøte både med politisk og administrativ leiing.

Partnarskapsavtalen mellom næringslaget og kommunen gjeld for 2022 og 2023, og partane skal gjennomføre ei evaluering innan oktober kvart år for å vurdere vidare samarbeid. Finansiering av partnarskapsbidraget på kr 200.000 blir vurdert i samband med 1. tertial rapport 2022.

Kommunedirektøren rår til at Alver kommune forlengar partnarskapsavtalen med Nordhordland næringslag for 2022 og 2023.

### **Vedlegg i saken:**

15.03.2022      Partnarskapsavtale Alver - NONL 2022-2023

1708759



**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-U01  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 16.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
012/22	Utval for næringsutvikling og drift	23.03.2022
039/22	Alver formannskap	24.03.2022
058/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

## Prosjekt næringsvenleg forvaltning

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Utviklingsprosjektet næringsvenleg forvaltning blir etablert slik det er lagt fram i saka.
- Finansiering av prosjektet blir handtert innanfor den økonomiske ramma, mellom anna med å nytte unytta lønnsmidlar for ny næringsressurs til næringssteamet.
- Prosjektet blir gjennomført i 2022.

### Utval for næringsutvikling og drift 23.03.2022:

#### Handsaming:

Utvalet slutta seg samrøystes til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

### ND- 012/22 uttale:

Utval for næringsutvikling og drift sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg.

### Alver formannskap 24.03.2022:

#### Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### FO- 039/22 innstilling:

- Utviklingsprosjektet næringsvenleg forvaltning blir etablert slik det er lagt fram i saka.
- Finansiering av prosjektet blir handtert innanfor den økonomiske ramma, mellom anna med å nytte unytta lønnsmidlar for ny næringsressurs til næringssteamet.
- Prosjektet blir gjennomført i 2022.

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for næringsutvikling og drift 23. mars

Saka skal til innstilling i formannskapet 24. mars

Saka skal til avgjerd i kommunestyret 7. april

### Kva saka gjeld:

Denne saka gjeld etablering eit utviklingsprosjekt knytt til næringsvenleg forvaltning .

### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn:**

Viser til orienteringsnotatet «Kommunalt næringsarbeid og rekruttering av næringsressurs» lagt fram i utval for næringsutvikling og drift og formannskapet i februar 2022. I formannskapet 10. februar blei det presisert at det var ønskje om ei politisk sak knytt til det som kom fram i notatet. Denne politiske saka er ei oppfølging av orienteringsnotatet.

#### **Kommunen si rolle i regionalt og kommunalt næringsarbeid**

Alver kommune deltar i og held på med fleire plan- og strategiprosessar som skal definere kommunen sine strategiske satsingar innan næringsutvikling. Døme på slike prosessar er regional næringsstrategi, kommuneplanen sin samfunnsdel og strategisk næringsplan. Desse prosessane skal også klargjere kommunen sitt ansvar, rolle og oppgåver i arbeidet med næringsutvikling.

I scenarioanalyse Nordhordland, presentert tidleg i 2021, blei det lagt vekt på at kommunane bør styrke sine roller som planleggar, tilretteleggjar og forvaltar i arbeidet mot næringslivet. Det er viktig å ha oppdaterte planar, legge til rette infrastruktur og ha ei forvaltning som forstår næringslivet sine behov. Kommunane bør også klargjere si rolle inn mot aktørar som til dømes regionråd, verkemiddelapparat (Industriutvikling Vest), næringsorganisasjonar og andre utviklingsaktørar.

I ein studie, presentert av KS og NHO i 2021, er næringsarbeidet til 17 kommunar i Norge kartlagt (sjå link til studien under vedlegg). Studien legg fram nokre erfaringar med vellukka kommunalt næringsarbeid. Eitt av hovudpunkta handlar om at kommunen må ha ein brei innfallsvinkel til næringsarbeidet på tvers av kommunale sektorar. Det er viktig å ha samarbeid og koordinering internt i kommuneadministrasjonen, og alle sektorinteresser må vere involvert i arbeidet med tilrettelegging for næring. Sektorar og etatar som jobbar med næringslivet må ha forståing for dei rammevilkår som dei ulike verksemdene har.

#### **Vurdering**

Alver kommune er framleis ein ny organisasjon med mange kontaktpunkt mot næringslivet, eit næringsliv med mange ulike behov. Organisasjonen er også mykje større enn dei tidlegare kommunane. Studien til KS og NHO viser at kommunane bør ha ei brei næringslivsforståing i alle delar av organisasjonen, det er ikkje tilstrekkeleg at dette fokuset berre er konsentrert i eit definert næringsteam eller ei næringsavdeling.

Sjølv om det pågår fleire strategiske planprosessar for næringsssatsinga i kommunen, ser kommunedirektøren behov for å starte eit utviklingsprosjekt retta mot fagområda som primært jobbar med planlegging, tilrettelegging og forvaltning. Dette gjeld i stor grad alle fagområda i sektorane samfunnsutvikling og teknisk forvaltning og drift. Desse fagområda har tett kontakt og dialog med ulike delar av næringslivet. Næringslivet har mange ulike behov, og det er viktig at Alver har strategiar, kommunikasjon og arenaer, både internt og eksternt, som kan møte desse behova.

Utviklingsprosjektet vil ha arbeidsnamnet «Næringsvenleg forvaltning» og skal gjennomførast i 2022. Målet med prosjektet er å sikre ei betre forståing for næringslivet sine behov på tvers av sektorar og fagområde, og sikre at kommunen som organisasjon jobbar meir heilskapleg og koordinert mot bedriftene.

Planen er å engasjere eksterne ressursar som kan hjelpe kommunen med prosjektet, mellom anna med kartlegging, undersøking og analyse. Tett dialog med sentrale aktørar i næringslivet vil vere ein viktig del av prosjektet. Det skal også utarbeidast ein gjennomføringsplan med aktuelle tiltak, som skal bidra til nå målet med ei næringsvenleg forvaltning.

Prosjektet vil ha ei økonomisk ramme på inntil kr 300.000. Kommunedirektøren legg opp til å handtere finansieringa innanfor den økonomiske ramma, mellom anna med å bruke unytta lønnsmidlar til ny næringsrådgjevar i næringsteamet. Prosessen med rekruttering av næringsrådgjevar er starta, men tilsettinga vil truleg få ein halvårseffekt i 2022 (Kr 350.000).

Kommunedirektøren vil orientere utval for næringsutvikling og drift og formannskapet om framdrift og resultat i prosjektet.

Link til KS og NHO sin studie om vellukka kommunal næringsarbeid:

**Vedlegg i saken:**

16.03.2022 Vedlegg - orienteringsnotat - kommunalt næringsarbeid 1709501  
og rekruttering næringsressurs

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-027, FE-223  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 16.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
014/22	Utval for næringutvikling og drift	23.03.2022
041/22	Alver formannskap	24.03.2022
059/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

## Samarbeidsavtale og økonomisk tilskot Greenspot Mongstad

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Alver kommune vedtar å gå inn i samarbeidsavtalen for prosjektet Greenspot Mongstad
- Alver kommune bidrar med kr 500.000 i økonomisk tilskot per år i perioden 2022 – 2024, totalt kr 1,5 mill.
- Prosjektet blir finansiert via disposisjonsfondet.

### Utval for næringutvikling og drift 23.03.2022:

#### Handsaming:

Utvalet slutta seg samrøystes til kommunedirektøren sitt framlegg.

### ND- 014/22 uttale:

Utval for næringsutvikling og drift sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg.

### Alver formannskap 24.03.2022:

#### Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### FO- 041/22 innstilling:

- Alver kommune vedtar å gå inn i samarbeidsavtalen for prosjektet Greenspot Mongstad
- Alver kommune bidrar med kr 500.000 i økonomisk tilskot per år i perioden 2022 – 2024, totalt kr 1,5 mill.
- Prosjektet blir finansiert via disposisjonsfondet.

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for næringsutvikling og drift 23. mars

Saka skal til innstilling i formannskapet 24. mars

Saka skal avgjerast i kommunestyret 7. april

### Saksopplysningar:

### Bakgrunn:

Utviklingsprosjektet Greenspot Mongstad starta i 2019 med ein moglegheitsanalyse knytt til kritisk infrastruktur på Mongstad, særleg rundt kraftsituasjonen. Prosjektet blei starta som eit privat/offentleg utviklingsprosjekt mellom Nordhordland Næringslag, Industriutvikling Vest og Alver kommune. Målet med prosjektet var å gjennomføre ei forretningsanalyse for ny grøn næringsutvikling på Mongstad, for å sikre ei langsiktig omstilling av området. Prosjektet blei i første fase leia av eit interimstyre som bestod av større næringsaktørar på Mongstad. Alver kommune gav kr 250.000 til prosjektet gjennom næringsfondet våren 2020 (sak 30/20).

I juni 2020 blei dei lagt fram ein rapport frå forretningsanalysen til Greenspot Mongstad, og det blei lagt fram fleire grøne forretningsmoglegheiter både på kort og lang sikt. Sentrale moglegheiter som blei identifisert var mellom anna hydrogenproduksjon, fiskeoppdrett på land, biogas-produksjon, batteriproduksjon, vindkraft på asfalt, smoltproduksjon og berekraftig drivstoff. Ein viktig faktor for å realisere mange av desse moglegheitene var å sikre kritisk infrastruktur, som til dømes kraft, areal og anna infrastruktur. Med bakgrunn i moglegheitsstudien blei det laga ein forretningsplan som skulle bidra til realisering av forretningsmoglegheitene på Mongstad.

### **Realisering av prosjekt og organisering av Greenspot Mongstad**

Hausten 2020 blei det jobba vidare med å vurdere ei langsiktig organisering av Greenspot Mongstad, og det blei sett på ulike modellar for organisering og finansiering. Alver kommune tildelte Greenspot Mongstad kr 500.000 gjennom næringsfond og Covid-19-fond til realisering av forretningsplanen (Sak 88/20 utval for næringsutvikling og drift). Våren 2021 blei det avklart at Greenspot Mongstad ville fortsette som eit utviklingsprosjekt, organisatorisk plassert under Industriutvikling Vest AS. Det blei utarbeida ein samarbeidsavtale der prosjekteigarane skulle vere Alver kommune, Nordhordland næringslag og Industriutvikling Vest.

Samarbeidsavtalen (sjå vedlegg) var i utgangspunktet klar til handsaming i 2021, men blei sett på vent grunna rekrutteringsprosess av ny prosjektleiar. Prosjektleiar var på plass 1. januar 2022.

### **Samarbeidsavtale Greenspot Mongstad**

Føremålet med prosjektet Greenspot Mongstad er å transformere Mongstad og tilhøyrande industriområde i og rundt Fensfjorden til Norges fremste industriklynge, med fokus på nye teknologiar og berekraftige løysningar. Arbeidet med prosjektet blir regulert gjennom ein samarbeidsavtale som gjeld i perioden 2021 – 2024. Alver kommune er definert som prosjekteigar. Partane forpliktar seg til å yte driftstilskot til prosjektet i prosjektperioden. Næringslivet skal minimum yte tilskot på til saman 1,5 mill i perioden. Prosjektet skal totalt ha ei finansiering på minimum kr 6 mill i prosjektperioden. Agenda Vestland har bidratt med kr 3 mill til prosjektet. Dersom prosjektet skal fortsette utover 2024 vil det krevje ei avklaring innan 1. januar 2024.

### **Vurdering**

Mongstad industriområde er ein av Norges største industriklynger med rundt 130 bedrifter og nærare 2500 arbeidsplassar. Equinor sitt raffineri og forsyningsbasen er dei største bedriftene på området. Aktiviteten på Mongstad er særskild viktig for verdiskapinga i regionen og skapar ringverknadar for mange andre næringar.

I kommuneplanen sin samfunnsdel spelar Mongstad ein sentral strategisk rolle. I visjonen er det sagt at Alver skal vere eit nasjonalt tyngdepunkt for vekst og utvikling innan grøn industri. I eitt av hovudmåla står det at Alver har eit berekraftig næringsliv med Mongstad som Norges fremste næringsklynge. Skal Nordhordland og Alver lukkast med å oppretthalde og utvikle sin konkurranseposisjon, må vi lukkast med å omstille den industrielle aktiviteten på Mongstad og ved Fensfjorden. Industrien og bedriftene på Mongstad har ein unik kompetanse som kan vere avgjerande i den grøne omstillinga.

Prosjektet Greenspot Mongstad skal vere regionen og kommunen sitt verktøy for å gjennomføre den grøne omstillinga av industrien på Mongstad. Det er identifisert mange ulike forretningsmoglegheiter som er planlagt realisert gjennom prosjektet, og det blir jobba med konkrete prosjekt som skal oppretthalde og sikre nye arbeidsplassar. Greenspot Mongstad har særleg fokus å bygge nye næringar og teknologiske løysingar basert på sirkulærøkonomiske prinsipp. Det som kan vere avfall i ein bransje kan vere eit råstoff i ein annan bransje.

Slik kommunedirektøren vurderer det, vil prosjektet Greenspot Mongstad vere ei viktig satsing for å nå dei mål og strategiar som er lagt i kommuneplanen. Det er viktig at Alver kommune, som vertskommune for Mongstad, bidrar aktivt i dette prosjektet.

Kommunedirektøren rår til at Alver kommune går inn som prosjekteigar og bidrar med økonomisk tilskot. Det er ikkje spesifisert i avtalen kva kommunen skal bidra med, men det blir tilrådd at kommunen bidrar med det

same som næringslivet, minimum kr 1,5 mill i prosjektperioden 2022 – 2024. Kommunedirektøren rår til at dette blir finansiert via disposisjonsfondet. Dette blir vurdert som ei eingongsløyving, og det er forventa at prosjektet må finne ei meir langsiktig finansieringsløyving om prosjektet skal fortsette etter 2024.

**Vedlegg i saken:**

16.03.2022

Vedlegg - Greenspot Mongstad - samarbeidsavtale

1709358



**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 28.03.2022

Saksframlegg

<b>Saksnr.</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
060/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

### **Melding/orientering til kommunestyret 07.04.2022**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**  
Meldinga vert teke til orientering.

**Politisk handsaming**  
Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-034  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 11.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/22	Utval for helse og omsorg	22.03.2022
024/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	22.03.2022
037/22	Utval for areal, plan og miljø	23.03.2022
013/22	Utval for næringutvikling og drift	23.03.2022
043/22	Alver formannskap	24.03.2022
061/22	Alver kommunestyre	07.04.2022

## Rolle og arbeidsform for politiske styringsgrupper

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Politiske styringsgrupper i Alver skal ha to møteformar, vedtaksmøte og arbeidsmøte, slik det er lagt fram i saka.

### Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 22.03.2022:

#### Handsaming:

Framlegg frå Anna Nordlund-SV:

Vedtaksmøter skal alltid streames. Arbeidsmøter skal streames dersom det er teknisk utstyr tilgjengeleg.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (Marie Færø-Uavh, Anna Nordlund-SV, Marit-Gro Berge-SV)

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 4 røyster (Christel Villanger Haaland-H, Anne Karin Angelskår Eknes-Krf, May Britt Vågenes Gjerde-Sp, Jostein Borlaug-Ap)

### OKK- 024/22 utfale:

Ingen merknader.

### Utval for helse og omsorg 22.03.2022:

#### Handsaming:

Utvalet slutta seg samrøystes til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

### HO- 010/22 utfale:

Utvalet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

### Utval for areal, plan og miljø 23.03.2022:

#### Handsaming:

Endringsframlegg frå Anne-Grete Eide-Ap:

*Endra setning : Arbeidsmøta skal i hovudsak ikkje strøymast.*

*Endre oppsummert til referat frå møta.*

Kommunedirektøren sitt framlegg og framlegget frå Anne-Grete Eide-Ap vart samrøystes vedteke.

**APM- 037/22 uttale:**

Politiske styringsgrupper i Alver skal ha to møteformar, vedtaksmøte og arbeidsmøte, slik det er lagt fram i saka med endra setning slik: Arbeidsmøta skal i hovudsak ikkje strøymast.

Endre oppsummert til referat frå møta.

**Utval for næringsutvikling og drift 23.03.2022:**

**Handsaming:**

Utvalet slutta seg samrøystes til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

**ND- 013/22 uttale:**

Utval for næringsutvikling og drift sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

**Alver formannskap 24.03.2022:**

**Handsaming:**

**Framlegg frå KRF, AP, SP og H ved A.Byrknes-KRF:**

Styringsgruppemøtene skal ha sakspapirer, det skal først referat/oppsummering og styringsgruppa kan gjere vedtak i møtet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Framlegg frå M.Klementsens-uavh.:**

Alle politiske møter skal straumast på dei faste møtstedene. Dette grunna auka oopenheit for våre innbyggjarar.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (M.Klementsens-uavh., M.Færø-uavh.og L.Johnsen-MDG)

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

**FO- 043/22 innstilling:**

Styringsgruppemøtene skal ha sakspapirer, det skal først referat/oppsummering og styringsgruppa kan gjere vedtak i møtet.

**Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i utval for oppvekst, kunnskap og kultur, utval for helse og omsorg, utval for næringsutvikling og drift, utval for areal, plan og miljø,

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Bakgrunn**

Alle planar, utviklingsprosjekt og investeringsprosjekt med politisk styring skal vere prosjektorganisert med ei politisk styringsgruppe. Det er reglement for politisk styringsstruktur som definerer kva politisk utval som skal vere politisk styringsgruppe for ulike prosessar. Prosessane blir styrt gjennom reglement og eigen metodikk, og dette blir gjort for å klargjere roller og ansvar i ein definert og avgrensa utviklingsprosess.

I rolla som politisk styringsgruppe skal dei politiske utvala vedta prinsipp, rammer og avgrensing som er styrande for arbeidet med prosjekt og planar. Styringsgruppene skal primært ta avgjerder ved definerte faseovergangar, men kan også ta avgjerd undervegs i prosessen som er styrande for vidare arbeid.

Erfaringar frå større investeringsprosjekt og planarbeid har vist at det ofte er behov for å ha dialogbaserte drøftingar undervegs i styringsgruppene. Dette kan vere diskusjonar rundt ulike problemstillingar eller vegval, der arbeidsforma er meir uformell. Føremålet er å ha dialog og arbeide saman. Tilbakemelding frå arbeidet i dei politiske styringsgruppene har vist at det kan vere uklart når styringsgruppene arbeider saman og når det blir tatt avgjerder. Styringsgruppene kjem ofte med politiske signal frå ulike drøftingar, men dette er i prinsippet

ikkje formelle vedtak som er styrande for prosessen.

### **Vurdering**

For å tydeleggjere rolle og arbeidsform til politiske styringsgrupper, ser kommunedirektøren behov for å etablere to ulike møteformar:

1. Vedtaksmøte
2. Arbeidsmøte.

I vedtaksmøte har dei politiske styringsgruppene i prinsippet den same rolla som i ordinære møte, berre at vedtaka omhandlar eit konkret prosjekt eller ein plan. Vedtaksmøta skal førebuast på same måte som eit ordinært møte med skrivefristar, saksførebuing og innsyn. I tillegg skal det skal førast protokoll som følgjer anna dokumentasjon i prosessen. Vedtaksmøta blir strøyma slik som ordinære utvalsmøte. Vedtaksmøte blir gjennomført ved faseovergangar og undervegs i prosessen ved behov. Det kan vere tilrådeleg å ha vedtaksmøte undervegs i ein prosess som legg nye prinsipp og rammer for vidare arbeid.

I arbeidsmøte skal styringsgruppene samlast for å diskutere ulike problemstillingar som er relatert til eit prosjekt eller ein plan. Det skal sendast ut innkalling med agenda før arbeidsmøte, og tid for utsending blir avklart i samråd med utvalsleiar. Det skal kome klart fram på innkalling om det er eit arbeidsmøte eller eit vedtaksmøte. Arbeidsforma og dialogen i arbeidsmøta vil vere mindre formell enn i vedtaksmøta, og styringsgruppa skal ikkje gjere vedtak. Administrasjonen vil lage ei oppsummering frå arbeidsmøta for å notere ned kva tema som er drøfta. Oppsummeringa skal følgje anna dokumentasjon i prosjektet. Arbeidsmøta skal ikkje strøymast.

Det vil også vere mogleg å ha arbeidsmøte og vedtaksmøte i same styringsgruppemøte, og dette blir presisert tydeleg i innkalling og førebuing til møtet.

Presisering av arbeidsform for dei politiske styringsgruppene vil bli lagt inn i reglement for prosjektstyring.